


# NISSEDAL KOMMUNE



ÅRSMELDING 2014

**Innhald:**

1	Innleiing .....	s. 2
---	-----------------	------

**Årsberetning**

2	Organisering av kommunen (politisk og administrativ).....	s. 3
2.1	Organisasjonskart .....	s. 3
2.2	Politisk organisering .....	s. 4
2.3	Administrativ organisering .....	s. 4
2.4	Interkommunalt samarbeid .....	s. 4
3.	Investeringsrekneskapen .....	s. 5
4.	Driftsrekneskapen .....	s. 8
5	Balansen .....	s.13
5.1	Gjeld.....	s.13
5.2	Arbeidskapital .....	s.13
5.3	Uteståande fordringar .....	s.13
5.4	Fond .....	s.14
6.	Rapport - Finansforvaltning.....	s.15
7.	Aktivitetsnivået på utvalde område .....	s.16
8.	Likestilling .....	s.17
8.1	Kjønnsfordeling .....	s.17
8.2	Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid .....	s.18
8.3	Lønsnivå .....	s.18
8.4	Stillingsbrøk .....	s.19
8.5	Vidareutdanning – kompetanseheving .....	s.19
8.6	Etnisitet og nedsett funksjonsevne .....	s.20
9.	Fråvær .....	s.20
10.	Etisk standard .....	s.20
11.	Årsverk/løn/revisjon .....	s.20
12.	Vurdering av økonomisk situasjon/utvikling.....	s.21

**Diverse:**

13.	Årsrapport AMU.....	s.22
-----	---------------------	------

**Rapportering på mål og gjennomføring av tiltak jf. kommuneplan og handlingsprogram:**

13.	Nissedal kommune sin visjon.....	s.25
14.	Sentral leiing.....	s.25
15.	Stabsfunksjonar.....	s.30
16.	Eining for skule.....	s.37
17.	Eining for barnehage.....	s.46
18.	Eining for kultur.....	s.49
19.	Eining for helse og habillitering.....	s.56
20.	Eining for omsorg.....	s.59
21.	Eining for teknisk drift.....	s.64
22.	Interkommunalt plankontor.....	s.69
23.	NAV Nissedal.....	s.72
24.	Kostra-tal med kommentarar.....	s.77

**Vedlegg:**

Tilstandsrapport 2014 teknisk eining.....	s.84
Årsmelding 2014 – Nissedal kyrkjelege fellesråd.....	s.102

## 1. Innleiing

I arbeidet med økonomiplan for 2014-2017 og budsjett 2014 synte det seg at Nissedal kommune hadde eit svært vanskeleg utgangspunkt for å kunne vidareføre det etablerte driftsnivået. Det mangla 6,6 mill. for å få driftsbudsjettet i balanse, gitt at alle politiske vedtak skulle gjennomførast. Bakgrunnen var samansett, men svikt i rammetilskotet på grunn av nedgang i aldersgruppa 6-15 år, bortfall av skjønsmidlar og redusert utbytte frå VTK gav eit vesentleg avvik i sentrale inntekter. På kostnadssida var det spesielt pensjonsutgiftene og avdrag på lån som vart høgare enn lagt til grunn i tidlegare økonomiplan.

Rådmannen skisserte 2 alternativ, eit med strukturendringar innan skule og barnehage og eit med å utvide eigedomsskatte-grunnlaget til også å gjelde bustader, fritidsbustader og anna næringsverksemd. Kommunestyret valde det siste.

For å kunne innføre slik eigedomsskatt i 2015, måtte det gjerast eit omfattande takseringsarbeid i 2014. Kostnadene ved dette måtte dekkast innanfor allereie pressa driftsrammer, og ein må kunne seie at budsjettet for 2014 vart særdeles stramt. Ein del tiltak og tenester som det var mogleg å ta bort bare for eit år, vart "lagt på is". I tillegg vart driftsrammene redusert med generelle kutt, der rådmannen fortløpande måtte vurdere tiltak. Spesielt vart det peika på å la ledige stillingar stå vakant.

Nissedal har dei siste åra hatt ein positiv auke i folketalet, men i løpet av 2014 gjekk det noko ned att. 01.01.2014 var det 1.451 innbyggjarar i kommunen, men ved utgangen av året var dette gått ned til 1.439. Ein må forvente at talet svingar litt, og det er heller ikkje å forvente at den relativt store veksten siste åra ville halde fram.

To prosjekt som skal legge til rette for vidare vekst i folketalet er etablering av prøvebustadar og utbygging av Tveitsund bustadfelt. Det er i 2014 ferdigstilt 2 prøvebustader, men etter relativt omfattande marknadsføring stod dei diverre tome ved utgangen av året. I Tveitsund bustadfelt er det ved utgangen av året seld 3 tomter av totalt 10.

Nissedal kommune satsar framleis stort innan VA-sektoren, der felles-prosjektet på Gautefallheia saman med Drangedal kommune har hatt høg aktivitet i 2014, og vil bli ferdigstilt våren 2015. I tillegg er det fleire prosjekt for å knytte til fleire abonnentar, både gjennom å erstatte private vassforsyningsanlegg med kommunal forsyning og gjennom å oppgradere lågstandard-hyttefelt til høg standard, i samarbeid med utbyggingsinteresser.


Samhandling med andre-line-tenesta (samhandlingsreforma) går svært bra for kommunen. I 2014 vart det gjort avtale om kommunalt tilbod om øyeblikkeleg hjelp med Arendal kommune. Sengeposten er på Myra-tunet. Rett etter at avtale starta, er det likevel starta opp eit utgreiingsarbeid med sikte på å etablere slikt tilbod knytt til eige omsorgssenter. Dette kan vere klokt og kostnadseffektivt, og i tråd med samhandlingsreforma sin ide'.

Hausten 2014 gjorde kommunestyret vedtak om å busette inntil 30 flyktningar i 2015-2017. Dette vil naturleg nok stille store krav til organisasjonen i gjennomføring av både introduksjonsprogram og vellukka busetting og integrering. Arbeidet vil bli lagt opp som eit breitt fagleg samarbeid mellom einingane, og ikkje minst med frivillige lag og organisasjonar.

Nissedal kommune har hatt som mål å få det legemeldte sjukefråværet under 5 %. Dette skjedde i 2014 då det vart 4,86 %. Dette er svært gledeleg, og understrekar at kommunen som arbeidsplass er prega av godt arbeidsmiljø og stor arbeidsglede. Dette gjev seg utslag i høgt jobbnærver.

## 2. Organisering av kommunen (politisk og administrativt)

### 2.1 Organisasjonskart



## **2.2 Politisk organisering**

I tillegg til organisasjonskart kjem ulike råd og utval, slik som eldrerådet, råd for funksjonshemma med fleire.

Formannskapet har funksjon som eit "driftsstyre", og har møter ca. kvar 3. veke. Meir prinsipielle saker og saker av litt "tyngde" skal handsamast av kommunestyret. Saker som ikkje er knyt til plan, næring og økonomi skal i prinsippet handsamast i kommunestyret, utan å gå vegen om formannskapet. Kommunestyret hadde 8 møte i 2014.

## **2.3 Administrativ organisering**

Nissedal kommune er organisert i 6 driftseiningar og stab-/støttefunksjonar. Rådmannen si leiargruppe består i tillegg til han sjølv, av kommunalsjef økonomi og kommunalsjef personal og utvikling. Sistnemnde stilling har stått vakant sidan 31.august 2014, dels for å halde driftsramme, og dels for å vurdere oppgåver og organisatorisk plassering.

Eining for skule omfattar grunnskuleundervisning, sfo-tilbod og vaksenopplæring. I tillegg er tilsyns-mynde etter Lov om barnehage lagt til denne eininga.

Eining for omsorg omfattar omsorgssenter, heimesjukepleie og heimehjelp. Tenestekontor for sakshandsaming etter Helse- og omsorgslova ligg også i denne eininga.

Eining for barnehage omfattar 4 kommunale barnehagar og ev. oppfylging av private barnehagar. I 2014 var det ingen private barnehagar i Nissedal.

Eining for helse og habilitering omfattar tenester for funksjonshemma, legetenester, jordmor, helsestasjon, fysioterapi, dagsenter og psykiatri.

Eining for kultur omfattar musikk- og kulturskule, bibliotek, kulturvern/samlingar, kino, ålmenne kulturtiltak, fritidsklubb, rusfri ungdom og ungdomsrådet.

Eining for teknisk drift omfattar drift av alle kommunale bygg, (adm.bygg, skular, barnehagar, omsorgssenter, omsorgsbustader, utleigebustader, dagsenter m.m.), kloakkanlegg, vassforsyning, feiing, kommunale vegar, brannvern, idrettsanlegg/grøntanlegg.

Plankontoret omfattar forvaltningsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal.

NAV omfattar økonomisk sosialhjelp, arbeidsavklaringspengar, oppfølging av arbeidsledige og sjukmeldte.

Under fellestenesta ligg ulike administrative oppgåver innan økonomi, personal, post/arkiv, resepsjon. I tillegg ulike interkommunale samarbeid som barnevern og landbrukskontor.

I stabsfunksjonar ligg ulike oppgåver innan næring, reiseliv/turisme, ikt, rekneskap, frivilligsentralen og trygge Nissedal.

## **2.4 Interkommunalt samarbeid m.m.**

Kommunen deltek i ei rekke samarbeid med andre kommunar om tenesteyting. både i form av egne selskap (IKS) og gjennom samarbeidsavtalar (sjå også Note 0 i Årsrekneskap 2014).

### Interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid (§ 27)

- Renovasjon vert utført av IATA (IKS). Deltakande kommunar er Nissedal, Drangedal, Nome og Åmli.
- Alle kommunane i Vest-Telemark samarbeider om førebyggjande brannvern i eige IKS
- Vest-Telemarkrådet (§ 27 selskap)
- Telemark kommunerevisjon IKS
- Telemark kontrollutvalssekretariat IKS
- Ika Kongsberg IKS
- PPT IKS.

### Samarbeidsavtalar

- Nissedal og Kviteseid kommunar har eit utstrakt fagleg samarbeid. Plankontoret i Nissedal utfører bygningskontroll, oppmåling og arealplanlegging for begge kommunane. Landbrukskontoret i Kviteseid er felles landbrukskontor for Kviteseid og Nissedal. Nissedal kommune fører løn for Kviteseid kommune og Kviteseid kommune fører skatterekneskapen for Nissedal kommune.
- Alle seks kommunane i Vest-Telemark har felles Barnevern med Kviteseid som vertskommune
- Nissedal kommune har samarbeidsavtale med Arendal kommune om Legevakt.
- Nissedal kommune har ei rekke samarbeidsavtalar med STHF i samband med Samhandlingsreforma. Desse avtalane tek vare på Nissedal sitt behov for sjukehusstenester frå SSHF.
- Nissedal kommune deltek i eit innkjøpssamarbeid.
- Nissedal kommune samarbeider med Drangedal kommune om VA-anlegg på Gautefallheia.

### **3. Investeringsrekneskapet (jf. rekneskapsskjema 2A/2B og note 18)**

Investeringsrekneskapet er i stor grad prega av stor aktivitet innan VA-sektoren, både som vertskommune for felles VA-anlegg på Gautefallheia, og ved egne prosjekt.

I opphavleg budsjett var det lagt inn sum investeringar med totalt 66,4 mill. Av dette var hovudtyngda knytt til VA-anlegg på Gautefallheia (56,9 mill.), som Drangedal kommune også er med å finansierer (26,4 mill). Dette samarbeidet er organisert som eit interkommunalt samarbeid med eige styre og Nissedal kommune som vertskommune, og inngår difor som del av Nissedal sitt investeringsbudsjett/-rekneskap. Styret har fått økonomiske fullmakter innanfor ei samla prosjekt-ramme på 113 mill.

Gjennom året er investeringsbudsjettet justert i k-sak 5/14, 25/14, 29/14, 65/14 og 91/14. Det vert i det etterfylgjande gjort greie for dei vesentlege endringane og avvik i rekneskapet.

#### 0126 – Startlån

Opphavleg låneramme på kr 767.000, som var ledig lån frå Husbanken frå tidlegare år, vart gjennom året styrka med kr 750.000, finansiert med nytt låneopptak hjå Husbanken. Budsjettet vart mot slutten av året redusert med unytta løyving på kr 652.000. Ekstraordinær innbetaling av avdrag frå lånetakar vart avsett til låneavdragsfond.

#### 0149 – Kjøp og sal av aksar

Opphavleg løyving til eigenkapitalinnskotet i KLP måtte styrkast med kr 28.000. Det var her også budsjettert med inntekter ved sal av bustad-tomt(er), noko ein mot slutten av året såg ikkje ville bli realisert. Inntektene var budsjettert avsett til ubunde investeringsfond, som då vart tilsvarande redusert.

0521 – Slokedalsfjellet – anleggsbidragsavtale trinn 3

Opphavleg løyving på kr 51.000 gjeld tilbakehalde slutt-vederlag til utbyggar, i påvente av ferdigattest og sluttdokumentasjon. Til trass for at rådmannen i 1.tertial rapporterte at dette skulle bli prioritert, så har ein ikkje fått avslutta saka i 2014, og løyvinga vart trekt tilbake i K-sak 91/14.

0541 – Tveitsund bustadfelt – Trinn 1

Dette prosjektet vart rapportert ferdig i 2013, men i desember 2014 kom det krav om anleggsbidrag frå Vest-Telemark Kraftlag AS på kr 171.000, noko det ikkje var sett av midlar til i budsjett 2014.

0542 – Vass- og kloakknett i Bakkane bustadfelt på Felle

Opphavleg løyving på kr 31.000 gjeld tilbakehalde slutt-vederlag til utbyggar, i påvente av ferdigattest og sluttdokumentasjon. Til trass for at rådmannen i 1.tertial rapporterte at dette skulle bli prioritert, så har ein ikkje fått avslutta saka i 2014, og løyvinga vart trekt tilbake i K-sak 91/14.

0544 – Tambaga – Fleirbrukshuset

Det vart løyva kr 3.681.000 i budsjett 2014 til bygging av trimrom. I 1.tertial rapporterte rådmannen at det vart vurdert sett i samheng med andre tiltak (miljøretta helsevern), og i 2.tertial vart det rapportert at arbeidet var lyst ut på anbod, men at gjennomføring ikkje ville kunne skje før i 2015. Unytta løyving i 2014 vart difor trekt tilbake i K-sak 91/14.

0545 – Telefonsentral – oppgradering/ny

Det var i budsjett 2014 løyva kr 250.000 til dette prosjektet. Felles anbudsprosess i Vest-Telemark resulterte i at alle kommunane skal bytte system i løpet av 2014-2016, med Itet AS som leverandør. Nissedal kommune er fyrst ute med realisering mars 2015. I arbeidet vart det avdekka ein del feil og manglar med det interne nettverket i mange av bygga, og ein måtte gjere ein del tiltak som førte til behov for tilleggsløyving i K-sak 91/14. I desember 2014 vart det også klart at regionale skjønnsmidlar ville bli nytta til dette prosjektet, og Nissedal fekk kr 153.000, noko budsjettet ikkje tok høgde for. Rekneskapet syner at bruk av lån er tilsvarande redusert.

Prosjektet vil trenge tilleggsløyving i 2015 for å bli fullført.

0548 og 0552 – Nye bilar til heimesjukepleia og VA-drift

Opphavleg budsjett kunne justerast noko ned, etter at bilane faktisk var kjøpt. I skjema 2B kan det sjå ut som om bilen til heimesjukepleia kosta meir enn løyving, men dette skuldast manglande splitting av mva i budsjettet.

0550 – Prøvebustader

Det var i budsjett 2014 løyva kr 4.123.000 til bygging av 2 prøvebustader. Løyvinga vart redusert med kr 748.000 gjennom året, basert på nye kostnads-anslag. Faktisk gjennomføring vart kr 31.000 over gjeldande løyving, som må seiast å vere eit mindre avvik.

0551 – Overvakingсанlegg – VA-drift

I samband med mykje ny infrastruktur såg ein også behov for å erstatte dei gamle installasjonane til nytt, felles overvakingssystem. Det vart løyva kr 641.000 i budsjett 2014, og det vart styrka med kr 68.000 som var unytta midlar frå tidlegare år. Rekneskapet syner ei overskriding av løyvinga på kr 186.000.

0554 – Hovudleidning til Solheia og Utsjå hyttefelt

Det vart i K-sak 5/14 løyva kr 5.250.000 til vass- og kloakkleidning. Etter anbudsprosess kunne denne justerast ned i 1.tertial til kr 3.500.000. I 2.tertial vart prosjekt-ramma ytterlegare justert ned, til kr 2.000.000. Av dette meinte ein at 1.000.000 ville bli gjennomført i 2014, resten i 2015.

0555 – Meirkostnad VA-leidning – Treungen-Haukerhyl

Nissedal kommune hadde ønskje om at felles-leidningen til Gautefallheia skulle leggest slik at det vart lagt til rette for nye abonnentar i Treungen Sør. Meirkostnaden ved dette må Nissedal dekke, og det vart løyva kr 2.000.000 til dette i K-sak 5/14. I 1.tertial rapporterte rådmannen at prosjektet såg ut til å bli realisert til ein kostnad på om lag 1.000.000, og løyvinga vart redusert tilsvarende. I 2.tertial såg ein at det ikkje var teke høgde for kloakkpumpestasjon, og det måtte løyvast kr 750.000 att. Rekneskapet syner eit mindreforbruk på ca. 291.000, men det vil kunne kome noko meir kostnader ved slutt-synfaring og produksjonsstart i 2015.

0556 – Agresso-modul – A-melding

For å tilpasse seg til statlege pålegg f.o.m. 01.01.2015 vart det i 1.tertial løyva kr 150.000 til innføring av "A-melding". Det vart etter kvart klart at Nissedal kommune skulle vere vertskommune også for 3 andre kommunar under prosjektet, og investeringsramma vart i K-sak 91/14 auka til kr 430.000, men der kr 357.000 skulle refunderast av andre kommunar. Ved utgangen av 2014 har prosjektet eit mindreforbruk på kr 121.000, men dette er kostnader som vil kome i 2015.

0557 – Kjøp av ferjebustad

Det vart i K-sak 29/14 vedteke å nytte forkjøpsretten, og kjøpe ferjebustaden tilbake. Løyvinga vart vedteke på grunnlag av forhandla kjøpesum, og det er ingen avvik.

0558 – Kloakkpumpestasjon – Treungen kyrkje

I 2.tertial løyva kommunestyret midlar til bygging av kloakkpumpestasjon for å legge til rette for nye abonnentar i Homme-grenda. Ved gjennomgang av prosjektet i K-sak 91/14 såg det ut til at løyvinga måtte aukast med kr 50.000 til 800.000, men ein oppdaga i årsoppgjeret at 50% av kostnaden eigentleg høyrde til eit anna prosjekt. Resterande kostnad på om lag 400.000 vil i staden kome i 2015.

0559 – Utbyggingsavtale – Felehovet Nord – Felt A

Investeringsbudsjettet vart i 2.tertial justert for inngått avtale med Gautefallheia Utvikling AS. Eit mindreforbruk på kr 525.000 skuldast forsinka framdrift, og tilsvarende sum må løyvast i 2015. Kommunen sin del av finansieringa, kr 200.000, står ved lag.

0560 – Sal av Kilen-huset

Skjema 2B syner bare kostnader ved salet, og det er ingen avvik. Salgssum er også i tråd med budsjett.

0566 – Utbyggingsavtale – Naurak – felt1

Kommunestyret godkjente utbyggingsavtala i K-sak 75/14, med ei kostnadsramme på kr 1.042.000. Diverre kom ikkje dette med ved justering av budsjettet i K-sak 91/14, og prosjektet har eit meirforbruk på kr 380.000 ved årsavslutning 2014. Beløpet er refundert av Ugstad Eiendom, etter avtala. Resterande kostnad (og refusjon) vil kome i 2015.

Prosjekt underlagt styret for Gautefallheia VA – interkommunalt samarbeid

Dei prosjekta dette gjeld, er i intern oppfølging vurdert å vere styret sitt ansvar innafor ei samla kostnadsramme vedteke av kommunestyra i Nissedal og Drangedal. Det er såleis den samla kostnadsramma, og endring av denne, kommunestyret har teke stilling til i sine budsjett-vedtak, og ikkje korleis styret har innretta sitt interne budsjett for prosjekt-oppfølging.

Som nemnd innleiingsvis utgjorde desse prosjekta kr 56,9 mill. av dei samla investeringane i opphavleg budsjett for 2014. Styret for Gautefallheia VA la den 10.desember 2014 fram forventa prosjektrekneskap for 2014, og forventa totalkostnader etter fullføring i 2015. Nissedal sin del av felleskostnadene i 2014 vart redusert frå kr 30,5 mill. til kr 21,1 mill. og

forventa kostnader i 2015 var 6,67 mill. På fleire område vart framdrifta ikkje som tenkt og skjema 2B syner eit mindreforbruk på kr 4,76 mill. Dette er kostnader som i staden vil påløpe i 2015.

#### **4. Driftsrekneskapen (jf. økonomisk oversikt drift og rekneskapsskjema 1A/1B og note 17)**

##### **Økonomisk oversikt drift**

Oversikten syner at driftsinntektene har hatt ein auke på 0,4% frå 2013 til 2014. I driftsinntekter ligg både salsinntekter, midlar til ordinær drift og ev. øyremerka midlar til ymse føremål, så det kan vere naturlege svingingar frå år til år. Men det gjev likevel eit uttrykk for at det samla handlingsromet til Nissedal kommune har hatt ein realnedgang.

Driftsutgiftene ligg på om lag same nivå som i 2013. Justert for løns- og prisvekst betyr dette ein realnedgang, noko også budsjettet la opp til. Til trass for at lønskostnadene gjekk ned frå 2013 til 2014 så auka dei sosiale kostnadene (pensjon) ganske betydeleg. Dette var forventa, og endeleg aktuarberekna pensjonskostnad samsvara godt med føresetnadene i gjeldande budsjett.

Budsjettet for 2014 la opp til å kutte ein del tiltak og tenester for 1 år, m.a. for å gje rom for takseringskostnader knytt til å utvide eigedomsskattegrunnlaget frå 2015.

Eit negativt netto driftsresultat på kr 55.000 er eit godt stykke unna normtalet på 1,75% av driftsinntektene, og kommunen har endå eit år svekka sin "formue". Dei siste åra har eit svakt netto driftsresultat blitt kompensert med bruk av disposisjonsfond. Pr. 31.12.14 er alle slike fond bruka opp. Tala er likevel eit resultat av planlagt drift og gjeldande økonomiplan, der innføring av eigedomsskatt på hus, hytter og anna næring enn verk og bruk i 2015 vil gje ei betydeleg inntektsauke.

Rekneskapsmessig meirforbruk på kr 733.000 vert kommentert under.

##### **Rekneskapsskjema 1A – Sentrale inntekter og avsetnader, finansinntekter og –utgifter**

###### Sentrale inntekter

Anslaget for sentrale inntekter vart i 2.tertial justert opp med kr 495.000 (skatteanslaget auka med kr 1.295.000 og anslaget for rammetilskot gjekk ned med kr 800.000).

I K-sak 91/14 vart det mot slutten av året gjort nye anslag, og i hovudsak vart justeringane i 2.tertial reversert, samt at konsesjonsavgiftene kunne aukast med kr 100.000.

Rekneskapet syner ein svikt i skatteinntekter/rammetilskot på kr 450.000.

###### Netto finansinntekter/-utgifter

Netto finansutgifter er kr 100.000 høgare enn budsjettert. I hovudsak skuldast dette ei ekstra avdragsutgift på kr 248.000 som fylgje av berekning av "minimumsavdrag" på slutten av året. Noko av meirkostnaden vart kompensert med lågare renteutgifter.

###### Netto avsetnader

Det var budsjettert med å dekke inn tidlegare års meirforbruk på kr 68.000, men dette vart stroke som fylgje av også meirforbruk i 2014. Det synt seg også at det var feil i gjeldande budsjett, slik at det var budsjettert med å bruke meir disposisjonsfond enn det ein hadde til disposisjon. Samla avvik i netto avsetnader var ein inntektssvikt på kr 214.000.

### Til fordeling drift

Til fordeling drift (frå skjema 1B) syner godt samsvar mellom faktiske netto kostnader og tildelt ramme, og at det såleis er svikt i overordna inntekter, større avdrag på lån og feil i budsjettert bruk av disposisjonsfond som er årsak til rekneskapsmessig meirforbruk. Det er relativt store avvik mellom dei ulike rammeområda, noko som vert kommentert under.

### Driftsrammene (jfr. rekneskapsskjema 1B)

Note 17 i rekneskapet syner endringane i driftsrammene gjennom året, og faktisk driftsresultat for kvart rammeområde for året. Dei største endringane og avvika vert i det etterfylgjande kommentert. Endringar av meir teknisk karakter som t.d. avskrivningar og verknad av lønsoppgjer for kvart rammeområde, vert ikkje kommentert i særleg grad. Det er viktig å merke seg at rekneskapsresultat ikkje nødvendigvis seier noko om oppnåing av mål eller effektivitet. Rådmannen fremmar eiga sak etter at rekneskapet er godkjent, som gjer ei nærare vurdering av det enkelte rammeområde sitt rekneskapsresultat.

### Felles

Rammeområdet for felles omfattar rådmannens leiargruppe og ein del stabsfunksjonar og felleskostnader. Felles lønspott og avskrivningar ligg også i tildelt ramme ved starten av året, men vert fordelt ut på dei andre rammeområda av rådmannen etter fullmakt. Av denne grunn er ramma betydeleg redusert gjennom året.

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Felles lønspott på 2,1 mill vart redusert til 1,7 mill, og samsvarer godt med kva rådmannen har styrka driftsrammene med gjennom året.
- Reduksjon av ramme med kr 84.000 som skulle knytast opp mot å halde stillingar vakant.
- Styrking av lønsbudsjettet som fylgje av auka pensjonskostnader med kr 78.000.
- Auke i konsesjonskraftinntektene på kr 320.000 som fylgje av endra periodiseringsprinsipp.
- Løyving av kr 55.000 til særleg annonsering av prøvebustader.
- Auka avsetnad av konsesjonsavgiftene til kraftfondet med kr 100.000.

Felles har eit meirforbruk på kr 161.000. Ein meirkostnad knytt til takseringsarbeidet for eigedomsskatt på kr 400.000 og meirkostnader til barnevernstiltak på kr 180.000 er i stor grad dekkja inn ved at anna generell drift har lågare kostnader enn budsjett.

### Eining for skule

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Eininga fekk redusert si ramme med kr 194.000 som skulle knytast opp mot å halde stillingar vakant.
- Eininga fekk krav om å dekke inn kr 123.000 av sitt meirforbruk i 2013.
- Gjennom året vart refusjon for gjesteelevar auka med kr 210.000 og statstilskotet til vaksenopplæring auka med kr 537.000. Sistnemnde tilskot er basert på talet på dei som har krav på slik opplæring, der 1-3 personar gjev kr 180.000 i grunntilskot, medan 4-150 personar gjev kr 560.000 i grunntilskot. Nissedal hadde 4 personar.
- Fjerning av ordning med gratis frukt vart reversert.
- Det vart etablert særleg skyssordning.
- Fleire saker om behov for styrking av ressursar, i sum kr 200.000.
- Auka pensjonskostnader med kr 186.000.

Eining for skule har eit tilnærma null-resultat, og ein kan ikkje sjå spesielle interne budsjett-avvik.

### Eining for barnehage

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Eininga sin del av "vakanse-innsparing" var reduksjon i ramme med kr 126.000.
- Styrking av ramme med kr 192.000 som følgje av bemanningsauke (barnehagegarantien).
- Auka pensjonskostnader med kr 185.000.

Eining for barnehage har eit mindreforbruk på kr 186.000 som har si forklaring i nøktern drift.

### Eining for kultur

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Eininga sin del av "vakanse-innsparing" var reduksjon i ramme med kr 19.000.
- Auka pensjonskostnader med kr 27.000.

Eining for kultur har eit meirforbruk på kr 33.000 som fordeler seg med mindre summar på mange tenestoområde.

### Eining for helse og habilitering

Dei viktigaste endringane som gjaldt heile eininga gjennom året var:

- Eininga sin del av "vakanse-innsparing" var reduksjon i ramme med kr 213.000.
- Eininga fekk krav om å dekke inn kr 81.000 av meirforbruk i 2013.
- Auka pensjonskostnader med kr 375.000.

Dei viktigaste endringane gjennom året innan helsetenestene var:

- Løyving til nytt datasystem på legekantoret kr 138.000.
- Auka kostnader til legevakt kr 150.000.
- Endringar i driftsavtale med Nisser fysioterapi – meirkostnad på kr 86.000.
- Auka inntekter ved legekantoret kr 385.000
- Reduksjon i inntekter knytt til jordmortenesta kr 51.000
- Bortfall av statstilskot til rusførebyggande tiltak kr 70.000

Dei viktigaste endringane gjennom året innan habiliteringstenestene var:

- Etablering/utviding av tenestenivå etter enkeltvedtak kr 525.000.
- Auka anslaget for statstilskot til ressurskrevjande brukarar med kr 283.000.
- Bortfall av refusjon frå barnevernet kr 510.000.

Eininga har eit betydeleg mindreforbruk på kr 898.000, og det er fleire årsaker.

Innan helsetenestene så ser det ut som om det er relativt store avvik innan helsestasjon og psykiatri, men desse tenestene må sjåast samla, då noko av lønsutgiftene på psykiatri eigentleg er budsjettert innan helsestasjon (psykiatri innan barn og unge).

På legekantoret er det verdt å merke seg ein relativt kraftig auke i refusjonsinntektene dei siste åra. Dette kjem som resultat av opplæring og fokus på temaet, samt investering i nytt legesystem.

Samla lønskostnader innan habilliteringstenestene (Kåsa og Mila) er kr 932.000 lågare enn budsjett.

Statstilskotet til ressurskrevjande brukarar blir som direkte fylgje av dette redusert, men det er andre moment som veg opp for noko av dette, så netto reduksjon i tilskotet i høve til gjeldande budsjett er kr 212.000.

#### Eining for omsorg

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Eininga sin del av "vakanse-innsparing" var reduksjon i ramme med kr 255.000.
- Eininga måtte dekke inn meirforbruk frå 2013 med kr 146.000.
- Auka pensjonskostnader med kr 370.000.
- Auka inntektsanslaget for opphaldsbetaling/sal av plassar med kr 110.000.

Eininga har eit meirforbruk på kr 582.000. I stor grad kan dette forklarast med at ein ikkje har klart å gjennomføre tiltak for "vakanse-innsparing" og dekking av meirforbruk frå 2013. Dette må sjåast i lys av at behovet for heimetenester med lang reisetid for personellet har auka, og med krav til å selje plassar til andre kommunar har ein heller ikkje vurdert at bemanning på institusjonstenestene har kunna blitt redusert ytterlegare.

#### Eining for teknisk drift

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Eininga sin del av "vakanse-innsparing" var reduksjon i ramme med kr 60.000.
- Budsjettføresetnaden om reduserte eigedomsavgifter for offentlege bygg vart reversert, og driftsramma auke md kr 200.000.
- Feiegebyret vart auka med 20%, og auka inntektsanslaget med kr 110.000.
- Auka pensjonskostnader med kr 86.000.

Eininga har eit meirforbruk på kr 311.000. Ein del av dette kan forklarast med auka straumkostnader, både generelt og på grunn av endra periodiserings-prinsipp for straumutgifter. Dette utgjør om lag kr 170.000. Andre større moment er meirkostnader til strøing, lønskostnader til brannmannskap på lovpålagt kurs og naudsynt vedlikehald på fleirbrukshuset.

#### Interkommunalt plankontor

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auka pensjonskostnader med kr 63.000.
- Auka refusjon frå Kviteseid som fylgje av pensjonskostnader kr 41.000.
- Redusert inntektsanslag med kr 164.000.

Plankontoret har eit mindreforbruk på kr 238.000 som i stor grad skuldast at inntektene vart høgare enn budsjett. Dette skuldast ein oppgang i aktiviteten dei siste månadene. Det må også kommenterast at plankontoret har internfakturert for betydeleg arbeid med innføring av eigedomsskatt for hus og hytter, til saman kr 250.000.

#### Ymse prosjekt

Rammeområdet omfattar Trygge Nissedal og Frivilligsentralen og "tilfeldige prosjekt".

Den viktigaste endringa gjennom året var at det vart sett av kr 42.000 til arkeologiske undersøkingar på Langmoen i samband med reguleringsplan for motorsenter.

Mindreforbruk på kr 33.000 fordeler seg på kr 18.000 på Trygge Nissedal og kr 15.000 på sistnemnde løyving.

#### Sjølvkostområde – Vatn og avløp (sjå også Note 13 i årsrekneskapet)

Rammeområdet omfattar direkte inntekter og utgifter, fondsavsetnad og –bruk, samt rekneskapsmessige avskrivingar.

Netto ramme er negativ og skal i grove trekk finansiere indirekte kostnader, avdrag(kalkulatoriske avskrivingar) og kalkulatoriske rentekostnader. Ramma vart gjennom året redusert med kr 40.000 basert på nye berekningar av dekningsgrader.

Rammeområdet har eit meirforbruk på kr 26.000. Samstundes må det nemnast at samla avsetnad til sjølvkostfond var kr 1.415.000 mot budsjett 983.000. Kloakk-gebyra er allereie redusert, og må truleg ytterlegare reduserast, men ein har vald å gjere dette skrittvis, etter kvart som ein får oversikt over direkte driftskostnader for den nye infrastrukturen som har blitt bygd dei siste åra.

#### Lokalt NAV-kontor

Den viktigaste endringa gjennom året var at ramma vart auka med kr 100.000 som fylgje av auke i økonomisk sosialstønad.

Rammeområdet har eit meirforbruk på kr 208.000 som i all hovudsak skuldast ein kraftig vekst i utbetalingar av økonomisk sosialstønad.

#### Næring/reiseliv

Dette rammeområdet vart etablert i 1.tertial 2014. Alle utgifter innan dette er i utgangspunktet finansiering med øyremerka midlar frå diverse næringsfond.

Eit meirforbruk på kr 19.000 skuldast noko høgare kostnader enn det som var løyva i enkeltsaker.

## 5. Balansen

### 5.1 Gjeld:

Kortsiktig gjeld var ved årsskifte 28,5 mill. Dette er ein auke på 6,4 mill. frå 2013. Langsiktig gjeld (lån) var ved årsskiftet 127 mill. mot 99 mill. i 2013.

Utvikling av lånegjeld

Alle tal i tusen	2010	2011	2012	2013	2014
Husbanken	2 924	2 750	3 311	3 860	4 358
Sparebanken Sør	6 194	5 494	4 794	4 094	4 094
Kommunalbanken	38 738	43 732	52 656	65 195	95 001
KLP Kommunekreditt	12 750	12 000	11 250	10 500	9 750
KLP	18 000	17 000	16 000	15 000	14 000
Totalt:	78 606	80 976	88 011	98 649	127 203

Den relativt store auken i lånegjeld er i all hovdesak knytt til VA-anlegg. Nissedal kommune har vedtak om 100 % dekningsgrader innan desse sjølvkost-regulerte områda, og auken i lånegjeld skal difor ikkje påverke handlingsromet for anna kommunal drift. Kommunalbanken har dei siste åra blitt hovudbank på innlån for kommunen.

### 5.2 Arbeidskapital (note 1 i rekneskapen)

Kommunen sin arbeidskapital kjem fram av sum omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen fortel om i kva grad kommunen er i stand til å dekkje laupande utgifter.

Arbeidskapital

Alle tal i 1000	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Arbeidskapital	30 112	28 535	29 905	33 569	35 456	41 606

Arbeidskapitalen har i 2014 auka betydeleg (6,15 mill.). Ein stor del av dette skuldast styrka kontantbeholdning, som igjen skuldast låneopptak som ikkje er nytta.

Det er inngått avtale om binding på innskott på 11 mill. Dette påverkar "reell" arbeidskapital, slik at likviditet nå til tider kan vere eit tema, og ein må nå i større grad taka opp lån i forkant av investeringane.

### 5.3 Utestående fordringar

Utvikling av kommunale krav. (Som er sendt gjennom faktureringssystemet)

Alle tal i 1000	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Sum restanse	483	543	360	240	476	420
Eldre enn 6 mnd	131	39	74	27	12	45

Restansar totalt har minka med kr 56 000 og eldre enn 6 mnd. har auka med kr 33 000. Skuldig sum fordeler seg til kommunale avgifter med kr 157 000, husleige/div. teknisk drift kr 24 000, barnehage/SFO kr 38 000, legerekningar kr 24 000 omsorg/Kåsa kr 16 000, kultur kr 1 000, diverse 16 000 og gebyr plankontoret kr 144 000. Særleg rekningar knytt til legekantoret er ei utfordring. Her blir det sendt ut mange rekningar i løpet av eit år, men ofte er det mindre beløp. Når ein må setje i verk innkrevjingstiltak her, blir rekningar på nokre hundrelappar lagt til over kr 2 000 i gebyr. Her har restsansen auka med kr 5 000 samanlikna med 2013.

Blant eldre restansar er kr 30 000 knytt opp mot gebyr frå plankontoret. Ein vil seie at restansane er under kontroll. I 2014 måtte ein avskrive kr 19 000 av krava, som vart vurdert

til å ikkje kunne krevjast inn. Av desse gjaldt kr 9 000 husleige, kr 4 000 legerekningar, kr 2 000 plankontoret og kr 4 000 div. gebyr. Ein har som praksis å ikkje avskrive krav utan at aktuelle innkrevjingstiltak er sett i verk/vurdert. Men i nokre høve fører ikkje innkrevjingstiltak fram. Kommunen prioriterer arbeidet med innkrevjing.

#### 5.4 Fond

Kommunen sine fond er delt inn i 4 ulike grupper.

BDF (bundne driftsfond) som normalt er avsetjingar eller bruk til øyremerka føremål bestemt av gjevaren. UBIF (ubundne investeringsfond) som normalt er avsetjingar som kommunen sjølv har sett av til føremål i investeringsrekneskapen. BIF (bundne investeringsfond) som normalt er avsetjingar brukt i investeringsrekneskapen til øyremerka føremål. DF (disposisjonsfond) som normalt er avsetjingar til føremål bestemt av politikarane og bruken kan skje både i investering- og driftsrekneskapen. (sjå note 7 i rekneskapen).

Utviklinga i fondsbeholdning dei siste åra. (Alle tal i tusen)

	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Bundne driftsfond	20 177	17 188	19 252	21 786	22 524	24 277
Ubundne investeringsfond	0	61	0	522	1 501	2 244
Bundne investeringsfond	1 161	1 204	780	319	229	452
Disposisjonsfond	7 213	1 815	2 114	4 181	1 074	0
SUM	28 551	20 268	22 146	26 808	25 328	26 973

Tabellen syner at samla fondsbeholdning har auka med 1,6 mill. Samstundes ser ein at alle disposisjonsfond er bruka, og kommunen står dårlegare rusta enn på mange år til å handtere uføresette moment i drifta. Kommunen har framleis ei stor fondsmasse der kraftfond utgjør "hovudtyngda".

## 6. Rapport – Finansforvaltning

Vedteke finansreglement med rutinar seier at det i årsrapporten skal rapporterast i høve til finansforvaltninga for heile året. Det blei teke opp to nye lån på til saman 31,3 mill. i Kommunalbanken knytt til vedtekne investeringar. Ved siste låneopptak vart alle låna i Kommunalbanken refinansiert til 1 nytt lån, utan at det påverka avdrag eller avdragstider. (Det blei innhenta tilbod både frå KLP-Kapitalforvaltning og Kommunalbanken. Det vart og lånt 0.75 mill. i Husbanken knytt til Startlånsordninga.

rapportering for passiva:

	31.12.2014		
	Mill. kr	%	Dur.
Lån med pt rente (vekta gj.sn.)	127 mill.	2,35%	
Lån med 3 mnd. NIBOR	0		
Lån med fast rente	0		
Finansiell leasing	0		
Samla langsiktig gjeld	127 mill.		
Effektiv rente 2014 (vekta gj.sn.)	2,35%		
Avkastning (kostnad benchmark (ST4X))	(ikkje aktuelt)		
Tal på enkeltlån	8		
Største enkeltlån	95 mill.		

Rapportering for midlar til driftsføremål:

	31.12.2014		
	Mill. kr	%	Dur.
Innskot hjå hovudbank	32,2	1,69	
Innskot andre bankar	0		
Samla kortsiktig likv.	0		
Avkastning 2014	0,78		
Avkastning ref. indeks (ST1X)	Ukjent		
Stadfesting av enkeltteksponering ≤ 2% av forvaltningskapital	Ikkje aktuelt		
Stadfesting av enkeltpapir ≤ 15 mnd. Løpetid.	Ikkje aktuelt		
Største tidsinnskot	11 mill. ( 2,9%)		
Største enkeltpapirplassering	Ikkje aktuelt		

Alle lån er jf. finansreglementet teke opp med flytande rente. Dette gjer til at kommunen er sårbar for renteendringar på innlån. Lån vert i hovudsak teke opp med ei nedbetalingstid på 20 år. Lån knyt til VA-investeringar vil nå bli tatt opp på 30 år. Utover at lån berre skal takast opp med flytande rente, legg gjeldande finansreglement opp til ei særskild låg risikoeksponering. Gjeldande reglement er etterlevd i 2014 og kommunen har derfor fortsatt ein låg risikoeksponering. Det er ingen avvik å rapportere om mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet. I høve til innskot er dette plassert i Sparebanken Sør. Det er ikkje gjort nærare analyser av kor konkurransedyktige dei rentevilkåra ein har på innskot er.

## 7. Aktivitetsnivået på utvalde område:

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Kommunestyresaker (m)	93(7)	102(8)	102(11 )	91(11)	120(14 )	83(9)	81(9)	104(8)
Formannskapssaker (m)	171(13 )	134(15 )	164(17 )	159(14 )	152(17 )	151(15 )	132(14 )	165(15 )
Administrasjonsutv.s.(m)	8(4)	30(9)	15(6)	9(3)	17(6)	16(7)	12(4)	10(5)
Arbeidsmiljøutv.s.(m)	31(8)	27(9)	28(7)	29(7)	39(10)	30(10)	32(10)	30(8)
Kontrollutvalsaker (m)	19(4)	24(5)	25(6)	28(6)	21(3)	23(4)	20(4)	20(4)
Besøktal Turistinformasjon	Ikke reg	Ikke reg	1.938	2.443	1.704	1.725	1.707	1.717
Elevtal grunnskule	175	171	166	160	164	150	151	144
Årstimar til undervisning	16.817	16.069	16.335	14.537	14.656	15.218	16.631	15.112
Barnehageborn	48	57	59	65	66	79	77	85
Bokutlån	4.062	3.693	4.039	4.338	4.445	4.492	5.333	5.607
Besøk biblioteket	7.398	5.732	5.546	6.622	6.707	6.162	6.424	6.610
Kultur- og musikkskulen t/v	15		36	14,25	15,6	16,25	18,24	20,8
Kultur- og musikkskulen elevtal (dans i tillegg frå 2012)	36	40	62	38	43	47	53 45	50 45
Kulturskuletimen								
Vedtak pleie og omsorg	125	131	173	216	160	167	190	162
Barnevernstiltak (tal på barn)	10	12	12	10	14	16	24	20
- NOS 19 plass+1akuttrom	3			Sal av plassar	Sal av plassar	Sal av plassar	Sal av plassar	Sal av plassar
- Veker med < 20 senger	8 15			93 døgn	471 døgn	35 døgn	160 døgn	185 døgn
- Veker med 20 senger	12			(4 pas.)	(14 pas.)	(2 pas.)	(4 pas.)	(4 pas.)
- Veker med 21 senger	8							
- Veker med 22 senger	6							
- Veker med 23 senger								
- Veker med 24 senger&m. Liggedøgnsstatistikk.		93,28 %	91,55 %	95,68 %	95,92 %	86,57 %	96,95 %	95,00 %
Dødsfall på institusjonen	11	13	9	13	12	11	13	11
- Brukarar som mottar heimesjukepleie	41	35	35	38	35	34	62	63
Delegerte vedtak byggesaker, etter PBL, §20-1 og 20-2	174	92	111	96	144	132	102	95
Brannutrykkingar	18	11	16	14	11	15	8	5
- Nye frådellingar	149	100	128	84	104	81	84	46
- Godkjente reguleringsplanar	5	2	4	5	2	4	0	4

Talet på både kommunestyresaker og formannskapssaker har dei siste åtte åra vore relativt stabilt, og i fjor nokså nær eit snitt for perioden. Talet på elevar i grunnskulen vår er lågare

enn på mange år, mens talet på barnehageborn er aukande. Dette gjer at elevtalet vil auke att når dei som i dag er i barnehage kjem i skulealder.

## 8. Likestilling

### 8.1 Kjønnsfordeling

Kjønnsfordeling (fordeling kjønn pr. org. eining)	2012		2013		2014	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Ordfører/Leiargruppe (einingsleiar, kommunalsjef, plansjef, NAV-leiar, lkt-/rekneskapssjef inngår og i tala under)	53,8%	46,2%	46,2%	53,8%	33,3%	66,7%
Felles/rådmann/ordfører/ tillitsvalte	70,8%	29,2%	69,6%	30,4%	69,6%	30,4%
Eining for skule	78,8%	21,2%	68,2%	31,8%	71,0%	29,0%
Eining for barnehage	100,0%	0,0%	100,0%	0,0%	96,9%	3,1%
Eining for kultur	28,6%	71,4%	37,5%	62,5%	37,5 %	62,5 %
Eining for helse og habillitering	89,3%	10,7%	80,0%	20,0%	76,9%	23,1%
Eining for omsorg	98,4%	1,6%	100,0%	0,0%	100,0%	0,0%
Eining for teknisk drift	31,3%	68,7%	29,4%	70,6%	26,7%	73,3%
Plankontor	33,3%	66,7%	33,3%	66,7%	33,3%	66,7%
<b>Totalt heile kommunen</b>	<b>78,9%</b>	<b>21,1%</b>	<b>75,0%</b>	<b>25,0%</b>	<b>75,2%</b>	<b>24,8%</b>

*(Tilsette i NAV har sitt tilsetjingsforhold i staten)*

I Nissedal kommune er det i dei fleste einingane kvinner som utgjer fleirtalet. På kultur, teknisk og plankontoret er det overvekt av menn. Dette er nok i grove trekk same bilete som i dei fleste kommunar i landet. Ein ser at nokon einingar skil seg ut med å ha ein særskild fordeling. I den grad ei 50/50 fordeling mellom kjønn er målet, har ein frå 2012 gjort eit lite steg i rett retning, når ein ser heile kommunen under eitt. Bakgrunnen for dette er i hovudsak å finne på skule og helse/habillitering, der delen av mannlege tilsette har auka noko. Kommunen kan bli betre til å oppmode menn til å søkje stillingar innan fagområde der kvinner er i fleirtal og motsett der menn er i fleirtal. Me har ei bevisst haldning til likestilling i høve til kjønn, og vil framleis overvake og søke å treffe naudsynte tiltak for å fremje likestilling mellom kjønna.

## 8.2 Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid

Timar:	2012		2013		2014	
	Overtid	Ubkv. arb.tid	Overtid	Ubkv. arb.tid	Overtid	Ubkv. arb.tid
Felles/rådm./till.v./ordf/næring	8	77	33	65	4	47
Eining for skule	15	238	82	90	5	72
Eining for barnehage	40	816	1	964	5	795
Eining for kultur	0	1.049	0	974	0	806
Eining for helse og habillitering	2.166	30.879	1.587	35.077	285	32.724
Eining for omsorg	976	39.599	1.278	38.051	791	39.313
Eining for teknisk drift	260	0	714	0	816	
Plankontor	8	0	48	0	0	
<b>Totalt heile kommunen</b>	<b>3.473</b>	<b>72.658</b>	<b>3.742</b>	<b>75.221</b>	<b>1.906</b>	<b>73.757</b>

Tabellen syner tal på timar det er utbetalt overtid (50%, 100%, 133%) fordelt pr. eining. Ubekvem arbeidstid vert her definert til å vere timar det er utbetalt laurdag/sundagstillegg, kveld/natttillegg, heilagdags/høgtidstillegg. Det er ein betydeleg nedgang i bruk av overtid, spesielt i eining for helse og habillitering. Naturleg nok er det einingane som har heildøgns drift som har størst innslag av ubekvem arbeidstid og overtid. På bakgrunn av at desse 2 einingane og har hovudsakleg kvinnelege tilsette er det og ei stor overvekt av kvinner som må jobbe overtid og ha ubekvem arbeidstid.

## 8.3 Lønsnivå

Lønsnivå – Kjønn	2012		2013		2014	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Felles/rådm./till.v./ordf.	Kr 401 735	Kr 638 043	Kr 408 825	Kr 654 371	Kr 406 531	Kr 675 714
Eining for skule	Kr 412 807	Kr 452 782	Kr 436 167	Kr 428 571	Kr 458 367	Kr 488 909
Eining for barnehage	Kr 382 485	-	Kr 385 597	-	Kr 392 355	Kr 273 700
Eining for kultur	Kr 443 650	Kr 424 980	Kr 418 567	Kr 430 700	Kr 461 333	Kr 447 180
Eining for helse og hab.	Kr 388 908	Kr 388 250	Kr 395 000	Kr 434 545	Kr 402 050	Kr 498 350
Eining for omsorg	Kr 372 700	Kr 440 000	Kr 382 298	-	Kr 399 293	-
Eining for teknisk drift	Kr 340 400	Kr 394 750	Kr 351 810	Kr 395 663	Kr 371 150	Kr 415 768
Plankontor	Kr 408 400	Kr 506 250	Kr 429 950	Kr 523 750	Kr 454 000	Kr 542 500
<b>Tot. heile kommunen</b>	<b>Kr 387 500</b>	<b>Kr 447 336</b>	<b>Kr 395 602</b>	<b>Kr 447 769</b>	<b>Kr 408 210</b>	<b>Kr 482 495</b>

Tala er berekna utifrå årsløn i 100% stilling. Det er berre teke omsyn til fast grunnløn. Ingen tillegg (faste/variable) er teke med i grunnlaget. Som ein ser ligg gjennomsnittsløna for menn over kvinner totalt for heile kommunen. I fleire einingar er det få tilsette i kjønnsgruppa det er færrast av, og lønsnivået heng då direkte saman med ei konkret stilling. Lønsnivået må sjåast opp mot talet på tilsette i dei ulike kompetanse-gruppene i kvar eining. Menn er betydeleg overrepresentert blant ingeniørar, og kvinner er betydeleg overrepresentert blant ufaglærte, assistentar og hjelpepleiarar.

## 8.4 Stillingsbrøk

Stillingsbrøk – Kjønn	2012		2013		2014	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Felles/rådm./till.v./ordf.	51,3%	77,9%	55,1%	71,1%	57,5%	71,1%
Eining for skule	60,9%	79,2%	71,9%	71,5%	89,7%	86,4%
Eining for barnehage	80,6%	-	77,7%	-	76,2%	100,0%
Eining for kultur	55,0%	26,4%	43,0%	32,4%	43,0%	32,4%
Eining for helse og habillitering	65,6%	54,2%	70,2%	67,6%	69,8%	72,8%
Eining for omsorg	62,7%	76,5%	61,7%	-	62,6%	-
Eining for teknisk drift	64,3%	32,8%	66,3%	30,2%	81,1%	28,3%
Plankontor	97,5%	87,5%	97,5%	100,0%	97,5%	100,0%
<b>Tot. heile kommunen</b>	<b>64,7%</b>	<b>53,1%</b>	<b>67,3%</b>	<b>52,5%</b>	<b>70,7%</b>	<b>58,2%</b>

Gjennomsnittleg stillingsbrøk for heile kommunen (kvinner og menn i saman) er **67,6%**. Jf. tabellen har menn ein lågare stillingsandel enn kvinner. Dette må sjåast i samanheng med deltidsbrannvesenet, som har 17 menn tilsett i 1,4% stilling. Dette gjer utslag på totaltala. Ved å korrigere for dette vil biletet forandre seg slik at det likevel er kvinner som jobbar mest deltid. I perioden har gjennomsnittleg stillings-% auka noko for kvinner og for menn er det blitt redusert. Ein har ikkje talmateriale som seier noko om kor stor del av dei som går på deltid som ønskjer større stilling. Det er ikkje teke omsyn til at fleire tilsette har tilsetjingsforhold i meir enn ei eining. Dette gjer til at gjennomsnittleg stillingsbrøk for heile kommunen reelt sett er noko høgare enn tala over viser. Både arbeidsgjevar og tillitsvalte har som målsetting å redusere bruken av deltid, men i stor grad er bruken av deltid i kommunen frivillig.

## 8.5 Vidareutdanning – kompetanseheving

Som eit ledd i å få økonomisk balanse i 2014 vart felles opplæringspott stroke (kr 400.000 i 2013). Alle kompetansehevings-tiltak måtte difor dekkast innan einingane sine driftsrammer, eller med eksterne opplæringsmidlar. Med svært stramme økonomiske rammer er det bare funne rom for heilt naudsynte kurs, utover dei tiltak som kunne knytast til eksterne kompetansemidlar.

### Kompetanseløftet 2015

Kommunen fekk kr 200.000 til dette i 2014. Det vart nytta kr 140.000, medan resten vart sett av på fond som er tenkt å finansiere fullføring av diverse tiltak våren 2015.

### Innføring i Feide (skulen)

Kommunen fekk i 2013 kr 70.000 til dette tiltaket. Det meste vart sett av på fond, for gjennomføring i 2014. Skuleadministrasjonen har fått naudsynt opplæring, og kommunen er "feide-klar", slik Staten har lagt til grunn. Fondet på kr 58.000 er nytta fullt ut i 2014.

### Vidareutdanning/utviklingsarbeid i skulen

Utviklingsarbeidet "Vurdering for læring" er vidareført i 2014, og det er nytta kr 131.000 av statlege kompetansemidlar som stod på fond.

## 8.6 Etnisitet og nedsett funksjonsevne.

Kommunen har ingen vedteke strategi kring dette. Ein har heller ikkje gjort nokon form for kartlegging av tilsette i høve til etnisitet. Blant kommunen sine tilsette finnast fleire med utanlandsk bakgrunn. Men rekruttering skjer på bakgrunn av ordinær vurdering av kompetanse m.m. og ikkje på bakgrunn av kvotering eller andre vedtekne rekrutteringsstrategiar.

## 9. Frávær

Sjukefrávær:	2011	2012	2013	2014
Felles/rådm./till.v./ordf.	3,24%	1,91%	3,29%	3,07%
Eining for skule	7,12%	3,52%	5,14%	3,27%
Eining for barnehage	7,76%	11,24%	7,24%	9,29%
Eining for kultur	0,15%	4,36%	0,93%	3,32%
Eining for helse og hab.	6,93%	12,00%	9,39%	3,19%
Eining for omsorg	6,80%	6,87%	7,14%	6,84%
Eining for teknisk drift	4,65%	6,57%	9,25%	2,74%
Plankontor	11,72%	4,75%	2,79%	1,25%
Ymse prosjekt	10,87%	8,87%	20,96%	4,20%
Sjølvkost vatn/kloakk	1,85%	1,13%	0,46%	1,02%
<b>Totalt heile kommunen</b>	<b>6,60%</b>	<b>7,77%</b>	<b>6,94%</b>	<b>4,86%</b>

Frávær knytt til løna permisjonar for fagforeiningsarbeid (ikkje fast frikjøp), utdanning og politiske verv utgjorde 154 dagsverk. Velferdspemisjonar utgjorde 266 dagsverk (ca. 1 årsverk).

Sjukefráværet har gått betydeleg ned, og målet om å kome ned på (eller under) 5%, er oppnådd i 2014. Det er store avvik mellom einingane, og spesielt eining for barnehage har framleis eit høgt sjukefrávær.

## 10. Etisk standard

Kommunen har utarbeidd etiske retningsliner, som er vedteke i K-sak 26/08. Etiske retningsliner blir gjort kjend for nye tilsette og ligg tilgjengeleg på intranett, som del av personalhandboka. Leiarforum nyttast til å diskutere praktisering av etiske retningsliner.

## 11. Årsverk/løn/revisjon

Oversikt over utvikling av årsverk siste 3 år:

	2012	2013	2014	Utv.2012-2014
Ordførar	1,00	1,00	1,00	0,00
Administrasjon	11,05	11,05	11,10	0,05
Eining for helse og habilitering	40,86	41,38	38,90	-1,96
Eining for barnehage	22,18	22,84	22,84	0,66
Eining for skule	32,80	32,98	31,68	-1,12
Eining for omsorg	40,33	40,33	40,68	0,35
Eining for kultur	2,61	2,91	3,01	0,40
Eining for teknisk drift	14,37	13,88	13,88	-0,49
Plankontoret	5,95	5,95	5,95	0,00
Ymse prosjekt	0,70	0,70	0,70	0,00
<b>Totalt for kommunen</b>	<b>171,85</b>	<b>173,02</b>	<b>169,74</b>	<b>-2,11</b>

Talet på tilsette ligg etter måten høgt i Nissedal kommune og kan i grove trekk forklarast med ein desentralisert struktur, mange ressurskrevjande brukarar og mange tilsette innan eldreomsorg.

Etter fleire år med vekst i årsverk, gjekk talet ned i 2014, og det er spesielt innan habilliteringstenestene og grunnskule talet på årsverk er redusert. Ser ein i eit litt lengre tidsperspektiv har eining for barnehage hatt den største auken i årsverk, som fylgje av krav om full barnehagedekning. I eit 10-årsperspektiv har det blitt om lag 36 fleire årsverk i kommunen.

#### Oversikt over løn toppleing:

Årleg godtgjersle til ordførar var kr 735.300, og utgjer 85 % av godtgjersla til ein stortingsrepresentant. Godtgjersla er fordelt med 80% til ordførar og 20% til varaordførar. Rådmannen si årsløn pr. 31.12. var kr 745.000.

#### Revisjon:

Utgifter til revisjon utgjorde kr 350.000 for 2014. I tillegg til revisjon av kommunerekneskapen dekker dette beløpet revisjon av fellesrådet, overformynderi og forvaltningsrevisjon. Det er ikkje spesifisert fordeling mellom revisjon og rådgiving.

Utgifter til kontrollutval-sekretariat utgjorde kr 81.300 for 2014.

## **12. Vurdering av endring i økonomisk situasjon/utvikling.**

Nissedal kommune har dei siste åra hatt for høgt driftsnivå i høve til inntektene, og ein har bruka avsette midlar på fond frå tidlegare år for å balansere driftsbudsjettet. Sjølv med ein inntektsauke ved utviding av eigedomsskatt på 5,5 mill. legg budsjett 2015 bare opp til eit netto driftsresultat på 0,8% av driftsinntektene. Det er eit stykke att til normtalet på 1,75 %, og når ein nå står utan disposisjonsfond har Nissedal ein stram økonomi som krev fortløpande oppfylging.

Dei store investeringane innan VA skal i utgangspunktet dekkast innanfor prinsippet om sjølvkost, men det er ei smertegrense for kor mykje ev. gebyra kan aukast. Potensialet for nye abonnentar og inntektsauke er stort, og det vert ikkje vurdert som stor risiko for at anna kommunal drift må subsidiere desse tenestene.

Utvidinga av eigedomsskatt gjev kommunen meir stabile og trygge inntekter, og økonomiplanen for 2015-2018 syner ei positiv utvikling. Totalt sett vurderer ein økonomien som stram og driftsnivået noko høgt, men under kontroll.

Det må elles seiast at usikkerheten om framtidig økonomi aldri har vore større. Konsekvensar av Regjeringa sin varsla politikk knytt til kommunereform er høgst usikre.

---

Sverre Sæter  
Rådmann  
Treungen 14.april 2015

### 13. Årsrapport AMU 2014

Arbeidsmiljøloven § 7-2 (6) krev at arbeidsmiljøutvalet (AMU) gir årleg rapport om verksemda si til kommunestyret og arbeidstakarane sine organisasjonar. Rapporten skal ikkje sendast inn til Arbeidstilsynet, men kommunen skal oppbevare den og vise den til Arbeidstilsynet dersom dei ber om det. AMU står fritt i utforminga av rapporten, men Arbeidstilsynet gir føringar til innhaldet.

AMU har i 2014 vore leia av arbeidstakarane sin representant. Utvalet har bestått av følgjande medlemmar:

Namn	Funksjon	Representerer
Sverre Sæter	Medlem	Arbeidsgjevar
Benedikte Vonen	Medlem	Arbeidsgjevar
Jarle Bruun Olsen	Medlem	Arbeidsgjevar
Ingrid Felli Sandåker	Leiar	Tilsette
Leif Arild Sanden	Medlem	Tilsette
Ellen Margrethe Garn	Medlem	Tilsette/vernetenesta
Yrkeshelse Sør	Uavhengig medl. u/røysterett	BHT

Benedikte Vonen slutta i stillinga si 1. september 2014. Stillinga er halden vakant, og i praksis har dette tyda at representasjonen i AMU frå arbeidsgjevarsida har gått ned med eitt medlem.

Arbeidsgivar har hatt følgjande felles varaliste:

1. Einingsleiar helse og habillitering
2. Einingsleiar omsorg
3. Einingsleiar skule

Tilsette har hatt følgjande varalister:

Ingrid Felli Sandåker, Fagforbundet/LO:

1. Bjørg D. Johansen, Delta
2. Anne Karin Grimstveit, NSF
3. Tore Solli, NITO
4. Guri Holdte, FO

Leif Arild Sanden, Utdanningsforbundet/Unio:

1. Anne Karin Grimstveit, NSF
2. Bjørg D. Johansen, Delta
3. Tore Solli, NITO
4. Guri Holdte, FO

Ellen Margrethe Garn, hovudverneombod (HVO)

Torbjørgh Johansen (frå 11.9.13), vara HVO

#### Det er i 2014 gjennomført 8 møte i AMU.

Arbeidsmiljøloven med forskrift seier at det normalt skal vere 4 AMU-møte i året. Nissedal kommune har vald å handsame budsjett- og tertialsaker i AMU, og dette gjer

det aktuelt med fleire møte enn minimum. Hyppige møte gjer det på same tid mogleg å ta opp saker når dei er mest aktuelle. Det er difor lagt vekt på at politiske saker som kan ha påverknad på arbeidsmiljøet, blir lagt fram for AMU for uttale før den politiske handsaminga.

### **AMU har i 2014 hatt 21 saker til handsaming utanom referat- og drøftingssakene.**

Her er ei oversikt over sakene:

- Årsrapport AMU 2013
- Rapport frå Velferdsutvalet 2013
- Mal for vernerundar
- Val av metode for yrkeshelseundersøkingar
- Oppfølging av budsjettvedtak for 2014
- Handlingsprogram 2014-2017
- Oppmoding frå ImDi om busetting av flyktingar
- Reglement for arbeidsmiljøutvalet
- Plan ved nedbemanning og omstilling
- Søknad om barnehage på Fjone
- Auka bemanning ved Haugsjåsund barnehage barnehageåret 2014/2015
- 3. tertial 2013 – vurdering av budsjetttrammene
- 1. tertial 2014
- Etiske retningsliner – rullering
- Rapport frå vernerundar 2014
- Kommuneplan – samfunnsdelen godkjenning
- Revisjon av lønspolitiske retningsliner
- Reglement for oppfølging av sjukmeldte – revisjon 2014
- Plan for bruk av nynorsk i Nissedal kommune
- 2. tertial 2014
- Budsjett 2015

### **Utvalet har hatt oppe 18 referat- og drøftingssaker i tillegg til protokollar frå tidlegare møte.**

Det er stor takhøgd i AMU, og difor er inga sak for lita til å ta opp som drøftingssak. Lista ser slik ut:

- Handlingsplan bedriftshelseteneste 2014
- Velferdsarrangement 2014
- Leiarfunksjonen i AMU 2014-2015
- Representasjon i AMU 2014-2015
- Revidert møteplan for AMU 1. halvår 2014
- Prosedyre og arbeidsfordeling for tilsetjingssaker
- Avslutning av arbeidstilhøve
- HMS-avvik Kåsa bu og avlasting
- AML-brot i turnus
- Tillitsvalde sin representasjon i AMU og ADMU
- Godkjenning av protokoll frå 11.3.2014
- Godkjenning av protokoll frå 25.3.2014
- Forvaltningsrevisjon internkontroll
- Sjukefråvær
- Årsmelding 2013 med fokus på HMS
- Referat frå møte med verneombod generelt
- Avvik frå arbeidsmiljølova. Medverknad i arbeid med turnusplannar, budsjett, branntilsyn og andre tilsyn.
- Organisasjonskart.

Alle tilsettere representantane i AMU har opplæring lik 40-timars kurs i HMS eller tilsvarande. Alle arbeidsgivarrepresentantane har anten dette eller kurs i HMS for leiarar.

AMU sin årsrapport for 2014 er handsama og godkjent i AMU-møte 21.4.2015

Treungen, 21.4.2015

Ingrid Felli Sandåker  
Leiar av AMU i 2014

## Måloppnåing og gjennomføring av tiltak jf. kommuneplan og handlingsprogram

### Visjon for Nissedal kommune: NISSEDAL VIDARE

#### Hovudmål for Nissedal kommune

- Nissedal kommune, ein kommune med folketal i vekst i alle delar av kommunen
- Nissedal kommune har god plass for alle
- Kommunen driv eit aktivt og nyskapande næringsarbeid for eit allsidig og veksande næringsliv
- Kommunen legg dei lokale folkehelseutfordringane til grunn for planar, førebyggjande tiltak og tidleg innsats på alle område
- Aktivt kulturarbeid gir trivsel og identitet
- Innbyggjarane i Nissedal er stolte av kommunen sin
- Nissedal kommune legg krav til universell utforming til grunn ved all planlegging
- Nissedal kommune tilbyr tenester av høg kvalitet
- Barn og unge sine oppvekstvilkår er svært gode
- Kommunen sine levereglar er den viktigaste rettesnora for å nå utarbeidde mål
- Kommunen samverkar godt på tvers av fagområde og einingar i og utanfor kommunen.

#### Levereglar for Nissedal kommune

Kommunestyret har vedteke følgjande levereglar for tilsette og politikarar i Nissedal kommune. Vi skal vere:

- Rause
- Tydelege
- Opne og ærlege
- Oppgåveorienterte
- Imøtekomande og blide
- Stolte av arbeidsplassen og arbeidet vi utfører
- Samarbeidsviljuge og syne kvarandre resepekt og omtanke

## 14. SENTRAL LEIING

### Kommuneplanen sine mål:

**Sentral leiing ser til at heile kommuneorganisasjonen jobbar i retning av og i tråd med kommunen sine overordna mål.**

- Sentral leiing samordnar dei tilboda kommunen gir, slik at innbyggjarane får best mogleg tilbod.
- Sentral leiing samordnar dei ressursane kommunen rår over, slik at organisering, kompetanse og teknologi er best mogleg tilpassa dei behova kommuneorganisasjonen har.
- Sentral leiing legg til rette for eit godt arbeidsmiljø i heile organisasjonen, som blir synleggjort gjennom effektive og gode tenestetilbod for alle.
- Sentral leiing er pådrivar for vidare arbeid med å vere eit "trygt lokalsamfunn". I dette ligg både ei satsing på beredskapsarbeid frå sentral leiing si side, og samstundes eit ønske om å følgje deo godkjenningane som ligg i ordninga "trygt lokalsamfunn".

- Sentral leiing er pådrivar for at folkehelsearbeidet vert teke omsyn til i alle planar og einingar.
- Sentral leiing syter for at fellestrådet får føreseielege rammevilkår å jobbe under.

<p><b>Delmål for planperioden:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvaliteten på kommunale tenester skal vere høgast mogleg, innafor dei gitte rammene.</li> <li>• Heilskapleg tenking på tvers av fagområde og organisatorisk inndeling, skal vere styrande.</li> <li>• Politisk nivå skal gjennom saker/informasjon frå rådmannen få eit godt beslutningsgrunnlag, og effektivering av politiske vedtak skal skje så raskt som mogleg. Det skal vere ein god dialog med politisk nivå.</li> <li>• Kommune har ein heilskapleg beredskapsplan i tråd med lovverket</li> <li>• Overordna ROS-analyse er i tråd med lovverket.</li> <li>• Nissedal kommune er godkjent som "Trygt lokalsamfunn" i heile planperioden</li> <li>• Delta aktivt i ulike regionale forum/organ.</li> <li>• Syte for å innarbeide partnerskapsavtala med Folkehelseprosjektet i alle planar med grunnlag i kommuneplanen for Nissedal kommune 2014-2025.</li> </ul>	<p><b>Gjennomført 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktivitetsnivået i kommunen er høgt. Dei kommunale tenestene møter innbyggjarane sine behov. Livskvaliteten til menneska som bur her er god. Nissedal har dei siste åra hatt ei positiv folketalsutvikling. Unge har vendt heim att.</li> <li>• Rådmannsgruppa har heile tida eit heilskapleg perspektiv. Rådmannen jobbar med sine einingsleiarar i t.d. leiarforum (og elles) for å få til det same.</li> <li>• Administrasjonen fremmar saker til politiske utva.</li> <li>• Fylkesmannen sitt tilsyn avdekkar svakheter med dagens plan. Arbeidet med å lukke ulike avvik her vil bli fullført i 2015.</li> <li>• Same kommentar som over.</li> <li>• Kontinuerlig arbeid.</li> <li>• Nissedal kommune deltek aktivt i ulike regionale forum.</li> <li>• Nissedal kommune har hatt partnerskapsavtala om folkehelse sidan 2006. Denne partnerskapsavtalen var grunnlaget for arbeidet med å få status som "trygt lokalsamfunn". Fylkeskommunen har eit særleg ansvar vis a vis primærkommunane at det vert tatt heilskaplege grep som fremmar folkehelse i alle planar. Ny folkehelse-lov tydeleggjer dette. Me er i tett dialog med fylkeskommunen i vårt eige arbeid med å fremma folkehelse tanken i alt me gjer. I denne dialogen kjem det fram at</li> </ul>
--	--

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjere aktiv bruk av heimesidene til kommunen ved at dei til ei kvar tid er oppdaterte.</li> <li>• Nissedal kommune skal bli oppfatta som ein føregangskommune for bruk av nynorsk.</li> <li>• Kommunen skal på alle nivå framstå som ein god arbeidsplass i alle fasar av tilsette sitt arbeidsforhold.</li> <li>• Planmessig kompetanseutvikling og rekruttering skal sikre naudsynt kompetanse i organisasjonen.</li> <li>• Kommunen skal vere ein god lærebedrift.</li> <li>• Utarbeide og følgje opp opplæringsplan for det enkelte året basert på strategisk kompetanseplan.</li> <li>• Reetablere ordninga med velferdsutval gjennom AMU.</li> <li>• Tilsette sin medråderett skal vere sikra gjennom godt samarbeid med tillitsvalde/HVO.</li> <li>• Sjukefråvær var 6,94 % for heile kommunen i 2013. Målsettinga for 2014 er å kome ned under 6 % for</li> </ul>	<p>Nissedal kommune kan nyttast som eit døme for andre på kva som kan vere vellukka grep.</p> <p>Folkehelsekoodinatoren arbeidar tverfagleg med både einingsleiarar og fagtilsette. Arbeidet med utvikling av skulehelsetenesta og ein frisklivs står sentralt. Folkehelse vil vere eit naturleg tema i ein farmtidig samarbeidsavtale med Telemark fylkeskommune.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenestekatalogen gjer kommunal informasjon mykje meir tilgjengeleg og oppdaterte. Heimesidene til kommunen skal vere prega av kommunal informasjon. Heimesida er knytta opp mot portalen Origo, som gjer at aktivitetskalenderen fungerer svært bra.</li> <li>• Det blir jobba vidare internt med Plan for bruk av nynorsk i Nissedal kommune.</li> <li>• Det blir kontinuerleg jobba med aktuelle reglement og retningslinjer som påverkar arbeidsforholdet. Det viktigaste for å oppnå eit godt arbeidsmiljø er rett kompetanse og godt leiarskap. Det er ikkje sett av midlar til kompetanse- og leiarutvikling i 2014.</li> <li>• Delmålet er mest aktuelt i høve til rekruttering i 2014. Reglement for rekruttering skal sikre at nødvendige vurderingar vert gjort før alle tilsetjingar.</li> <li>• Lærlingar blir tett følgde opp på lærestaden, og kommunen har god kontakt med opplæringskontoret.</li> <li>• Delmålet er ikkje aktuelt for 2014.</li> <li>• Delmålet er ikkje aktuelt for 2014.</li> <li>• Det er gjennomført 4 kontaktmøte mellom rådmannen og fellestillitsvalde/HVO hittil i år. Samarbeidet er godt.</li> <li>• Sjukefråværet i første halvår 2014 var på 4,64 % mot 6,36 % i same periode i 2013. Sjukefråværsoppfølginga</li> </ul>
--	---

<p>heile kommunen. Oppfølginga av sjukmeldte skal følgje gjeldande lovar og reglar.</p> <p><b>Enkelttiltak 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide strategisk kompetanseplan for kommunen (iverksetjing etter 2014).</li> <li>• Gjennomføre aktuell internopplæring etter behov og kapasitet.</li> <li>• Tilpasse kompetanseutviklinga i høve til bortfall av felles kommunale opplæringsmidlar for 2014.</li> <li>• Følgje opp sentralt tariffoppgjer og gjennomføre lokale forhandlingar etter tariffesta fristar for desse.</li> <li>• Vere pådrivar for gjennomføring av vernerundar og etablering/oppdatering av ROS-analysar i 1. tertial.</li> <li>• Følgje opp funn i vernerundar og ROS-analysar.</li> <li>• Revidere og implementere aktuelle reglement.</li> <li>• Følgje opp tiltak i plan for bruk av nynorsk i Nissedal kommune etter vedtak.</li> <li>• Koordinere oppfølging av sjukmeldte.</li> <li>• Utarbeide eventuelle manglande</li> </ul>	<p>følgjer lovverket. Endringar i lovverket etter ny IA-avtale vil bli innarbeidd gjennom revisjon av reglement for oppfølging av sjukmeldte i 3. tertial.</p> <p><b>Enkelttiltak 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeidet med strategisk kompetanseplan skulle starte når kommuneplanen var vedteken. Dette skjedde like før sommaren. Kompetanseplanen blir lagt på vent inntil vidare pga. at kommunalsjef personal og utvikling slutta i jobben 31.8.14.</li> <li>• Hittil i år har internopplæring stort sett vore knytt til rådgiving og oppfølging av einingsleiarane.</li> <li>• Noko opplæring blir gjennomført uansett budsjettmidlar, då det er nødvendig for å utføre oppgåvene. Men det er teke ned til eit minimumsnivå, som ikkje bør vare for lenge. Det vil gi eit etterslep som vil vere vanskeleg å hente inn att seinare.</li> <li>• Overordna streikeplan er rullert i forkant av sentrale forhandlingar. Einingane er oppmoda om å lage eigne streikeplanar. Det er konflikt mellom KS og 4 organisasjonar, og dette påverkar framdrifta noko. Forhandlingar lokalt skal likevel vere ferdig 31.10.14.</li> <li>• Resultat av vernerundane blei handsama i AMU i juni. Innspela går vidare til budsjettarbeidet.</li> <li>• Oppfølging av funn i vernerundar og ROS-analysar skjer vidare utover året.</li> <li>• Det er ikkje revidert aktuelle reglement hittil i år.</li> <li>• Plan for bruk av nynorsk er ikkje vedteken enno.</li> <li>• Det er gjennomført 4 oppfølgingsmøte med sjukmeldte i samarbeid med NAV og BHT hittil i år. Planlagt møte i april og august blei avlyst fordi det ikkje var behov.</li> <li>•</li> </ul>
---	--

<p>stillingsomtalar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide detaljert organisasjonskart for heile kommunen.</li> <li>• Gjennomføre avtalefesta drøftings- og opplæringsmøte med tillitsvalde.</li> <li>• Ta inn ein ny lærling i 2014. Fleire enn ein kan vere aktuelt ved alternativ finansiering.</li> <li>• Gjennomføre ei evaluering av samarbeidet med Kviteseid og utrede potensialet for ytterligare samarbeid. Utrede moglege interkommunalt samarbeid for psykiatritenesta og NAV.</li> <li>• Gjennomføre utsetjing av avdrag jf. budsjettvedtak.</li> <li>• Innarbeide i budsjettet vedtak om innsparing ved vakansar og fylgje opp/rapportere konsekvensane av dette innsparingstiltaket.</li> <li>• Syte for at kommunen får vedtatt vedtekter for eigedomsskatt og gjennomføring av taksering i høve til innføring av eigedomsskatt på bustader/hytter.</li> <li>• Syte for særleg god budsjettoppfylging i heile organisasjonen, på bakgrunn av ingen økonomiske reserver.</li> <li>• Nissedal kommune ønskjer å behalde og styrkje lokal tannhelseteneste.</li> <li>• Starte arbeidet med utarbeiding av heilskapleg beredskapsplan.</li> <li>• Ferdigstille overordna ROS-analyse</li> <li>• Lage plan for regodkjenning av kommunen som "Trygt lokalsamfunn"</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Detaljert organisasjonskart for kommunen blei lagt fram for kommunestyret i september.</li> <li>• Dette vil bli gjennomført på slutten av året.</li> <li>• Det blei teke inn ein lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget allereie i februar 2014. Denne lærlingen har vald å heve lærekontrakten pr. 31.8.14. Det blei teke inn ein ny lærling i same fag i august.</li> <li>• Arbeidet er ikkje starta opp.</li> <li>• Det ar avklart utsetjing av avdrag i 2014 jf. budsjettvedtak. Utsetjing av avdrag er gjort på lån i Sp. Sør og Kommunalbanken.</li> <li>• I februar blei det lagt fram eiga sak kring innarbeiding av vakanse. Konsekvensar av dette tiltaket blir rapportert under kvar eining.</li> <li>• Det vil bli lagt fram ei førebels sak i høve til vedtekter i mai. Sakkunnig nemnd vil etter planen "Rammer og retningliner" i oktober. Kommunestyret vil få lagt fram vedtekter i oktober/november. Synfaring for taksering starta opp i byrjinga av september.</li> <li>• Har vore eit høgna fokus på budsjettstyring og dei ulike tiltaka for å få 2014-budsjettet i balanse, m.a. bruken av vakanse.</li> <li>• Det skal vere eit møte med fylkestannlege og fylkesrådmann 6. mai.</li> <li>• Er påbegynt. Vil bli fullført i 2015.</li> <li>• Er påbegynt. Vil bli fullført i 2015.</li> <li>• Arbeidet med dette er starta.</li> </ul>
--	---

**15. STABSFUNKSJONAR:****Fellestenesta****Kommuneplanen sine mål:**

- Fellestenesta skal prioritere service til publikum og tilsette.

<b>Delmål for planperioden:</b>	<b>Gjennomført 2014:</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle (interne og eksterne) som vender seg til Fellestenesta, skal få eit raskt svar som er høfleg, imøtekomande og presist.</li> <li>• Fellestenesta skal syte for at stabsfunksjonane som vert utført for einingane har ein høg kvalitet og at naudsynt rådgjeving vert gjeve til einingane.</li> <li>• Aktiv pådrivar for at rutinar og kontorstøtte-system fungerer godt, kommunen sett under eitt og at kompetansen knytt til bruk av desse systema vert høgna.</li> <li>• Kommunen sitt elektroniske arkiv skal vere systematisert, katalogisert, oppdatert og brukarvennlig.</li> <li>• Høgt fokus på sak-/arkivsystem som det sentrale verktøy for å ta vare på og utveksle informasjon, både internt og eksternt.</li> <li>• Journalføring av post skal skje dagleg og utlegg av postlister på heimesida skal skje kvar veke. Kommunen praktiserer meir-offentlegheit.</li> <li>• Kommunerekneskapen (inkl. løn, fakturering) skal vere oppdatert og àjour.</li> <li>• Rett løn til alle tilsette vert utbetalt til rett tid.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ingen avvik å melde.</li> <li>• God kvalitet på arbeidet som blir gjort i stab.</li> <li>• Har blitt gjennomført internopplæring i bruk av Agresso og ePhorte. Både som kurs og opplæring 1 til 1. I eining for skule vil ePhorte som arbeidsverktøy bli tatt i bruk i større grad i løpet av året.</li> <li>• Vert arbeidd med forløpande. I høve til dagleg arbeidd med post/arkiv er ein nærast ajour til ei kvar tid. Sjølv ved sjukefråvær klarar ein å halde det daglege arbeidet ajour, men dette går på bekostning av andre oppgåver. Førbuing deponering er blitt arbeidd med gjennom året og blir gjennomført i september.</li> <li>• Utført utan avvik. Dette arbeidet har høg prioritet. Har hatt interne drøftingar i høve til avklaring av forholdet mellom sentralt sak/arkivsystem og ulike fagsystem.</li> <li>• Utført utan avvik.</li> <li>• Er utført utan avvik. Framleis eit problem at fakturaer vert motteke til bokføring tett på eller etter forfall. Særleg i samband med avviking av ferie blei dette aktuell problemstilling.</li> <li>• Utført utan avvik. Jf. krav frå Staten om innføring av nytt A-meldingssystem. Dette vil krevje</li> </ul>

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fakturering av kommunale krav (eigenbetalingar/-andelar for alle einingane m.m.) skal skje til fastsette fristar eller snarast mogleg etter utføring av fakturerbar teneste.</li> <li>• Oppfølging av kommunale krav skal skje raskt etter at betalingsfrist er overskrede. Avskrivning av krav vert berre gjort når aktuelle innfordringsalternativ er nytta og/eller vidare innfordring ikkje er å sjå på som teneleg.</li> <li>• Heimesida skal vere oppdatert og framstå som ein nyttig informasjonskanal.</li>   <li>• Utlysing av alle ledige stillingar i kommunen skal skje så snart som mogleg.</li> <li>• Møtepapir til politiske utval vert sendt ut ei veke før møtet.</li>   <li>• Sentralbordet/resepsjonen skal vere bemanna i opningstida.</li>   <li>• Løpande vurdering av avtala med aspIT om drift av kommunen sine dataløysingar.</li>   <li>• Sjukefråværet var i 2013 – 3,29%. Målsettinga for 2014 er kome under eller halde sjukefråværet på 2013-nivå.</li> <li>• Gjennomføre medarbeidarsamtalar og vernerundar etter oppsett plan.</li>   <li>• Vidare innarbeiding av levereglane.</li> <li>• God oppfølging av budsjettet.</li> </ul>	<p>både tid og ressurar i 2014. Ny løn etter sentralt oppgjer på plass frå juli-løn.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utført utan avvik. Det er i år etablert system for utsending av EHF-fakturaer. ("Elektroniske fakturaer).</li>   <li>• Oppfølging av krav skjer fortløpande. Så langt i år er kr 10.500 av kommunale krav avskreve.</li>   <li>• Det har blitt arbeidd mykje med oppdatering av heimesida i seinare tid og den ekstraressrusen (10%) som er sett inn på heimesida er svært viktig for at dette har vore mogleg. Ein vil jobbe vidare med å få på plass profilering av bustadtomter, men dette arbeidet er blitt forseinka p.g.a. arbeid med kommuneplanen.</li> <li>• På dei stillingar som skulle lysast ut er dette utført utan avvik.</li>   <li>• Det har vore ei forseinka utsending årsaka av tekniske problem. Elles utført utan avvik</li> <li>• Har funne løysingar for vikar ved behov, sjølv om det ikkje er medel til innleige av vikar. Dels ved omdispoenring dels ved at tilsette på fellestenesta må ta på seg denne oppgåve, i tillegg til sine ordinære arbeidsoppgåver.</li> <li>• Det er gjennomført driftsmøte i hht avtala. Kommunen samarbeider godt med Aspit, og det er ingen spesielle avvik eller behov å melde.</li> <li>• Sjukefråværet var etter 1. halvår 3,8%.</li>   <li>• Vernerunde gjennomført i april. Medarbeidarsamtaler planlagt seinhaustes 2014.</li> <li>• Ingen spesielle tiltak.</li> <li>• Budsjettet for 2014 er svært stramt og</li> </ul>
--	--

<p><b>Enkelttiltak 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilpasse drift i høve til reduksjon av lønsmedel og del av innsparing v/vakansar.</li> <li>• Gjennomføre halvering av møtegodtgjersle til kommunestyret og kontrollutval, i høve til 2013-nivå.</li> <li>• Reduksjon av overføring til fellestrådet.</li> <li>• Vurdere å "streame" politiske møter i samband med 1. tertial.</li> </ul>	<p>ein har måtta gjere strenge prioriteringar på variable driftsutgifter i år og for å innarbeide vakansekravet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Reduksjon av lønsmedel i høve til vakanse post/arkiv (kr 100.000) og del av generell innarbeiding av vakanse (kr 84.000) har gjort til at budsjettsituasjonen er svært stram. Har nå funne inndekning for summen på 84.000. Dette dels på bakgrunn av sjukemelding utan å ta inn vikar, ved fellestenesta. Den største delen av innsparing kjem ved å halde stillinga kommunalsjef pers./utv. vakant frå sept. og ut året. I tillegg vert ei ledig 40% stilling i resepsjonen bemanna ved intern omdisponering frå eining frå helse/habilitering.</li> <li>• Møtegodtgjering som blei utbetalt for 1. halvår 2014, gjort i juni, var etter reduserte satsar.</li> <li>• Fellerrådet er gjort kjend med vedtaket om reduksjon (kr 45.000) og overføringane er gjort i tråd med budsjettvedtaket.</li> <li>• Sak om dette blei lagt fram i september 2013. Blei då ikkje innført på bakgrunn av økonomiske årsaker. Den økonomiske situasjonen vurderast nå til å vere endå meir anstrengt. Kostnaden ved innføring av WEB-overføring av kommunestyremøta vil vere på om lag det som blei skissert i sak i september (80.000 – 90.000). Å innføre ei løysing utan "arkiv-funksjon" og høve for oppslag, ei meir rå-overføring av møta ville kunne gjerast mykje rimlegare. Men dette ville vere ei dårleg løysing, jf. erfaring frå andre kommunar, der mykje av bruken synar seg å vere i etterkant av møta.</li> </ul>
--	--

**Sjukefråvær:**

For Felles var det i 1. halvår ein fråværs-% på 3,82. Dette fordeler seg på kortidsfråvær med 2,15 og langtidsfråvær 1,68%.

**Kompetanseutvikling:**

Det har vore ulike tiltak på kompetanseoppbygging kring området eigedomsskatt. Elles har det vore svært liten aktivitet, på bakgrunn av reduserte opplæringsmedel.

**HMS-Internkontroll:****Rekneskapskommentar:**

Totalt under felles er det på løn ein forbruks-% på 55,4%. Dette er godt under ideell forbruks-% på 63,6%. Avviket skuldast at det på fleire område ikkje er jamn belastning gjennom året. T.d. på politisk møtegodtgjering blir utbetalt halvårleg. På dei område som har jamn belastning ligg forbruk kring ideelt forbruk.

Felles sin del av vakanse (kr 84.000) er dekt opp ved sjukefråvær på konsulent, som ikkje det er teke inn vikar for og ved at stillinga som kommunalsjef personal/utv. blir halden vakant ut hausten. I tillegg kjem at ei 40% stilling i resepsjonen vert bemanna med ein tilsett frå eining for helse og habilitering. I sum gir dette noko meir innsparing enn 84.000, men delar av summen er omdisponert til å dekke opp m.a. for auka forsikringsutgifter (kr 40.000), juridisk bistand (kr 25.000), avskrivning av krav (kr 10.000) og oppfylling av gåvereglementet (kr 10.000). Bruken av vakanse har for felles ført til at andre må overta arbeidsoppgåver for dei stillingane det blir vakanse i og at fleire oppgåver ikkje blir utført i ein periode eller blir utført, men med ein dårligare standard enn dei normalt sett ville bli utført.

**Frivilligsentralen**

Frivilligsentralen sine mål og funksjon:

Nissedal Frivilligsentral skal vera til for å styrka og koordinere den friviljuge innsatsen i Nissedal kommune. Sentralen skal vera open for alle som har lyst til å delta med frivillig innsats, og vera lett å ta kontakt med for dei som ynskjer hjelp. Nissedal Frivilligsentral skal vera ein møteplass og eit kontaktpunkt for enkeltmennesker, foreiningar, det offentlege og næringslivet i lokalsamfunnet.

<p><b>Delmål for planperioden:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Å få sentralen i god og solid gjenge. Utnytte dei mogelegheitene som ligger i departementet sine retningslinjer på best mulig måte til nytte for innbyggjarane og det frivillige i heile Nissedal kommune.</li> <li>• Sentralen drives etter årlige rapporter til departementet på gjennomførte aktiviteter og planer for neste års drift. Desse rapportane står daglig leiar for.</li> </ul> <p><b>Enkeltiltak 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Styrke informasjonen ut i kommunen om aktivitet i sentralen og det frivillige arbeidet</li> </ul>	<p><b>Gjennomført 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Hausten 2014 vil styret og dagleg leiar ha ein gjennomgang av sentralens arbeid og tankar om sentralens framtid.</li> <li>• Årsmøtet i sentralen kan og gi innsikt i driften og årsmøtet kan kome med innspel. På årsmøtet kom det ikkje inn saker til behandling.</li> <li>• Her er jamleg kontakt til sentralen om hjelp til diverse oppdrag,td. hagehjelp, husvask og transport. I den samanheng treng sentralen fleire</li> </ul>
--	--

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Markering av frivillig arbeid</li>   <li>• Tilbod om kurs</li>   <li>• Tilbod om kulturturar.</li>                 <li>• Få fleire styremedlemmar på den årlege regionskonferansen</li> <li>• Behandle ny handbok og forskrift for frivillig-sentralar, samt formidle dette</li> </ul>	<p>frivillige som kan stille opp. Ynskje om møteplassar er aktuell utfordring.. I vår fikk vi til samarbeid med biblioteket om møteplass kvar måndag frå kl 12-14. Her kan ein td. diskutere nyheiter og lese avis. I samarbeid med vaksenopplæringa og heimkonsulenten tilbyr sentralen ein møteplass for innflyttarar som treng hjelp til å bli betre kjent med Nissedal kommune og få aktuelle opplysningar om td helsevesen, NAV, norske forhold generelt og lokale fritidstilbod. Ein nøytral plass, kor ein ikkje blir registrert som brukar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Markering av frivillig arbeid var planlagt til 22.mars. Dette blei avlyst pga. for få deltakare. Etter innspel vil det bli nye tiltak til hausten. Det har vert jobba med felles markering med foredrag og litt godt å spise, dette er ennå ikkje avklart.</li> <li>• Kurs vil fortsette. Data med oppstart i september. Samarbeid med politiet og repetisjon av sertifikat. Evt. også båtsertifikatkurs. Nytt tilbod for framandspråkelege:" Betre norsk gjennom samtale" Laga tilbyr og kurs i eigen regi.</li> <li>• Mai: Tur til Brekkeparken, markere internasjonal aktivitetsdag for eldre. Denne turen blei gjennomført. Juni: Uteaktivitet i samarbeid mellom Pensjonistlaget, fysioterapeuten Samarbeidsgruppa for Trygge Nissedal, helselaget og frivilligsentralen. Her var stor oppslutning g godt humør. Tilbod om turar og sosiale treff er godt ivaretatt av laga og sentralen kan vere støttespelar. Sentralen vidareformidlar invitasjonar til arrangement sendt ut frå fylket og sentral hold.</li> <li>• Igjen i år reiser styreleiar og dagleg leiar på regionskonferansen.</li> <li>• Utsatt pga. ny regjering</li> </ul>
---	---

## Næring

### Kommuneplanen sine mål:

Styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv for å vere attraktiv for busetjing og reiseliv. Nissedal skal framleis vere ein Ja-kommune der ulike regelverk skal nyttast for å sjå moglegheiter – ikkje hindringar.

- Ha eit tettare samarbeid med næringsdrivande og frivillige lag og organisasjonar
- Leggje til rette for attraktive bustad- og næringstomter/næringsareal i alle grender
- Arbeide for ei styrka identitetskjennele og merkevarebygging
- Vere aktiv i tilrettelegging av infrastruktur
- Vidareutvikle satsinga på reiseliv/turisme
- Leggje til rette for kompetanseheving lokalt
- Prioritere næringsutvikling basert på lokale ressursar

<b>Delmål for planperioden:</b>	<b>Gjennomført 2014:</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ha eit tett samarbeid med næringsdrivande og frivillige lag og organisasjonar(SNP)</li> <li>• Legge til rette for attraktive bustad- og næringstomter/næringsareal i alle grender (SNP)</li> <li>• Arbeide for ei styrka identitetskjennele og merkevarebygging (SNP)</li> <li>• Vere aktiv i tilrettelegging av infrastruktur (SNP)</li> <li>• Vidareutvikle satsinga på reiseliv/turisme(SNP)</li> <li>• Legge til rette for kompetanseheving lokalt (SNP)</li> <li>• Prioritere næringsutvikling basert på lokale ressursar(SNP)</li> <li>• Deltaking i felles marknadstiltak i regi av Telemarkreiser</li> <li>• Deltaking i regional næringsgruppe og reiselivsgruppe i Vest-Telemark og i samarbeid knytta til Vandreregionen og Vest-Telemarkbrosjyra</li> <li>• Arbeide vidare med tur- og sykkelstiar, få til ei betre samordning og nytte seg av medlemskapet i Friluftsrådet Sør. Arbeide med å få ei felles kartbok for tur- og sykkelstiar</li> <li>• Vidareutvikle ein aktiv dialog med næringslivet, spesielt med omsyn til</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sekretærfunksjon for Nissedal næringslag 4 styremøte, 4 lunsjmøte, årsmøte</li> <li>• Oppfølging av Bu- og næringsutvalet, tett kontakt med aktuelle næringsaktørar</li> <li>• "Nissedal heile året" – ei utgåve pr år Samarbeid med "Marknadsføringsgruppa" i næringslaget</li> <li>• Arbeider med kartlegging av behov for mobil, fiber. Søkt nasjonalt tilskot til breiband, samarbeid i VT. Kontakt med Proinvenia ang mobildekning, samarbeid i VT</li> <li>• Oppdatert nappekart, VT-brosjyre, Telemark guide</li> <li>• Forsøkt nytt norsk-kurs, Jobbavis for 9.klasse</li> <li>• Uttalar vedr. etableringar. Saker til næringsfondet, IN, TFK .Deltaking i Småkommuneprogrammet.</li> <li>• Deltatt på møte Visit Telemark, informasjon til marknadsføring</li> <li>• Deltatt på 3 felles møte, oppdatert VT-brosjyra + møte vedr. vedtekter for kommunale næringsfond</li> <li>• Sykkelsti i forb. med Telemarksvegen Kartbok for Nissedal kommune under arbeid – Friluftsrådet Sør.</li> <li>• Sekretærfunksjon (pkt 1) Årleg næringsmøte for alle</li> </ul>

<p>samarbeidet. med næringslaget</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Setje fokus på utvikling av gode service- og aktivitetstilbod.</li> <li>• Innføre att lønstilskot til verksemdar som gir sommarjobb til ungdom (16-18 år).</li> </ul> <p><b>Enkeltiltak 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Arrangere årleg møte med næringslivet</li> <li>• Vere aktiv i prosessen med vitalisering av Telemarksvegen – lokal mat, kunst, kultur og attraksjonar</li> <li>• Samarbeide med lokalt næringsliv om lokal hytteinformasjon – god dialog med hyttefolk.</li> <li>• Bidra aktivt til betre infrastruktur t.d mobildekning, tilgang til breiband</li> <li>• Marknadsføre næringsstomter og innandørs næringsareal</li> <li>• Samarbeid med næringslaget om nettportal for Nissedal</li> <li>• Kart/kartbok – tur- og sykkelstiar</li> <li>• Forbetring av turistinformasjonen, støtte opp om nærbutikkar og turistportal på nett</li> <li>• Følgje opp vedteken rapport frå bu- og næringsutvalet.</li> <li>• Revidere vedtektene på kraft-/næringsfond.</li> </ul>	<p>næringsdrivande 13. mars.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bidratt med økonomisk støtte ved etablering. Bidratt med midlar til marknadsføringsgruppa.</li> <li>• Ikkje midlar til i 2014.</li> <li>• Årleg næringsmøte arr. 13.mars. Tema: Kommuneplan, Strategisk næringsplan som verktøy for næringsarbeidet, eigedomsskatt</li> <li>• Sekretær for Telemarksvegen, stormøte 17.mars og 7.april. Forstudie gjennomført. Vedtatt kommunikasjonsstrategi. Arbeid med forprosjekt.</li> <li>• Nissedal heile året- ny utgåve til påske. Dialogmøte hyttefolk 30.mai</li> <li>• Inne i ny prosess med innmelding av behov og søknader.</li> <li>• Må arbeidast vidare med. Prosess for betre samarbeid.</li> <li>• <a href="http://www.nissedal.no">www.nissedal.no</a> er etablert.</li> <li>• Kartbok under arbeid.</li> <li>• Turistinformasjonen fungerer godt. Samarbeid med nærbutikkane er godt, men bør vidareutviklast.</li> <li>• Må arbeidast vidare med</li> <li>• Gjennomført prosess saman med andre kommunar i Vest-Telemark. Ev. endringar i vedtektene må luftast i formannskapet, sak vidare til Kommunestyret. Heng saman med innføring av eigedomsskatt.</li> </ul>
--	--

## 16. EINING FOR SKULE

### Kommuneplanen sine mål:

Grunnskulen gir alle elevane eit godt og trygt lærings- og oppvekstmiljø, der ein i undervisninga tek omsyn til den einskilde elev sine føresetnader og har høge forventningar til alle elevane sine læringsresultat. Skulen skal i første rekkje vere ein opplæringsinstitusjon der undervisninga byggjer på Opplæringslova med forskrifter og læreplanverket for Kunnskapsløftet.

- Alle elevar har eit godt og inkluderande *læringsmiljø*. Med læringsmiljø meiner ein dei samla kulturelle, relasjonelle og fysiske forholda på skulen som har betydning for elevane si læring, helse og trivsel.
- Opplæringa skal ha *tilpassa opplæring i felleskapet og tidleg innsats* som to av dei viktigaste verkemidla for å syte for at alle elevane utviklar sitt fulle potensial.
- Skulen skal drive systematisk og målretta trening i dei fem grunnleggande dugleikane; lesing, skriving, rekning, munnleg tale og bruk av digitale verktøy.
- Skulen skal ha høge forventningar til kvar einskild elev sine resultat og prestasjonar.
- Kvaliteten på skulen, både når det gjeld undervisning, materiell og bygningar skal liggje over gjennomsnittet for landet.
- Opplæringslova pålegg kontinuerleg utviklingsarbeid i skulen. Målet med utviklingsarbeidet i Nissedalskulen skal vere å endre og utvikle læraren sin praksis i klasserommet slik at elevane oppnår eit så godt læringsutbytte som mogleg.
- Nissedalskulen skal samarbeide godt med Vest-Telemark PPT til det beste for elevane sitt læringsresultat, både på system- og individnivå.
- Elevane får kunnskap om lokal kultur, tradisjon og næringsliv slik at dei får lyst til å busetje seg i kommunen.
- Nissedalskulen skal samarbeide godt med barnehage, kultur, helsetenester, barnevern, politi og andre institusjonar.
- Skulefritidstilbodet skal vere kjenneteikna av å understøtte skulen sitt arbeid med elevane si faglege, personlege og sosiale utvikling.
- Nissedal kommunale vaksenopplæring skal syte for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for fleirspråklege etter introduksjonsloven.
- Vaksne utan fullført grunnskuleutdanning skal få opplæring slik at dei kan ta grunnskuleeksamen.

#### Delmål for planperioden:

##### Grunnskule:

- Alle elevar har eit godt og inkluderande *læringsmiljø*. Med læringsmiljø meiner ein dei samla kulturelle, relasjonelle og fysiske forholda på skulen som har betydning for elevane si læring, helse og trivsel.
  - Kvar skule skal i kollegia utarbeide kjenneteikn på kvar av dei fem komponentane som utgjer læringsmiljøet:

1. Læraren si evne til å leie

#### Gjennomført 2014:

##### Grunnskule:

- Arbeidet med å lage kjenneteikn på eit godt læringsmiljø er ikkje påbegynt i skulane. Me har arbeida intensivt med Vurdering for læring i haust og arbeidet er utsett til 2015.

<p>klasser og opplæringa</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>2. Positive relasjonar mellom elev og lærar</li> <li>3. Positive relasjonar og kultur for læring blant elevane</li> <li>4. Godt samarbeid mellom skule og heim</li> <li>5. God leiing, organisasjon og kultur for læring på skulen</li> </ol> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplæringa skal ha <i>tilpassa opplæring i felleskapet og tidleg innsats</i> som to av dei viktigaste verkemidla for å syte for at alle elevane utviklar sitt fulle potensial. <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Vurdering for læring (VFL) skal vere eit viktig grep for å syte for dette. I tillegg til å gje gode framovermeldingar og inkludere elevane i eget læringsarbeid, skal ein byggje opplæringa på det læringssynet og elevsynet som ligg til grunn for VFL.</li> <li>○ Samarbeidsprosjekt med dei øvrige skuleeigarane i regionen Vest-Telemark og i Telemark fylke om tiltak som reduserer spesialundervisning</li> <li>○ Utarbeide og ta i bruk Plan for tidleg innsats, saman med barnehage og helse</li> </ul> </li> <li>• Skulen skal drive systematisk og målretta trening i dei fem grunnleggande dugleikane; lesing, skriving, rekning, munnleg tale og bruk av digitale verktøy. <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Det skal utarbeidast og takast i bruk ein heilskapleg lese- og skriveplan for stega 1-10 som inkluderer alle fag</li> </ul> </li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Plan for vurdering for læring er utarbeidd på Tveit skule/Nissedal ungdomsskule. Fjone og Kyrkjebygda er i ferd med å avslutte sine planar.</li> <li>○ Prosjektet "Betre læring for alle elevar" i Vest-Telemark går sin gang. Alle kommunane har laga kvar sin plan etter ein felles mal.</li> <li>○ Rådmannen har fastsett at desse tre utgjer styringsgruppa i prosjektet: einingsleiar barnehage, einingsleiar skule og einingsleiar helse og habilitering. Leiarar og mellomleiarar og sentrale funksjonar i desse einingane utgjer prosjektgruppa. Første kursdag med Jan Spurkeland var 11.8.14</li> <li>• Rektorane jobbar med å bevisstgjere kollegia på dette, og det er meir fokus enn før på dugleikar som er påkravd i Kunnskapsløftet. <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Skuleåret 2014-2015 arbeidar me med dyskleksikurset. Frå hausten 2015-des. 2016 har me lesing som grunnleggande</li> </ul> </li> </ul>
--	---

<p>("Lesetrappa 1-10", "Skrivetrappa 1-10")</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Det skal utarbeidast og takast i bruk ein plan for IKT-arbeidet alle steg i skulen ("IKT-trappa 1-10")</li> <li>○ Det skal utarbeidast og takast i bruk ein plan for matematikkfaget i skulen ("Reknetrappa 1-10")</li> <li>● Skulen skal ha høge forventningar til kvar einskild elev sine resultat og prestasjonar.       <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Forskinga er tydeleg på at elevane sine læringsresultat aukar når elevane blir møtt med klare og tydelege forventningar. Arbeid med kartleggingsprøver i Vokal skal støtte opp under dette.</li> <li>○ Alle elevane skal fullføre grunnskule og vidaregåande skule. Nissedal-elevar har tilnærma 100 % gjennomføring av 13-årig skuleløp, og det må halde fram.</li> </ul> </li> <li>● Kvaliteten på skulen, både når det gjeld undervisning, bygningar og læringsresultat skal liggje over gjennomsnittet for landet.       <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Lærarane skal ha naudsyn kompetanse til å undervise i dei faga og på dei stega dei er. Det skal utarbeidast ein kompetanseplan som sikrar at så skjer.</li> </ul> </li> </ul>	<p>dugleik som satsingsområde i samarbeid med HiT.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Tveit-Nissedal har byrja på dette. Dei har tatt i bruk IKT-trappa til Porsgrunn kommune.</li> <li>○ Dette arbeidet blir naturleg nok utsett til lese- og skriveplanen er ferdig.</li> </ul> <li>● Skulen skal ha høge forventningar til kvar einskild elev sine resultat og prestasjonar.       <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Skulane har sett seg som mål å nytte alle obligatoriske og frivillige kartleggingsprøver frå Udir. Desse blir systematisert i Vokal. TPO-koordinator på Tveit skule har fått ein time i posten sin til å vere koordinator for desse tinga for alle skulane. Det blir utarbeidd ein plan for forarbeid, gjennomføring og oppfølging/etterarbeid.</li> <li>○ Dette arbeider Nissedal ungdomsskule godt med. Faget utdanningsval går som ein raud tråd gjennom alle tre skulåra. Rådgjever leiar arbeidet. Ho har også fleire onesamtalar med alle elevane gjennom desse tre åra, for å syte for nok hjelp overfor kvar einskild elev slik at dei alle vel vidaregåande utdannings om dei kan lukkast med.</li> <li>○ Kompetanseplanen er ikkje påbegynt.</li> </ul> </li>
---	--

<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Skuleleiarane skal ha naudsyn kompetanse til å leie arbeidet med fag, personal og økonomi så vel som administrasjon. Relasjonsleiing som kompetanse er naudsynt i arbeid med å leie menneske.</li> <li>○ Skulebygningane skal vere lovlege i tråd med <i>Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skole</i>.</li> <li>○ Skulen skal setje seg mål med dei nasjonale prøvene og arbeide medvite i tråd med undervisningsopplegg frå Utdanningsdirektoratet om korleis ein nyttar også nasjonale prøver i lys av vurdering for læring. Arbeidet skal omfatte alle lærarane i eininga.</li> <li>○ Skulen skal setje seg mål for grunnskulepoeng over tid og arbeide systematisk for å nå måla.</li> <li>○ Elevundersøkinga som blir gjort kvart år skal nyttast som eit styrande verktøy for læringsleiinga i skulen.</li>   <li>○ Skuleleiarane skal nytte prinsipp frå elevsentrert leiingsmetodikk i skulekvardagen.</li> <li>● Opplæringslova pålegg kontinuerleg utviklingsarbeid i skulen. Målet med utviklingsarbeidet i Nissedalskulen skal vere å endre og utvikle læraren sin praksis i klasserommet slik at kvar einskild elev oppnår eit så godt læringsutbytte som mogleg. <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Utviklingsarbeidet skal alltid vere basert på 1) forskning og 2) krav i gjeldande lov- og regelverk.</li> <li>○ Det skal nyttast eksterne</li> </ul> </li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ To av fire skuleleiarar har fått byrje på master i utdanningsleiing ved UiA.</li> <li>○ Utbetring av skulebygga i hht miljøretta helsevern er planlagt utført i 2015.</li> <li>○ Måla er satt i plan for betre læring og plan for gjennomføring er under arbeid. Rettleiarkorpset frå Udir hadde fagdag med lærarane om dette tema januar -15.</li> <li>○ Dette er gjort i "Plan for betre læring"</li> <li>○ Rektorane har ansvar for dette. Dei bruker ståstadsanalysen årleg, og elevundersøkinga er fast del her. Hausten 2014 var det full brukarundersøking, med elevar, foreldre og lærarar.</li> <li>○ Rektorane har vore på kurs i elevsentrert leiing med Viviane Robinson den 24.4.14 og har fått boka hennar "Elevsentrert skoleledelse" til kvar skule.</li> <li>○ Dette er eit absoluttkrav som me heile tida etterlever.</li> <li>○ I arbeidet med Vurdering for</li> </ul>
---	---

<p>kompetansemiljø i utviklingsarbeidet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Kollegarettleing er ein analysemodell (som byggjer på LP-modellen) og skal nyttast aktivt og kontinuerleg som reiskap for å finne nye løysingar på gamle utfordringar. Analysemodellen kan nyttast på utfordringar både i klasserommet og på leiarnivå, i alt arbeid som inneber relasjonar mellom menneske.</li> <li>● Nissedalskulen skal samarbeide godt med Vest-Telemark PPT til det beste for elevane sitt læringsresultat, både på system- og individnivå.       <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Halde fram med tpo-møte og syte for at vesentlege utfordringar knytt til læringsmiljø blir drøfta på ein løysingsretta måte</li> <li>○ Syte for at styrking av felles læringsmiljø blir prioritert når ein byggjer ned spesialundervisning med vedtak.</li> <li>○ Skulane skal leggje til rette for at PPT kan ha faste møtetidspunkt i skulane.</li> </ul> </li> <li>● Elevane får kunnskap om lokal kultur, tradisjon og næringsliv slik at dei får lyst til å busetje seg i kommunen.       <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Det skal alltid på førehand bli utarbeidd målplanar med læringsmål som er knytt til kompetansemåla i Kunnskapsløftet, når ein skule arrangerer læringsaktivitetar knytt til lokal kultur, tradisjon og næringsliv.</li> </ul> </li> <li>● Nissedalskulen skal samarbeide godt med barnehage, kultur, helsetenester, barnevern, politi og andre institusjonar.</li> </ul>	<p>læring har me ein konsulent frå BroAschehoug, Hilde Schjerven.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Det er fastsett tid i plan for utvikling inneverande skuleår.</li> <li>○ Alle skulane har tpo-møte etter plan der PPT deltek.</li> <li>○ Dette er ei særskilt viktig oppgave for politikarane.</li> <li>○ Tveit-Nissedal er med i eit pilotprosjekt der PP-rådgjevar er til stades på skulen 3 timar kvar veke; kontortid. Dette kjem i tillegg til tpo-møta.</li> <li>● Det er mykje av dette på alle skulane       <ul style="list-style-type: none"> <li>○ All opplæring knyttast til kompetansemåla i læreplanen.</li> </ul> </li> </ul>
---	---

<ul style="list-style-type: none"> <li>○ I særleg grad samarbeid gjennom a) prosjektet tidleg innsats, b) kurset Kjærleik og grenser samt c) i overgangane mellom barnehage-grunnskule-vidaregåande skule</li> </ul> <p><b>Sfo:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Skulefritidstilbodet (sfo) skal vere kjenneteikna av å understøtte skulen sitt arbeid med elevane si faglege, personlege og sosiale utvikling.       <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Sfo skal ha fokus på fire område: Eit kvalitativt godt leksetilbod, sunn mat i ein sunn kropp, fysisk aktivitet og sosial kompetanse.</li> <li>○ Ferdigstille og take i bruk årshjul og årsplan</li> <li>○ Ferdigstille og take i bruk retningsliner innan kosthald</li> </ul> </li> </ul> <p><b>Vaksenopplæring:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Nissedal kommunale vaksenopplæring skal syte for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for fleirspråklege etter Introduksjonsloven.       <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ein skal ha eit system som sikrar at alle som ifølgje lova har rett på gratis opplæring i norsk og samfunnskunnskap, får det.</li> <li>○ Fleirspråklege får i utgangspunktet opplæring i nynorsk.</li> <li>○ Åra 2014-16 skal Nissedal kommune busette flyktningar. Norskopplæring er ein stor del av introduksjonskurset som går over to år, og flyktningane vil få norskopplæringa i vaksenopplæringa</li> </ul> </li> <li>● Vaksne utan fullført grunnskuleutdanning skal få opplæring slik at dei kan ta grunnskuleeksamen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Kyrkjebygda oppvekstsenter har svært godt arbeid med overgang frå barnehage til skule. Helsesyster har kontortid på Tveit-Nissedal ein halv dag kvar veke. 8. klasse har hatt "Kjærleik og grenser" i vinter.</li> </ul> <p><b>Sfo:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Er innarbeidd i årsplanen.</li> <li>○ Ok</li> <li>○ Ok</li> </ul> <p><b>Vaksenopplæring:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Dette blir gjort. P.t. er det tre elevar som vedtak i tråd med Introduksjonslova.       <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Det har me.</li> <li>○ Ja</li> <li>○ Flyktningar blir busett i løpet av 2015. Flyktingkonsulentar er tilsett.</li> </ul> </li> <li>● Vaksne utan fullført grunnskuleutdanning skal få opplæring slik at dei kan ta grunnskuleeksamen.</li> </ul>
---	---

<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Dette er lovpålagt, og i tråd med styrande mynde sine satsingar på basiskompetanse for alle vaksne. Ein skal leggje til rette for at alle vaksne som ikkje har grunnskule, får tilbod om å fullføre grunnskulen.</li> <li>○ Ein skal tilby undervisning i tråd med dei behova som er for grunnskuleutdanning for vaksne i Nissedal kommune.</li> </ul> <p><b>Øvrige mål for planperioden:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• God budsjettkontroll</li> <li>• Revidere ROS-analysane og beredskapsplanar</li> <li>• Gjennomføre medarbeidersamtalar og vernerundar etter oppsett plan.</li> <li>• Sjukefråværet i 2013 var 5,14%. Målsettinga for 2014 er kome under eller halde sjukefråværet på 2013-nivå.</li> </ul> <p><b>Enkelttiltak 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Avslutte initieringsprosjektet Vurdering for læring (juni), og syte for vidareføring av VFL som eit viktig fundament i vårt grunnleggjande pedagogisk syn.</li> <li>• Igangsetje utarbeiding av Plan for tidleg innsats saman med eining for barnehage og helsetenestene</li> <li>• Starte (august 2014) arbeidet med Plan for lese- og skriveopplæring. Det inkluderer naudsyn kompetanseheving innan t.d. dysleksifeltet samt ei haldningsendring retta mot at lesing og skriving går føre seg i alle fag.</li> <li>• Ta i bruk IKT-trappa på alle steg i grunnskulane.</li> <li>• Halde fram med å utgreie nytteverdien av bruk av iPad i byrjaropplæring innan lesing og skriving gjennom eit pilotprosjekt ved Fjone skule i skuleåra 2013-14 og 2014-15</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ok</li> <li>○ Ok</li> </ul> <p><b>Øvrige mål for planperioden:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ok</li> <li>• ROS-analyse brann er fullført 2014</li> <li>• Ok</li> <li>• Sjukefråværet i 2014 var flotte 3,27%.</li> </ul> <p><b>Enkelttiltak 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ok</li> <li>• Me er i gang!</li> <li>• Alle lærarane er i gang med dysleksikurset. August 2015 set me i gang samarbeid med HiT med lesing som satsingsområde.</li> <li>• Tveit-Nissedal er godt i gong.</li> <li>• Det er ein suksess så langt.</li> <li>• Pilotprosjekt i Kyrkjebygda.</li> </ul>
--	---

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utreie innføring av 60-minutts økter og femdagars skule gjennom eit pilotprosjekt ved Kyrkjebygda skule i skuleåret 2014-15</li> <li>• Utreie innføring av ephorte som arkiv- og sakshandsamingssystem for alle lærarar, gjennom eit pilotprosjekt ved Tveit skule-Nissedal ungdomsskule i skuleåret 2014-15</li> <li>• Utreie læringsrelevansen i uteskule</li> <li>• Utreie behov for sfo i 11 månader, kontra ti månader i dag</li> <li>• Utreie om det er behov for å revidere Kompetanse- og bemanningsplanen og ev setje i gong dette</li> <li>• Vere med på Utdanningsdirektoratet sitt Veilederkorps (jan 14-juni 15)</li> <li>• Utreie moglegheit for busetting av flyktningar (Introduksjonslova)</li> <li>• Innarbeide i budsjettet innsparing ved vakanse på kr 194.000.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Frå skulestart har me ikkje papirarkiv på Tveit skule-Nissedal ungdomsskule. Alle lærarane er nå i ePhorte.</li> <li>• Ok.</li> <li>• Ikkje begynt på. Lagt på is i periode utan eiga einingsleiar.</li> <li>• Ikkje begynt på. Lagt på is i periode utan eiga einingsleiar.</li> <li>• Dette er på plass og gjev rektorane/einingsleiar stort utbytte!</li> <li>• Ok.</li> <li>• Ok.</li> </ul>
--	---

### Sjuefråvær:

Sjuefråværet i 2014 var totalt på 3,27%

Av dette var 1,35 korttidsfråvær og 1,92% langtidsfråvær.

Dette er eit godt resultat og me er glade for at sjuefråværet er så lågt. Me opplever at me har medarbeidarar som står på og kjem på jobb til tross for at dei kanskje heller burde halde senga.

Alt fråvær (inkl. kurs og møteverksemd) resulterer i eit større press på vikartimar på dei som er att på jobb. Det er stadig ei utfordring og ein bør sjå på andre moglegheit for å løyse denne utfordringa.

### Kompetanseutvikling:

Grunna ingen kommunale opplæringsmidlar kunne ikkje to skuleleiarar halde fram med vidareutdanning (Master i skuleleiing) 2014. Frå 2015 tek dei til med studiet på nytt.

**VFL-prosjektet** (Vurdering for læring) går sin gang. VFL skal vere med vidare som ei plattform for elevsyn, læringssyn og opplæring. Einingsleiar skule var fram til Kjersti Vevstad slutta ressurspersonen og kontaktpersonen overfor Utdanningsdirektoratet. I april overtok Reidun Carol Retterholt og Eli Janne Olimstad desse oppgåvene. Sluttrapport blei levert til Udir i september. Det blei i haust laga ferdige planar for arbeid med VFL på Tveit skule/Nissedal ungdomsskule. Fjone og Kyrkjebygda skal få desse på plass vinteren 2015. Hilde Schjerven ved Bro Aschehaug hjelper oss med kvalitetssikring av planane.

**Rettleiarkorpset** er gratis etterutdanning for leiarane i skulane. Det er i regi av Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet, såkalla *Veilederkorpset*.

Rettleiarkorpset gir støtte til skuleeigarar og skular for å styrkje utviklings-, endrings- og forbetningsarbeidet i skulen.

I samarbeid med rettleiarkorpset og Udir hadde me **ekstern skulevurdering** i september, med vurdering i Vurdering for læring.

Rektorane var på kurs om **elevsentrert leiing** den 24.04. Det var i regi av Skolelederforbundet og professor frå New Zealand Viviane Robinson holdt kurset. I etterkant har ein fått tilsendt bok på emnet.

Eininga sendte tre lærarar på to-dagarskurs i **klasseleiing** i Flekkefjord 23-24 april der Thomas Nordahl var ein av foredragshaldarane. To av desse plassane blei betalt over prosjektet "Betre læring".

I oktober var det felles planleggingsdag for alle skuletilsette i Vest-Telemark. Det var Thomas Nordahl som hadde foredrag med temaet: "**Betre læring for alle elevar**".

#### **HMS-Internkontroll:**

Vernerundar er gjennomførte etter plan. Dei største avvika blir retta opp i 2015; miljøretta helsevern og skilleveggar i dusjane.

#### **Rekneskapskommentar:**

Ramme for budsjettet i 2014 blei endra på lik linje med dei andre einingane, men vakansekrav og innsparingar

I budsjettet var det lagt til grunn ei reforhandling av funksjonstillegg, som skulle gje ei innsparing på kr 100.000 på årsbasis og med ein verknad på kr 40.000 i 2014. Av ulike årsaker er ikkje desse forhandlingane gjennomført og ein har då ikkje fått realisert den budsjetterte utgiftsreduksjonen. Kostnad til gjesteelevar i Gjerstad blir i år kr 240.000. Dette er kr 20.000 meir enn kva som er lagt inn i ramma for eininga.

I 1. tertial blei anslaget på inntekter knyt til refusjon for gjesteelevar auka med kr 210.000. Dette synte seg i ettertid å vere noko optimistisk og eit realistisk anslag nå er dette må reduserast att med kr 130.000

Inventar og utstyr måtte aukast med 80 000,- grunna kjøp av nye elevdatamaskiner til eksamen i vår. I tillegg var det ikkje med i budsjettet kr 55.000 til ulike lisensar.

Det er funne inndekning for budsjettavvika over ved å redusere vikarbudsjetten grunna friske medarbeidarar og lite vikarbruk. I tillegg er fleire driftspostar blir redusert/omprioritert. Resultatet er at budsjettet når blei "barbert" i 2. tertial.

Bidraget til vakanse frå eining for skule blei løyst slik:

-59 000 kr. ved at ein lærarstilling ved Kyrkjebygda skule blei redusert frå 70% til 47%.

-194 000 kr. ved at ein ikkje har tilsett ny einingsleiar frå 01.04.14 og ut året. Rektor ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule har vore konstituert einingsleiar i perioden. Inspektør og konsulent ved skulen har hatt auka stillingar til 100% i perioden.

Konsekvensane av det siste har vore at eining for skule har arbeidd vidare med allereie igangsette tiltak og utviklingsprogram, men det har ikkje blitt sett i gang dei store nye satsingane. Dette kan ein begrunne vel så godt med at me i rettleiing med "Veilederkorpset" har blitt fortalt at skule har hatt alt for mange prosjekt på ein gong, og at me må gje oss tid til å få det me alt held på med skikkeleg på plass før me går vidare. Rektorane og politikarane har nok merka at det ikkje har vore ein einingsleiar på plass, og Tveit skule har samtidig merkt at dei ikkje har hatt ein rektor heilt på plass.

Våren 2014 blei skulen si ramme styrka med 117 000 kr. for å tilsette ein assistent til å arbeide med ein skulemiljøsak. Det var ein sak som hadde vore vanskeleg over tid. Å ha ein assistent tett på var svært positivt i saka. Frå hausten 2014 kunne me flytte miljøarbeidaren vår til den saka.

Fjone skule fekk 85 000 kr. til ramma til skyss då ein elev frå Treungen bytta skule frå Tveit skule til Fjone skule.

Frukt og grønt i skulen blei innført att med kr. 20 000,- Dette ville dekke behovet ved å bestille inn frukt og grønt til 70% av elevmassa, då ein tidlegare har sett at det har vore ein del frukt til overs. Dette ser ut til å fungere bra. Alle får frukt og det blir lite svinn.

I desember fekk vaksenopplæring eit tilskott frå staten på 537 000 kr meir enn forventa. Denne kom fordi det kom ein ny elev til vaksenopplæringa (norskopplæring for minoritetsspråklege) som gjorde at kommunen gjekk opp eit nivå på tilskotta.

#### **Avvik i høve til sluttresultatet:**

Eining for skule sit i år att med eit mindreforbruk på kr. 12 000,- Nærare eit budsjett i balanse er det vanskeleg å kome. Me ønskjer å ta med oss overskottet til 2015 og gje desse "ekstra" midlane til elevrådet, øyremerka trivselstiltak i skulen. Dette fordi det samsvarer med eit slags "overskott" i kantina, som er tenkt å gå til nettopp dette føremål.

## **17. EINING FOR BARNEHAGE**

### **Kommuneplanen sine mål:**

#### **Nissedal kommune gir eit godt barnehagetilbod til alle som ønskjer det.**

- Sikre full barnehagedekning.
- Satse på kompetanseutviklingstiltak for dei tilsette for å betre kvaliteten på det pedagogiske innhaldet i barnehagane.
- Sikre at barnehagen blir ein arena for første steg i eit livslangt læringsperspektiv.
- Sikre godt samarbeid og god samanheng i overgang frå helsestasjon og mellom barnehage og skule.
- Leggje til rette for ein barnehage som gir eit godt fagleg og sosialt grunnlag.
- Sikre at barnehagane fangar opp barn som har behov for særskilt oppfølging og tilrettelegging, uavhengig av årsak (tidleg innsats).
- Leggje til rette for godt samvirke mellom barnehage, skule, kultur og heim slik at barna kjenner seg heime i bygda dei bur i.
- Leggje vekt på brukarane sine behov ved planlegging og organisering av barnehagetilbodet som eit viktig middel for å få nye innbyggjarar til kommunen.

**Planverk styrande til drifta:** Lov om barnehage og Rammeplan for barnehagar.

<p><b>Delmål for planperioden:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det skal vera eit aktivt samarbeid mellom barnehagane i Nissedal kommune</li> <li>• Barnehagen skal vera utviklande organisasjon som legg til rette for læring og endring.</li> <li>• Det skal utarbeidast årsplan for kvar barnehage.</li> <li>• Leik og språk er satsingsområdet for alle</li> </ul>	<p><b>Gjennomført 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnehagane har hatt felles planleggingsdagar, felles pedagogmøter og assistentmøter.</li> <li>• Vi har lagt vekt på at alle avdelingsmøter, planleggingsdagar og andre møte skal ha fagleg innhald. Alle fagarbeiderane/assistentane får intern opplæring innanfor satsingsområda.</li> <li>• Utført</li> <li>• Alle årsplanane i barnehagane er</li> </ul>
--	---

<p>barnehagane 2014/15 - det skal utarbeidast felles språkplan for alle barnehagane i kommunen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnehagane skal gjennomføre foreldresamtalar minst to gonger i året pr.barn.</li> <li>• Barnehagane skal ha minimum to foreldremøter pr. barnehageår.</li> <li>• Barnehagen skal samarbeide med dei ulike skulane for å sikre overgangen barnehage/skule for det einskilde barnet.</li> <li>• Eininga skal i samarbeid med skule, barnevernstenesta, helsesystem, PPT og psykisk helse lage ein plan for tidleg innsats.</li> <li>• Levereglane brukast aktivt i alle samanhengar.</li> <li>• Vernerundar og medarbeidarsamtalar vert gjennomført etter oppsett plan.</li> <li>• Sjukefråværet i 2013 var 7,24. Målsettinga for 2014 er å koma under 6%.</li> <li>• God budsjettkontroll.</li> </ul> <p><b>Enkelttiltak 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Finne dekning for utgifter til kommunal kontantstøtte stipulera til kr. 70 000,- i 2014.</li> <li>• Finne dekning for vakanse stillingar tilsvarande kr. 131 000,-</li> <li>• Stenge barnehagane jule- og påskeferien. Innsparing kr. 90 000,-</li> <li>• To pedagogar skal fullføre vidareutdanning i leing i barnehage , og i "pedagogisk veiledning".</li> <li>• Samarbeide om kurs i relasjonspedagogikk i samband med</li> </ul>	<p>bygd opp kring felles satsingsområdet. Språkplanen er vi i gang med.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomført</li> <li>• Gjennomført</li> <li>• Dette samarbeidet skjer i tråd med plan for overgang barnehage – skule</li> <li>• Einingsleiar, styrarane og spesialpedagogen er i gang med kurs i relasjonpedagoikk saman med einingsleiar/skule, rektorane, PPT, jordmor og helssystem. Vi skal ha to kursdagar hausten -14, to våren -15 og ein kursdag hausten -15</li> <li>• Levereglane er jamnleg tema på avdeling/personalmøte og medarbeidersamtelene</li> <li>• Gjennomført</li> <li>• Sjukefråværet i 2014 - 9.29%</li> <li>• Jamnleg gjennomgang av budsjettet saman med styrarane i barnehagen. Og jamnleg gjennomgang av budsjettet med rekneskapsjef.</li> <li>• Utgiftene til kontantstøtte blei stipulera ned til kr. 50.000,- . Dei reelle utgiftene for 2014 blei kr. 44 122,-. Fann inndekning for dette ved auka inntekter i foreldrebetaling i Treungen barnehage.</li> <li>• Har redusert vikarutgiftene frå opprinneleg budsjett i alle barnehagane tilsvarande kr. 131 000,-</li> <li>• Utført</li> <li>• Gjennomført</li> <li>• Denne kurspakka er i gang.</li> </ul>
--	--

<p>prosjektet "Tidleg innsats" som er eit tverrfagleg prosjektsamarbeid mellom barnehage – helse – skule.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide årsplan for kvar barnehage</li> <li>• Legge til rette for kompetanseheving innanfor språkutvikling hos barnet for personalgruppa i eininga.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomført</li> <li>• Kompetanseutvikling innanfor språkutvikling hos barnet har vi fått til ved hjelp av PPT, og ved refleksjonsarbeid internt i personageruppa. Blir jobba med kontinuerleg.</li> </ul>
---	---

### Sjuefråvær:

Sjuefråvær for 2014 9,29% . Langtidsfråvær: 7,04 - kortidsfråvær: 2,24%.

Barnehagane har eit høgt sjuefråvær i forhold til dei andre einingane i kommunen.

Årsaken til sjuefråværet er samansatt. Vi har hatt langtidssjukmelde der fråværet ikkje er relatert til arbeidet i barnehagen.

Vi veit at tilsette i barnehagen arbeider tett på brukarane og blir utsett for mykje smitte.

Barnehagane har heile tid fokus på førebyggjande tiltak for å få ned fråværet. Vi har hatt tett oppfølging av dei langtidssjukmelde med jamnleg dialog.

### Kompetanseutvikling:

Eininga har lagt til rette for vidareutdanning for pedagogar. Begge to har fullført.

I 2014 har vi hatt mindre lokale opplæringsmiddel slik at eksterne kurs og opplæringar i liten grad har blitt prioritert.

Eininga fekk kompetansemiddel frå fylkesmannen. Desse midla er øyremerka og blei bruka til kurs retta mot satsingsområdet i barnehagane. Vi hadde bl.a felles planleggingsdag med dei andre kommunane i Vest-Telemark i hausten.

I tillegg fekk eininga kr. 40 000,- i kompetansetillegg frå fylkesmannen retta mot assistentane i barnehagen. Desse fekk vi i sommaren -14, og har difor satt kr. 20 000,- på fond til bruk i 2015.

Ein assistent i Treungen har delteke på kurs i kompetanseheving for barnehageassistentat(KOBASS) i regi av Høgskulen i Telemark. Dette kurset kvalifiserer til 15 studiepoeng. Ho skal ta eksamen våren-15.

Ein assistent i Haugsjåsund er i gang med å fullføre fagbrevet som barne og ungdomsarbeider. Venta eksamen våren - 15

### HMS-Internkontroll:

Ved gjennomgang av vernerundane våren -14 i barnehagane avdekket ingen avvik som er til fare for brukarane eller dei tilsette.

På vernerunden blei det påpeka svært dårleg lyd-akustikk i den "gamle" delen av Treungen barnehage. Det har blitt utført klangmåling. Dette var innanfor dei godkjente verdiane. Det har ikkje blitt utført støymåling med barna tilstades. Barnehagen har søkt NAV om tilretteleggingstilskot til innkjøp av lydempande plater til montering på vegg og tak.

**Rekneskapskommentar:**

Eit barn i 1.klasse frå Felle fekk frå hausten- 14 sfo-tilbodet sitt i Felle barnehage. Eininga fekk kr. 37 550,- for å auke assistentressursen 20%. (k.sak 57/13). Heilårsverknad 2015 kr. 108 750,- . Auke til stillinga til 30% frå hausten -15 då tilbodet vil gjelde to barn.

Eininga fekk i k.sak 17/14 auka ramme for 2014 på kr. 192 000,-. Årsaken var å imøtekomme behovet for barnehageplassar i Haugsjåsund barnehage. Det var stort press på barnehageplassane for barnehageåret 2014/15. Personalressursen blei auka med 0,5 pedagog og 0.8 fagarbeider gjeldande frå 1 august-14. Heilårsverknad i 2015 kr. 460 000,-.

Eininga har eit mindreforbruk i 2014 på kr.185 588,- .

Vi har hatt auka inntekter på brukarbetaling i Treungen og Felle barnehage utfrå opprinneleg budsjett, tilsaman kr 46 000,-.

Barnehageåret 2014/15 er eitt år der kommunen gir tilbod til relativt store fødselskull. Sjølv med stor andel av søskenmodrasjon har ein kunne dekke utgifter til ubudsjetterte kontantstøtteutgifter med desse auka meirinntektene på brukarbetaling . Utgifter til kontantstøtte 2014 kr. 45 000,-

Ved pålagte innsparingar på vakante stillingar på kr. 131 000,- så blei dette fordela på vikarkontoane i dei ulike barnehagane.

Eininga har bruka mindre vikar ved frávær gjennom heile året. Og vi har i stor grad bruka "billigare" vikarer enn dei tilsette vi har fått sjukerefusjon for.

I tillegg har styrarane gått inn i arbeid på dei ulike avdelingane i si administrasjonstid. Dette er ingen god løysing på sikt.

Mindreforbruket skuldast og vakant styrar/pedagogisk leiar i Treungen barnehage frå 1 oktober -14.

Ein assistent har gått i 50% av stillinga, og 50% styraroppgåver har blitt fordela på to andre pedagogar med ein viss økonomisk kompensasjon.

Vi har gjennom heile 2014 hatt fokus i barnehagane å spare på forbrukskontoane. Det har difor ikkje blitt bruka meir på desse kontoane enn heilt nødvendig.

Eit mindreforbruk på tilsaman kr.112 000,- i heile eininga. Årsaka er signala om at 2014 ville bli eit økonomisk vanskeleg år. Oppgraderingar av forbruksmatriell, inventar og utstyr har ikkje blitt gjort meir enn høgst nødvendig i dei ulike barnehagane.

**18. EINING FOR KULTUR.****Kommuneplanen sine mål:**

**Skape eit rikt og variert kulturliv for alle og la dette bli ei av drivkreftene til ein positiv auke i folketalet i Nissedal.**

- Kulturtilboda i kommunen skal femne alle og gi auka trivsel.
- Mangfaldet av kultursatsinga vert organisert av eining for kultur som i sitt arbeid stimulerer til samarbeid mellom lag, organisasjonar og andre til eit rikt og yrande kulturliv som verkar samlande på alle i kommunen.

- Kommunen sitt folkehelsearbeid legg til rette for fysisk aktivitet for alle i samarbeid med lag og organisasjonar.
- Kommunen gjer aktiv bruk av utvalde kulturminne for å fremje innbyggjarane si kjensle av identitet og tilhøyr og attraktiviteten som reisemål.
- Nissedal kulturskule skal bli eit kulturelt ressursenter der kulturskuletilboda er varierte, kreative og tilrettelagde for den einkilde elev.
- Nissedal folkebibliotek skal vere eit samlingspunkt for alle og stimulere til leselyst i alle aldrar.
- Nissedal ungdomsråd skal vere aktivt og engasjerande, og jobbe for at ungdom vil kome til Nissedal etter endt utdanning.
- Nissedal kommune skal bli oppfatta som ein føregangskommune for bruk av nynorsk.

### Planverk styrande til drifta:

Lov om offentlege styresmaktens ansvar for kulturverksemd (**kulturlova**) LOV-2007-06-29-89  
 Lov om folkebibliotek. Folkebibliotekloven. LOV-1985-12-20-108

<b>Delmål for planperioden:</b>	<b>Gjennomført 2014:</b>
<p><b>Heile eininga:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ha som mål at alle i eining for kultur har eit arbeidsmiljø dei trivast i og er spennande og utfordrande.</li> <li>• Auke kulturskuletilbodet i kommunen.</li> <li>• Utarbeide kulturminneplan for Nissedal kommune</li> <li>• Tenestene og arrangement vi leverer skal vere synlege på heimesida og kommunens facebook, og ved annonsar og plakatar.</li> <li>• Levereglane brukast aktivt i alle aktuelle samanhengar.</li> <li>• Sjukefråværet for 2013 var 0,93% Dette er lågt, men vi har som mål for 2014, same nivå eller lågare.</li> <li>• Vernerundar og medarbeidersamtalar vert gjennomført etter oppsett plan.</li> <li>• God budsjettkontroll</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det har vore fokus på eit godt arbeidsmiljø.</li> <li>• Var ei målsetting og vart jobba med mot 2015. Det var ikkje mogleg å gjennomføre tiltaket innfor rammene for 2014.</li> <li>• Ikkje starta på. Utsett til 2015.</li> <li>• Alle tilbod vart godt annonsert på kommunens heimeside og facebook og ved annonsar og plakatar.</li> <li>• Levereglane vart jobba med.</li> <li>• Sjukefråveret i 2014 var på 3,32%. Målsettinga om å ligge under 1% klarte ein ikkje å innfri.</li> <li>• Vernerunde for skule og kultur vart gjennomført 24. april og medarbeidersamtalar vart gjennomført i veke 38.</li> <li>• Budsjettet vart jobba med gjennom året, det var spesielt fokus innsparingskrav og vakansar.</li> </ul>

<p><b>Fritidsklubb:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ungdomsklubben er inkluderande for alle i målgruppa 8. klasse til 18 år.</li> <li>• Ungdommen skal vere med å bestemme programmet i stor grad og ungdomsklubben skal vere på facebook og på heimesida.</li> </ul> <p><b>Ungdomsrådet:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ungdomsrådet er midlertidig lagt ned for 2014 som eit innsparingstiltak i budsjettet for 2014. Ungdomsrådet er lagt inn i budsjettet for 2015.</li> </ul> <p><b>Kino:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Einingsleiar skal lage årleg avtale med bygdekinoen.</li> <li>• Legge til rette for auka besøkstal i 2014.. I 2011 var det 70,7 publikum pr. framsyningsdag, i 2012 var det ein nedgang til 49,4 publikum pr. framsyningsdag. I 2013 steig besøkstalet til 55,6 pr. framsyningsdag. Målsetting for 2014 er 70 publikum pr framsyningsdag.</li> </ul> <p><b>Bibliotek:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nissedal folkebibliotek jobbar med å auke utlån av alle media. Mål for biblioteket er 4 i utlån alle media pr. innbyggjar i 2014. I 2013 vart utlånet 3,7 pr. innbyggjar, ei auke frå 2011 då det vart lånt ut 3 bøker pr. innbyggjar.</li> <li>• Jobbe for eit godt samarbeid med skule og barnehage. Målsetting å ha 2 møter i året for betre samarbeid mellom skule, barnehage og bibliotek.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ungdomsklubben jobba med å vere inkluderande og at flest mogleg av ungdommen ynskte å nytte seg av tilbodet. 16,2 ungdommar har i gj. snitt brukt ungdomsklubben i år. Fredag er den mest populære dagen.</li> <li>• Ungdommen har bestemt programmet i ungdomsklubben. I haust vart det og fast treningstid på onsdagar i Fleirbrukshallen frå kl 15.00 – 17.00 som det vert lagt opp til både organisert og uorganisert trening. Ungdommen har nytta dette og har vore nøgde med tilbodet.</li> <li>• Ungdomsrådet har ikkje hatt aktivitet i 2014 og heller ikkje budsjett fordi dette vart spart inn budsjettprosessen</li> <li>• Avtale med bygdekinoen for 2014 vart laga og avtalte kinoframsyingar gjennomført.</li> <li>• Besøkstalet for bygdekinoen vart for 2014 57,2 publikum pr framsyningsdag. Målet på 70 pr framsyningsdag vart ikkje nådd. Vi hadde gode filmar, men det er ganske varierende kor mange som kjem på kvar framsyning.</li> <li>• Målet om å kome over 4 i utlån vart nesten nådd i 2014, med 3,94 i utlån alle media pr innbyggjar.</li> <li>• Det har vore møte mellom skule og bibliotek, barnehage og bibliotek har ikkje hatt møte, men mange treffpunkt gjennom året, der barnehagane har vore på biblioteket.</li> </ul>
--	--

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det vert eit generelt redusert tilbod på nye bøker og filmar sidan bokbudsjettet er redusert med 30.000,- for 2014.</li> </ul> <p><b>Spelemidler-kommunalt tilskot:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ha eit tett samarbeid med idrettsrådet i prioritering av spelemiddelsøknadar som kjem inn.</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rullere handlingsdelen av kommuneplanen kvart år.</li> </ul> <p><b>Ålmenne kulturtiltak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tett samarbeid med skulane om den lokale delen av Den kulturelle skulesekken.</li> <li>• Dele ut prosjekt og kulturmidlar med fokus på barn og unge.</li> </ul> <p><b>Kulturvern og samlingar:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Legg til rette for at bygdebøkene er lett tilgjengelige for publikum.</li> </ul> <p><b>Kulturskule:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvar elev i kulturskulen skal ha ein individuell plan som går over eit halvt år av gongen og ha tilbod om foreldresamtale 2 gonger i året.</li> <li>• Kulturskulen skal arrangere minst 2 konsertar i året der kvar elev kan vise fram kva den har jobba med.</li> <li>• Kulturskulen arrangerer UKM i samarbeid med ungdomsklubben.</li> <li>• Kulturskuletimen vert lagt til rette slik at det er så lett som mogleg for den einslide elev å møte opp. Timen vert lagt rett etter skuleslutt på tysdagar og kvar skule i kommunen får tilbodet på sin skule.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Redusert bokbudsjett var svært vanskeleg å handtere, og vart ei målsetting vi ikkje klarte å halde. Bokbudsjettet som var på 35.000,-, sprakk med 19.000,-</li> <li>• Møte med Nissedal idrettsråd er gjennomført. Idrettsrådet fordelte treningstider på Fleirbrukshuset, fordelte LAM-midlar og gjennomførte årsmøte. Behandling av Rullering av kommunedelplanen for idrett og friluftsliv vart gjennomført.</li> <li>• Saka vart lagt fram i kommunestyret i desember-møtet 2014.</li> <li>• Ny plan for Den kulturelle skulesekken lokalt vart jobba med, men ikkje ferdigstilt til politisk behandling.</li> <li>• Kulturmidlar og prosjektmidlar vart fordelt for 2014, 61.000,- til lag og organisasjonar i kommunen.</li> <li>• Bygdebøkene ligg for sal i resepsjonen på kommunehuset.</li> <li>• Det vart jobba med individuelle planar for elevane. Foreldresamtale for vår og haust 2014 vart gjennomført.</li> <li>• Vårkonserten vart gjennomført 11. juni og jolekonsertar vart gjennomført 9. og 10. desember.</li> <li>• UKM vart gjennomført 5. mars og det vart sendt eit sceneinnslag og 3 bilde til fylkesfinalen. Vi slit med rekruttering til UKM, men jobbar med korleis dette kan bli betre.</li> <li>• Kulturskuletimen vart gjennomført og er eit populært tiltak. Dette er 2. år med kulturskuletimen og, som i fjor, starta undervisninga på Fjone skule. Etter Fjone var det Kyrkjebygda sin tur, før Tveit skule fekk undervisning</li> </ul>
---	--

<p><b>Enkelttiltak 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Motbakkelop: Er med å arrangere løpet som kommunens bidrag til arrangementet og med folkehelse som fokus. Gjennomførast innafor ramma.</li> <li>• Tilrettelagt tursti: Jobbar vidare med prosjektet, ”Ein sti for alle”, ein universelt utforma tursti i området ved Sommarsletta, industriområdet og toglinja i samarbeid med Rådet for funksjonshemma og Folkehelsekoordinator.</li> <li>• Markering av 200-års grunnlovsjubileum..</li> <li>• Ha eit tett samarbeid med barnehagane om kulturelle tilbod for barnehageborn.</li> <li>• Starte arbeidet med å utvikle kulturminneplan:</li> <li>• Utarbeide eventuelle manglande stillingsomtaler.</li> <li>• Gjennomføre innsparingstiltak jamfør budsjett for 2014:        Vakanse: 19.000,- (Ikkje kjend med nokon ledige/vakante stillingar i eininga i 2014).        Ikkje kulturpris: 10.000,-        Ikkje Ungdomsråd: 8.000,-        Redusert bokbudsjett: 30.000,-</li> </ul>	<p>til slutt i skuleåret.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Motbakkelopet vart gjennomført. Det vart eit flott løp i år også. God reklame for kommunen.</li> <li>• Det vart jobba med turstien. Var i formannskapet som ei drøftingssak og la fram kor langt vi hadde kome i arbeidet med stien. Vi søkte på midlar til planlegging av universell tilrettelegging av Sommarsletta og fekk midlar til dette av departementet som vi jobbar vidare med i 2015.</li> <li>• Markering av grunnlovsjubileet vart gjennomført 17. mai. Jubileet vart markert i dei ulike 17. mai-feiringane og med ein festkveld på Fleirbrukshuset på kvelden. Festkvelden vart arrangert i samarbeid med 17. mai-komiteen i Treungen.</li> <li>• Det har blitt tilrettelagt for 3 barnehageframsyning i 2014.</li> <li>• Utsett til 2015.</li> <li>• Vert jobba med.</li> <li>• Innsparingstiltaka vart gjennomført ved redusert bokinnkjøp på biblioteket, noko som var vanskeleg å gjennomføre. Når det gjaldt vakansar, var ein bevisst på å ikkje sette inn vikar, men på tilbod som publikum forventa at blei gjennomført, vart det sett inn vikar. Dette gjaldt på kulturskulen og ungdomsklubben. Innsparingskravet klarte ein ikkje å dekke inn ved vakansar og ein måtte då finne midlane i ramma. Ungdomsrådet vart det ikkje jobba med og budsjettet på 8.000,- vart spart inn. Det vart ikkje gjennomført arrangement i år sett bort i frå kulturskulekonsertar og markering av grunnlova på 17. mai. Bassenget vart stengd 15. mars i staden for 15. april og det opnar igjen 15. november i staden for 15. oktober. Dette for å</li> </ul>
--	---

	spare inn kostnader ved å ha bassenget ope som vanleg.
--	--

### Sjukefråvær:

Sjukefråværet gjekk ned frå 5,83% i 1. kvartal til 3,42% i 2. kvartal. Det totale sjukefråværet for heile 2014 vart 3,32%. Målsettinga om å ligge under 1% som i 2013, klarte vi ikkje å halde, men er likevel nøgde med resultatet. Sjukefråværet i eininga er ikkje relaterte til arbeidsforhold og er ganske likt fordelt på langtidssjukemelding, kortidssjukemelding og eigenmeldingar. Ved langtidssjukemelding vart oppfølgingsplan og samtalar gjennomført og tilrettelegging av arbeid vart gjort. Vikar vart sett inn der sjukefråværet hadde direkte innverknad på tenesteproduksjonen. Vikarløysing fungerte greitt.

Det er ei målsetting å ha kort avstand frå tilsett til leiar, slik at eventuelle problem/utfordringar kan løysast så tidleg som råd. Dette for å førebyggje sjukefråvær.

### Kompetanseutvikling:

Einingsleiar og dei tilsette på ungdomsklubben var med på eit kurs om teieplikt. Dette var svært nyttig for oss fordi vi nokon gonger kan kome i dilemmasituasjonar jamfør teieplikt fordi kultur ikkje høyrer under spesielle lovverk som helse eller skule gjer. Ein står på ein måte på utsida, og dette var såleis eit svært nyttig kurs. Det vart ikkje gjennomført andre kurs i eininga som følgje av innsparingskrav.

### HMS-Internkontroll:

Vernerunde for skule og kultur vart gjennomført 24. april og medarbeidersamtalar vart gjennomført i veke 38. Dei to største avvika, lekkasje i taket ned i gardrobar og innsyn i garderober, vert lukka i løpet av fyrste halvår 2015.

### Rekneskapskommentar:

For kultur var ein klar over at 2014 ville bli eit utfordrande år, og ein la medvite ned ambisjonsnivået, slik at det for det aller meste var ordinær drift og ikkje mykje i tillegg til det som vart prioritert.

Året starta med eit innsparingskrav som såg slik ut:

Spare inn

- 10.000,- på kulturpris/arrangement
- 8.000,- på ungdomsråd
- 30.000,- i redusert bokbudsjett
- 19.000,- i vakansar

Ein såg fort at innsparing på vakansar ville bli svært vanskeleg å nå, og for å nå dette kravet vart posten tenestekjøp redusert på kulturskulen, det vart ikkje gjennomført dansekurs eller anna utafor normal undervisning i kulturskulen. Det vart ikkje gjennomført arrangement anna enn grunnlovsjubileet som vart markert på 17. mai og var eit samarbeid mellom 17. - maikomiteane og kommunen. To kulturskulekonsertar vart gjennomført som planlagt, dette er å sjå på som ein del av undervisninga elevane skal igjennom i løpet av skuleåret. Ungdomsrådet var ikkje i drift.

Redusert bokbudsjett visste vi at ville vere svært vanskeleg å klare og ein såg at i september var bokbudsjettet på 30.000,- brukt opp. Vi hadde ein ambisjon om å ikkje kjøpe inn meir resten av året, men dette var vanskeleg å halde, fordi publikum hadde forventningar om eit visst tilbod i biblioteket. Vi måtte kjøpe inn noko meir, og håpa å kunne redusere på andre postar i staden. Bokbudsjettet på 30.000,- sprakk med 20.000,-.

Av andre postar som fekk eit negativt forteikn, var bygdekinoen. Filmleiga for 2014 heldt seg så å seie innafor ramma på 12.000,-, dette er vi nøgde med, fordi det heng saman med eit relativt bra publikumstal, sjølv om det har vore ein auke i prisen på filmleige. Det var i så måte knytt ei spenning til om dette budsjettet ville halde. Men, på lønskostnadar i bygdekinoen vart det ein sprekk på 14.000,-, dette på grunn av auka lønsutgifter. I budsjett for 2015 er denne differansen tatt høgde for.

Gjennom året vart det gjort desse endringane i samband med 1. og 2. tertialrapport:  
I 1. tertial vart det justert for auke i KLP og SPK med til saman 27.000,- som ramma vart styrka med.

I 2. tertial vart det kompensert for auka lønskostnadar som fylgje av tilsetting av fagutdanna bibliotekar med 20.000,- som ramma vart styrka med.

Ramma vart også styrka etter sentralt oppgjer i kap 4, 341, 342 og 5, lokalt oppgjer. I utgangspunktet var ramma i 2014 1.929.000,-, etter budsjettendringar vart ramma 2.111.000,-. Sluttresultatet vart 2.144.176,-. Dette er ein differanse på 33.176,-

Meirforbruket på 33.176,- skuldast momenta belyst ovanfor. Ein vart klar over at desse postane ville sprekk i løpet av året, og ein sparte inn på andre postar, men meirforbruket vart likevel 33.176,-

Eit anna moment for meirforbruket var at det vart mindre inntekt i kiosk på Fleirbrukshuset enn budsjettert. Det var budsjettert med ei inntekt på 14.000,-, og total inntekt vart 5.800,-. Om ein ser på heile posten på kiosk Fleirbrukshus, inntekt og utgifter, ser ein at det er ein mangel på inntekt på 8.000,- Dette skuldast for det meste at offentleg bading var redusert med 2 mnd. Dette skulle vore budsjettert for, men har blitt oversett dessverre, og er ein administrativ feil.

Tiltak/tenesteområde som ikkje er gjennomført:

Arbeid med kulturminneplan vart utsett til 2015 fordi ein såg at ein ikkje ville ha kapasitet til dette i 2014. Planen skal vere eit samarbeidsprosjekt mellom kultur og næring.

3. tertial.

Meirforbruket i eininga er i sum 33.176,- og skuldast i hovudsak momenta belyst over. Eining for kultur har eit budsjett som er stramt og ein såg at i 2014, med fleire innsparingskrav, at dette var svært vanskeleg å gjennomføre.

Vakanse

I utgangspunktet har kultur lite midlar avsett til vikar. Vi har over fleire år hatt lågt sjukefråvær og har såleis ikkje budsjettert med nesten noko til vikarbruk.

I 2014 fekk vi nokon få sjukemeldingar, for det meste var dette sjukemeldingar som gjekk direkte ut over tenesteproduksjon, og ein måtte sette inn vikar. Slik innsparingskravet vart tyda frå kultur si side, skulle ikkje innsparing på vakanse gå ut over tenesteproduksjon. Kravet om å spare 19.000,- på vakansar klarte vi ikkje å nå. For å spare vart andre postar prioritert ned.

I dei stillingane som ikkje hadde med direkte tenesteproduksjon å gjere, vart det ikkje sett inn vikar.

Som konklusjon kan ein seie at innsparingskrava for kultur har vore svært krevjande å klare å innfri. Budsjettet er svært lite i utgangspunktet. Det mest krevjande har vore redusert bokbudsjett og vakansekrav. Dette fordi vi på desse punkta ikkje har slingringsmann i eit vanleg budsjett og med redusert budsjett, enno vanskelegare.

I budsjett for 2015 er bokbudsjett, post for arrangement, lønsutgifter til bading og kino og kulturskulen styrka. Dette er svært positivt og gjev eit betre tenestetilbod i kultur.

## 19. EINING FOR HELSE OG HABILITERING

### Kommuneplanen sine mål:

**Nissedal kommune har tryggje helse- og omsorgstenester som legg grunnlaget for god livskvalitet i alle livets fasar.**

- Kommunen skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Kommunen gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheims plassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem.
- Kommunen skal vere førebudd på nye oppgåver som ein konsekvens av den store satsinga på hyttebygging og auka tal på innbyggjarar i store delar av året.

<b>Delmål for planperioden:</b>	<b>Gjennomført 2014:</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareutvikle bruk av Profil, dataverkty for pleie- og omsorgstenestene. Dette inneber elektronisk journal, PLO meldingar, nye sakshandsaming og vedtaksprosedyrer, samordna med aktuelle tenester innan eining for helse- og habilitering, NAV og pleie- og omsorg.</li> <li>• Vidareføre IPLOS, informasjonssystem som inneheld relevante og nødvendige opplysningar om søkjar og mottakarar av kommunale helse og sosiale tenester.</li> <li>• Vidareutvikle brukarmedverknad i tenestene. Gjennomføre brukarundersøking i tråd med kvalitetsreforma.</li> <li>• Vidareutvikle internkontrollsystem</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Plo meldingar er nå innført.</li> <li>• Er innført.</li> <li>• Brukarundersøking er gjennomført. Resultata for eininga er gode og vil bli nytta til å planleggje drifta i 2015.</li> <li>• Er etablert og innarbeidd.</li> </ul>

<p>innafor avdelingane. Dette skal sikre at brukarar vert ivareteke i høve til gjeldande lover og forskrifter. Vedteke rutinar skal leggest ut på kommunens nettsider.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Levereglane brukast aktivt i alle aktuelle samanhengar.</li> <li>• Eininga skal vidareutvikle sin kompetanse i bruk av individuelle planar.</li> <li>• Gjennomføre medarbeidarsamtaler og vernerundar etter plan.</li> <li>• Arbeide vidare med tilfredstillande arbeidstilhøve for alle tilsette i eininga.</li> <li>• God budsjettkontroll og fylgje økonomiutviklinga gjennom tertialrapportar.</li> <li>• Fylgje opp sjukemeldte i tråd med IA- avtala. Sjukefråværet i 2013 var 9,39% Mål for 2014 er å kome under 8 %. Vidareutvikle samarbeidet med bedriftshelsetenesta og arbeidslivssenteret for å prøve å redusere fråværet og betre arbeidsmiljøet.</li> <li>• Kontinuerlig arbeide for en god teneste, samsvar mellom ressursar og oppgåver.</li> <li>• Revidere bustadsosial handlingsplan</li> </ul> <p><b>Enkelttiltak 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fylgje opp HMS-plan. Mangelfull oppfølging av internopplæring, kvalitetssystem, datasystem, fag og personellsystem.</li> <li>• Anskaffe nytt epj. system til legekantoret.</li> <li>• Revidere plan for hab-/rehabilitering i Nissedal kommune.</li> <li>• Fortsette med tverretatleg frisklivsarbeid.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ingen spesielle tiltak gjort i 2014.</li> <li>• Kontinuerlig arbeid.</li> <li>• Medarbeidarsamtaler er gjennomført med alle tilsette i 2014.</li> <li>• Det er gode arbeidstilhøve for alle tilsette i eininga.</li> <li>• Eininga har god budsjettkontroll. Det vert bruka mykje tid frå einingsleiar på dette arbeidet. Rekneskapet isar eit mindreforbruk på ca. 900 000 i 2014.</li> <li>• Eininga har i 2014 eit sjukefråvær på 3,19%. Av dette r 1,73% korttidsfråvær og 1,46% langtidsfråvær. Dette er eit veldig bra resultat.</li> <li>• Tenestene er gode. Det er utfordrande å møte innbyggjaranes forventningar om utvida og nye tenester med einingas stramme økonomi.</li> <li>• Utsatt til 2015.</li> <li>• Ny handlingsplan er utarbeisa etter vernerundar 14 april. Det er utarbeidet nye opplærings permar for Profil. Alle nyttilsette får nødvendig opplæring.</li> <li>• Nytt system er innført og i bruk.</li> <li>• Revisjon av planen vert utsatt til 2015 grunna bemanningssituasjonen innanfor fysioterapi.</li> <li>• Arbeidet med friskliv er noko endra. Me fortsetter med frisklivsaktivitetar, men har ikkje tilsett</li> </ul>
---	---

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Starte arbeidet med revisjon av bustadsosial handlingsplan</li> <li>• Innarbeide i budsjettet innsparing på kr 213.000 ved vakanse.</li> </ul>	<p>frisklivskoordinator i 2014 grunna usikker økonomi. Aktivitetane vil bli drevet av tilsette i helseavdelinga. Me har fått 250 000 kr til prosjekt arbeid med kronikergrupper. Arbeidet starta opp 7 april 2014</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utsatt til 2015.</li> <li>• Eininga har innarbeidt heile summen.</li> </ul>
---	--

### Sjukefråvær:

Sjukefråværet i 2014 vart 3,19%. Dette er fantastisk bra. Det viser at trenden frå 2013 fortsett og at eininga klarte målsettinga om eit sjukefråvær på under 8%.

Fråværet er fordelt mellom 1,73% korttidsfråvær og 1,47% langtidsfråvær.

Tallene viser at det jobbast godt med sjukefråvær i eininga og det gjer ein god indikasjon på høg grad av tilfredsheit i tilsette gruppa.

### Kompetanseutvikling:

Det er ikkje satt av kompetanse midlar i 2014. Likevel har eininga ein tilsett som tek vidareutdanning innan psykisk helsearbeid. Vidare deltek tilsette på rimelege kurs sett opp av fylkesmannen og helse sør øst. Det har vore opplæring i bruk av profil gjennom tenestekontoret. Eininga søker kompetansamidlar frå fylkesmannen saman med eining for omsorg.

### HMS-Internkontroll:

Internkontrollar er gjennomførte med mindre avvik som er retta opp.

### Rekneskapskommentar:

Eininga har som heilheit eit mindreforbruk på kr 897 000. I all hovudsak er det mindreforbruk av lønsmidlar særleg på Kaasa. Kaasa nyttar tilgjengelege ressursar på ein betre måte enn tidligare og me ser no resultata av eit målretta arbeid gjennom 1,5 år. Det er særleg redusert innleie ved fråvær og lågt sjukefråvær og nytting av personell på tvers av oppgåver innanfor Kåsa som ligg til grunn for mindreforbruket.

#### 2535 Helsesyster :

Avdelinga har eit mindreforbruk på 130 000 kr alt knytt til løn. Bakgrunnen er ei endring av organisering i 2014 der personell vart flytta over til 3343 psykiatri. Budsjettet er endra i 2015

#### 3343 Psykiatri :

Avdelinga har eit meirforbruk på 93 000 kr der alt er knytt til løn. 50 000 kr er eit meirforbruk av løn til støttekontaktar. Resultatet må sjåast saman med resultatet for 2535 helsesyster. Til saman har avdelingane eit mindreforbruk på 37 000 kr.

#### 3303 Jordmor :

Avdelinga har eit mindreforbruk på 28 000 kr. Mindreforbruket er knytt til løn. Fødselstalet var lågare i 2014 enn i 2013. Dette resulterte i mindre inntekter som vart justert i 2 tertial.

**3300 Legekontoret :**

Avdelinga har eit meirforbruk på 59 000 kr. Samla hadde lønspostane eit meirforbruk på 82 000 kr . Dette skyldast overlapping ved tilsetjingar. Driftspostane hedde eit meirforbruk på 43 000 kr. På inntektssida er ei meirinntekt på 66 000 kr. Til saman eit meirforbruk på 59 000 kr i avdelinga. Inntektene på legekontoret er auka med 480 000 kr i høve til opprinnelig budsjett for 2014.

**3341 Mila :**

Avdelinga har eit mindreforbruk på 33 000 kr. Dette skyldast svært nøktern god drift og auka salsinntekter. Det er i 2014 nytta 20 000 kr på heilt naudsynte oppgradering av kjøkken utan tillegsløyvingar.

**3340, 3344, 3345, 3346 Kåsa bu og avlasting :**

Avdelinga har eit mindreforbruk på 734 000 kr. Alt er knytt til redusert bruk av løn, både variabel løn ( ferie, sjukevikar, overtid osv.) og fastløn. Avdelinga har ei inntektssvikt på forventta refusjon for ressurskrevjande brukarar på 211 000 kr. Så det reelle mindreforbruket av løn er på 945 000 kr.

**3304 Fysioterapi :**

Avdelinga har eit mindreforbruk på 114 000 kr. Dette skyldast auke i fastlønstilskott på 53 000 kr. og mindreforbruk av løn fordi fysioterapi tenesta også finansierast av tilskott til frisklivs aktivitetar og tilskott til kronikar arbeid.

**3308 Friskliv :**

Aktivitetane går i balanse i 2014

**3305 Adm. helse og habilitering :**

Avdelinga har eit mindreforbruk på 16 000 kr.

Alle avdelingane i eininga med unntak av legekontoret og psykiatrien har eit mindreforbruk i 2014. Dette er ingen tilfældighet men er eit resultat av målretta arbeid, fokus på kostnader, nøktern drift, gode medarbeidarar og tydeleg leiing.

## **20. EINING FOR OMSORG**

### **Kommuneplanen sine mål:**

**Nissedal kommune har tryggje helse- og omsorgstenester som legg grunnlaget for god livskvalitet i alle livets fasar.**

- Kommunen skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Kommunen gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheims plassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.

- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem.
- Kommunen skal vere førebudd på nye oppgåver som ein konsekvens av den store satsinga på hyttebygging og auka tal på innbyggjarar i store delar av året.

### Lovverk styrande for drifta:

Helse og omsorgstenestelova, Helsepersonellova, Arbeidsmiljølova

<b>Delmål for planperioden:</b>	<b>Gjennomført 2014:</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvalitetsforskrift for pleie- og omsorgstenesta skal vere førande for alt arbeid.</li> <li>• Opparbeidd kompetanse nyttast på tvers av aktuelle avdelingar.</li> <li>• Vidareutvikle brukarmedverknaden i tenestene.</li> <li>• Gjennomføre brukarundersøkingar.</li>   <li>• Alle bebuarar på omsorgssenteret skal framleis ha enkeltrum.</li>   <li>• Etablere dagtilbod for eldre.</li>   <li>• Vidareutvikle internkontrollsystem innafor avdelingane.</li> <li>• Fylgje med på utviklinga med omsyn til omfang av tenester til personar som er på mellombels opphald i Nissedal kommune</li> <li>• Nasjonalt kompetanseløftet. Søke eksterne midlar som stimulerar til kompetanseheving/fagutvikling.</li>   <li>• Forhindre auke i talet deltidstillingar.</li>   <li>• Vernerundar og medarbeidarsamtalar vert gjennomført etter oppsett plan. Sjukefråværet for 2013 var 7,14%. Målsettinga for 2014 er å kome under 7%.</li>   <li>• Førebygge arbeidsbelastning fysisk og psykisk for tilsette i heile eininga.</li>   <li>• Oppfylgning av sjukmelde i tråd med IA-avtalen.</li> <li>• Levereglane brukast aktivt i alle aktuelle</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvalitetsforskrifta er førande for alt arbeid i eininga.</li>   <li>• Ulik fagkompetanse nyttast på tvers av avdelingane.</li> <li>• Gjennom tenestekontor/og brukarundersøkinga har vi fått auka kunnskap.</li> <li>• Brukarundersøkinga vart gjennomført hausten 2014.</li> <li>• Alle bebuarar har hatt eige rom, ved eit par einskildhøve har ein nytta eit kontor til pasientrom.</li> <li>• Eininga vil gjere eit forarbeid med hensyn til dagtilbod for personar med demens i 2015.</li> <li>• Arbeider kontinuerleg med dette.</li>   <li>• I 2014 år har vi hatt 7 personar på mellombels opphald hatt rett på tenestetilbod frå Nissedal kommune</li>   <li>• Eininga for omsorg og helse/hab. Har søkt og motteke kr 140 000 kompetansemidlar frå fylket. I tillegg mottok vi 60 000 i desember.</li> <li>• Samarbeider med tillitsvalde ved tilsetjingar.</li> <li>• Vernerundar er gjennomført og medarbeidarsamtalar vert ivareteke.</li> <li>• Sjukefråværet for 2014 er 6,84% som er betre enn målsettinga. Det meste skuldast langtidsfråvær.</li>   <li>• Eininga har fokus på dette i det daglege arbeidet. I periodar har vi hatt behov for styrka bemanninga grunna auka pleietyngde.</li> <li>• Fyljer opp sjukmeldte i tråd med IA-avtala.</li> <li>• Brukast aktivt ved tilsetjingar og</li> </ul>

<p>samanhengar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• God budsjettkontroll</li> </ul> <p><b>Enkelttiltak 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktiv deltaking kring samhandlingsreforma.</li> <li>• Forankre etikk og etiske refleksjon som integrert drift i den ein skilde avdelinga.</li> <li>• Profil, innføring, opplæring og bruk av elektroniske meldingar.</li> <li>• Eininga skal auke sin kompetanse i bruk av IP (individuell plan arbeid) og demensarbeid.</li> <li>• Nasjonalt kompetanseløft. Søke eksterne midlar saman med helse og habilitering til kompetanseheving/fagutvikling. Med vekt på helsefagarbeidar og vidareutdanning av høgskulepersonell i, geriatri, rehabilitering, demensomsorg og psykiatri.</li> <li>• Eininga ser på moglegheit til å kunne vidareføre aktivitetsplan for bebuarane på omsorgssenteret.</li> <li>• Utvikle e-læringsmodul i sakshandsaming Profil.</li> <li>• Tilpasse stillingsressursane på tenestekontoret til løyvd ramme for 2015.</li> <li>• Innarbeide i budsjettet innsparing på kr 255.000 ved vakanse, kr 150.000 i høve inndraging av lønsmedel til aktivtør og elles til ein kvar tid vurdere moglegheit for innsparing der det er vakanse i stillingar, på bakgrunn av organisering av vikarbank.</li> </ul>	<p>personalmøter.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Godt samarbeid internt og med økonomiavdelinga.</li> </ul> <p><b>Enkelttiltak 2014</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Deltar på ulike kurs og samlingar. Brukar delavtalane som eit verktøy til samhandlinga. Planlegging av oppstart av KAD-plass (kommunal akutt plass) på Nissedal omsorgssenter.</li> <li>• Integrert i eininga.</li> <li>• Elektronisk meldingsutveksling mellom sjukehuset Telemark og lokalt legekantor er på plass.</li> <li>• Tenestekontoret har det koordinerande ansvaret for IP, grunna manglande opplæringsmidlar er det ikkje gjennomført internopplæring i år Opplæring i demens, sjå neste pkt</li> <li>• Motteke kr 140 000 Fem personar gjennomfører Demensens ABC over to år, kurset kostar ikkje mykje, men dei treng frikøpt tid og vi avhengig av vikar. Ein sjukepleiar har gjennomført klinisk geriatri studie.(15 vektall)</li> <li>• Sidan aktivtørstillinga ikkje er i drift 2014, er oppgåvene nedprioritert.</li> <li>• Utført i samarbeid med Fyresdal.</li> <li>• Gjennomførast v/ naturlege avgang i eininga/omplassing internt i kommunen</li> <li>• Årsresultatet viser at me ikkje klarte dette, til tross for hard prioritering av vikarinnleige. Lønnskostnadane har eit overforbruk på kr 509 000, av desse utgjer kr 340 495 overtid. Reglar for overtid slår hyppig inn i turnusarbeid.</li> </ul>
--	--

**Sjukefråvær:**

Fråvær 2014 var 6,84 %. 4,96% langtidsfråvær og 1,88 % korttidsfråvær. Målsettinga var på 7%.

**Kompetanseutvikling:**

Det var i 2014 lite fokus på kurs og opplæringar, då kommunale opplæringsmidlar var trekt inn. Gledeleg likevel at vi på grunn av eksterne kompetansemidlar kunne vidareføre Demensens ABC for fem deltakarar og gjennomført vidareutdanning i klinisk geriatri ( lære om aldring og sjukdomar hjå eldre) for ein sjukepleiar.

**HMS-Internkontroll:**

Det vart gjennomført medarbeidersamtaler på alle avdelingar.

Vernerunde og ROS analyse vart gjennomført 01.04.2014. Det var Teresita Matre som var verneombud og andre deltakarar var ;avd.leiarane, einingsleiar og Tellev Eriksen og Karin Lauvdal. Det var registrert 9 avvik; Til tider vond lukt på kjøkken og vaktrom på SA. Årsak død mus på loftet. Overoppheting på loftet kan utløyse brannalarm. For dårleg arbeidslys på Vaktrom somatisk avd. Inga solavskjerming på somatisk avd. Lause ledningar på vaktrom SA, somatisk og kontorkonsulent. Slitasje på på 4 bad på somatisk , tunge skyvedørar. Gulvet på vaskeriet treng måling. Bytte ut PC på skjerma og somatisk. Mangel på kontinuerlig fokus på opplæring.

Ein del av avvika er lukka – men det står fortsatt enkelte punkt att.

Handlingsplan 2015, som tek utgangspunkt i sjekklista for vernerunda beskriv behov for tiltak/gjennomføring. Her kan nemnast behov for solavskjerming på somatisk avd, overoppheting på loftet og utløsning av brannalarm; det er fortsatt eit problem. Eit anna behov som er meldt, er fleire takheisar på romma. ( i 2014 var det nedmontert ein øydelagd takheis).

Brannøving vart gjennomført 30.09.2014. Det var praktisk øving og undervisning, tilrettelagt av vaktmeister og brannvernleiar.

**Rekneskapskommentar:**

Med ramme kutt på kr 255 000, inndraging av aktivtørstilling (kr 150.000) og ytterlegare reduksjon på kr 146 000 etter 1.kvartal grunna meirforbruk i 2013, har eininga hatt eit svært stramt budsjett for 2014.

Då aktivtør stillinga blei tatt bort- gjekk den tilsette over i vanleg turnus- Ho behaldt stillinga si gjennom andre ledige vakter.

**Inntekt:**

Totale inntekter er oppjustert med kr 330.000 i løpet av året. Kr 110.000 er trekt ut av eininga og kr 220.000 er omdisponert i eininga.

Eininga har ei inntening på sal av plassar, vi har nådd inntektsmålet på kr 400 000 , i tillegg er kr 67 500 inntektsført fyrst i jan 2015.

**Lønn:**

Løn totalt 102,06% - periodisert løn etter 13.løn. Då Revisjonen no er strengare er det krav til føring av lønnsutgifter etter 13.løn. Det utgjer ein sum på kr. 59 000.

Vikarutgifter kr.150 000. Tilbod om å dekke opp merkantil vakanse i anna eining innsparing berekna til kr.100 000-det vart ikkje gjennomført pga endringar i forhold til merkantil stilling sentralbord/Kåsa og Omsorg.

Utgifter:

3370 Administrasjon: Her er eit meirforbruk lønn på kr 39 000. Dette må skuldast noko feilberekning, samt skifte av einingsleiar som ikkje bør tilleggas eininga.

3371 Pleie og Omsorg felles

Forbruksmatriell; Vi har hatt ein meirkostnad på medikamenter på kr 81000 og medisinsk forbruksmatriell på kr 17 000.

3372 Heimesjukepleia:

Driftskostnadane til bilane i heimesjukepleia syner meirutgifter på tilsaman kr 69000 i forhold til opprinneleg budsjett. I 2014 har vi hatt meir kjøring på grunn av auka tilsyn hos brukarar som bur langt frå sentrum. I store delar av året har vi og hatt brukarar som har hatt behov for hjelp i alle grendene samtidig.

3373 Heimehjelp:

Meirutgifter køyring, gjeld både heimehjelper og frivillige som køyrer ut middag til heimebuande kr 40 000 i forhold til opprinneleg budsjett. I 2014 har vi hatt større geografisk spredning frå dei som ynskjer middag- det utløyer større kjøreavstandar.

3374 Kjøkken og reinhald:

Matvarebudsjettet er overskride med kr.53 000

Reinhaldsmatriell er overskride med kr.20 000

Generelt:

Eininga i omsorg yter store og krevjande oppgåver som ein ikkje kan redusere på bakgrunn av den økonomiske situasjonen. Kvar einaste vakanse/fråvær i stillinga vert grundig vurdert før ein tek inn vikar. Men i periodar er vi heilt avhengig av å ha full bemanning, i ein del tilfelle er bemanninga så marginal at vi er nøyd til å styrke, sette inn ekstravakter for å gje ei teneste i tråd med kvalitetsforskrifta.

Ein del av utgiftene/driftsresultatet er det vanskeleg å sjå så tidleg som i sept. når vi arbeider med 3.tertialrapport.

Sjølv om felleskostnadane syner eit nokolunde samsvar mellom budsjett og rekneskap, er diverre samla drift og lønnsutgifter over budsjett for 2014.

Vi har hatt lite kontinuitet på leiarnivå og tre relativt nye avdelingsleiarar, som gjer at det er vanskeleg og uoversiktleg å oppsummere drifta gjennom året.

Vidare meiner vi at einingar som har turnus og døgnkontinuerleg skift i tillegg har krav til spesielle kvalifikasjonar utløyer meir overtid enn avdelingar med dagarbeidstid. Dette er ikkje nytt for 2014, men kjem særleg tilsyne på marginane er så stramme som dette året. I tillegg til vanlege vikarutgifter er overtid samla for heile eininga kr 340 000. Ein ser og at Klp kostnadane for heile eininga er kr 40 000 meir enn budsjettet.

## 21. EINING FOR TEKNISK DRIFT

### Kommuneplanen sine mål:

#### Nissedal kommune skal dekkje behovet for tekniske tenester og halde ein forsvarleg miljøprofil.

- Alle som er knytt til offentleg vassforsyning får nok, godt og reint vatn til vanleg hushald utan driftsavbrot.
- Kommunen tar hand om avløpsvatn, slik at det ikkje oppstår miljøskade og sjenerande tilhøve.
- Kommunale renovasjonstenester skal vere av god og tidsriktig kvalitet og ta omsyn til det ytre miljøet.
- Kommunen har gode og trafikksikre kommunale vegar, både sommar og vinter.
- Kommunen sikrar i samarbeid med Statens vegvesen gode og trafikksikre tilkomst til/frå fylkeskommunalt/statleg vegnett.
- Dei mjuke trafikantane ivaretakast særskilt, jf. Trafikksikringsplan.
- Kommunen legg til rette for tomter til bustader og næringsbygg etter behov.
- I Nissedal kommune er det trygt å bu der fortløpande arbeid med samfunnstryggleik og beredskap førebyggjer krisesituasjonar. Kriser løysast på lågast mogeleg nivå i samarbeid med dei kommunale einingane, brannvern, helsetenester og samordning med eksterne instansar som politi, sjukehus, sivilforsvar, bedrifter og frivillige organisasjonar.
- Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS) er ein del av kommunen sitt HMS-arbeid og internkontroll.

### Overordna planar innan eininga:

- o Handlingsplan for trafikksikring 2012-2015
- o Klima- og energiplan for Nissedal kommune 2010-2015
- o Plan for kriseleiing og beredskap.

<b>Delmål for planperioden:</b>	<b>Gjennomført 2014:</b>
<p><b>Heile eininga:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Levereglane brukas aktivt i alle aktuelle samanhengar.</li> <li>• Eininga skal ha eit godt arbeidsmiljø, der dei tilsette trivst.</li> <li>• Sjukefråværet var i 2013 9,25%. Mål for 2014 er å kome under 5%.</li> <li>• Eininga skal arbeide aktivt med HMS-arbeid.</li> <li>• Vernerundar og medarbeidarsamtaler vert gjennomført etter oppsett plan.</li> <li>• God budsjettkontroll.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Levereglane vert nytta i aktuelle samanhengar.</li> <li>• Tilbakemeldingar frå tilsette syner at dei fleste meiner at arbeidsmiljøet og trivsel er bra.</li> <li>• Sjukefråværet var på 2,33% (inkl. sjølvkostområde) i 2014.</li> <li>• HMS blir prioritert i det daglege arbeidet.</li> <li>• Vernerundar og medarbeidarsamtaler er gjennomført etter oppsett plan. Ikkje alt som kjem fram på vernerundane kan løysast utan eigne løyvingar.</li> <li>• Eininga har tilfredstillande budsjettkontroll.</li> </ul>

<p><b>Utleiebustader:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Halde alle utleiebustader i slik stand at dei er attraktive å bu i.</li> <li>• Sørge for at tildeling av bustader skjer etter gjeldane reglar.</li> </ul> <p><b>Bygg der det gjevast kommunale tenester (skular, barnehagar, institusjonar, kommunehus.):</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Halde bygga i forskriftsmessig stand.</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre investeringane for tida framover ved å prioritere utvendig vedlikehald.</li> </ul> <p><b>Andre bygg (NSB-eigedom.):</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre desse bygga for tida framover ved å prioritere utvendig vedlikehald.</li> </ul> <p><b>Grøntanlegg:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle kommunale grønntanlegg skal stå fram som presentable og i stand til å tene det føremål dei er etablert for.</li> </ul> <p><b>Kommunale vegar og plassar:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Halde normal vegstandard på kommunale vegar sommar og vinter.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunn mindre vedlikehaldsarbeid gjennomført i 2014 grunna innsparingar.</li> <li>• Tildeling skjer i samsvar med vedtatt rutine.</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomført vanleg vedlikehald. I tillegg har det vore ein del større feil/ikkje planlagde reparasjonar som utbetringar av ventilasjonsanlegg i kommunehuset, ombygging av brannmeldaranlegg på NOS, tak reparasjon på NOS, varmeanlegg på Kåsa, div. vedr. teknisk anlegg i symjehallen Totalt har dette medført kostnadar på om lag kr 200.000 utover budsjett for dei 5 største bygga til kommunen. Mykje av dette er innspara gjennom mindre vedlikehald på bustader og dei mindre bygga.</li> <li>• Minimalt utvendig vedlikehald pga. av vanskeleg budsjettsituasjon. Det er ikkje blitt utført større utvendig vedlikehaldsoppgåver i 2014.</li> <li>• Ikkje gjennomført tiltak på desse bygga i 2014.</li> <li>• Teknisk eining skulle i 2014 ha ei innsparing på kr 100.000 på standardnedgang innan vedlikehaldsområda. Dette førte til noko redusert vedlikehald av grønntanlegga.</li> <li>• I januar og februar 14 var det mykje nedbør og høg aktivitet på vintervedlikehaldet. Det meste av snøryddinga er sett bort på fast pris, strøing blir gjort opp etter medgatte utgifter og mildver gjorde at kostnadane ligg over budsjett. Store</li> </ul>
---	---

<p><b>Beredskap:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prioritere kompetanseheving av brannmannskap ihht. sentrale føringar.</li> </ul> <p><b>Vatn og avlaupsanlegg:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre investeringane ved gode rutinar på vedlikehald.</li> <li>• Sikre god kvalitet på drikkevatt, gjennom gode rutinar for drift og internkontroll.</li> <li>• Sikre miljøet mot utslepp av avlaupsvatt, gjennom gode rutinar for drift og internkontroll.</li> </ul> <p><b>Enkeltiltak 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppfølging av VA-utbygging på Gautefallheia i samarbeid med Drangedal kommune.</li> <li>• Utarbeide eventuelle manglande stillingsomtalar.</li> <li>• Utreie løysing kring reinseanlegg i Kyrkjebygda.</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge til rette for auke av abonnentar på v/a. Både på hytter og heilårsbustader.</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Følgje opp trafikksikringsplanen.</li> <li>• Standardnedgang kommunale tenester – innsparing kr 100.000 - Dette inneberer ein kvalitetsnedgang på kommunale tenester innan teknisk eining. Beløpet vil i hovudsak bli innspara på</li> </ul>	<p>nedbørsmengder i sommar/haust har ført til ekstra kostnadar på kommunale grusvegar, særleg i Nordbygda. Slutten av året var mildt med glatte vegar og meir strøing enn budsjettert.</p> <p>Fjoneferja fekk ny driftsoperatør 1.juni. Kommunen dekkar kostnadane med naudsynt båt- sertifikat for driftsoperatør og vara.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 4 tilsette i brannvesenet fullførte lovpålagt opplæring i 2014.</li> <li>• Har gode rutinar på vedlikehaldet.</li> <li>• Kvalitet og driftsrutinar på vassverka er bra.</li> <li>• Drift av kommunale avløpsanlegg er bra, ingen rutinar for oppfølging av private reinseanlegg.</li> <li>• Einingsleiar fyljer opp bygging av nye VA-anlegg.</li> <li>• Ikkje prioritert.</li> <li>• Ikkje utført i 2014 då Gautefallutbygginga er prioritert og det har ikkje vore kapasitet i eininga til å utgreie andre VA-prosjekt.</li> <li>• Kommunestyret har vedtatt eigne reglar for tvungen VA-tilknytning for hytter. Eigen prosjektleiar tilsett for å fylje opp dette. Kommunestyret gjorde vedtak om tvungen tilknytning for hytter i Felehovet nord.</li> <li>• Blir følgd opp. Eininga deltok på den årlege sikkerheitskonferansen .</li> <li>• Planlagt bygningsvedlikehaldet er redusert i 2014. Kantslått av kommunale vegar er</li> </ul>
--	--

<p>sommarvedlikehald av kommunale vegar og bygningsvedlikehald.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Stenge symjehallen i 2 månader meir enn vanleg- innsparing kr 80.000. – I 2014 vil symjehallen vere stengt frå 15. mars til 10. november.</li> <li>• Eigen gebyrsats for offentlege bygg – innsparing kr 200.000 - Her var det tenkt å redusere prisen for vatn og kloakk til dei offentlege bygga. Etter nærare utgreiing av tiltaket kan det synast som dette vil vere i strid med forureiningsforskrifta del 4A, kapittel 16 om kommunale vann og avløpsgebyrer. Kjem tilbake med endeleg avklaring i samband med 1 tertial.</li> <li>• Revidere forskrift om kommunale avgifter.</li> <li>• Legge til rette for vidare kafé-drift ved Fjonesundet.</li> <li>• Vakansar - innsparing gjennom vakansar er på kr 60.000. Dette vil bli innspara ved å ikkje ta inn vikar i samband med fødselspermisjon (avd.ingeniør og fagarbeider).</li> </ul>	<p>sløyfa.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Symjehallen blei stengt 15.mars og vil opne att 10.november. Tiltaket gjer ikkje så mykje reduksjon av energikostnadane som forventa.</li> <li>• Tiltaket er i strid med forureiningsforskrifta og kan ikkje gjennomførast. Tatt høgde for i 1. tertial.</li> <li>• Arbeidet er i gang, men ikkje fullført i 2014.</li> <li>• Kommunestyret vedtok å nytte forkjøpsretten til kafe-bygget ved Fjonesundet. Ny drivar av kafeen og ny driftsoperatør for ferja er på plass. Kommunen dekte opplæringskostandene for pålagt kompetansebevis for driftsoperatør og vikar på Fjoneferja. Ekstra kostnad på om lag 35.000.</li> <li>• Blei gjennomført som planlagt.</li> </ul>
---	--

### Sjukefråvær:

Sjukefråværet har gått betydeleg ned frå 2013 då langtidssjukefråværet var høgt. I 2014 var fråveret 2,74% for teknisk og 1,02% for tilsette innan sjølvkostområdet for vatn og kloakk. Samla gjer dette eit fråvær på 2,33% for eininga.

### Kompetanseutvikling:

Div. fagkurs er gjennomført. Utdanning av brannmannskap er prioritert og kostnadane rundt dette er betydeleg meir enn budsjettert.

Kommunen har dekt kostnader med kompetansebevis for ny driftsoperatør og avløyser til Fjoneferja.

**HMS-Internkontroll:**

Eininga gjennomfører vernerundar og nyttar systemet med avviksmeldingar. Det er registret ein del mindre avvik, men ingen personskadar eller skadar med store økonomiske konsekvensar. På vernerundar kjem det fram bygningsmessige manglar på til dømes ventilasjonsanlegg, bygningskonstruksjonar med meir der kostnadane ligg langt over det som kan dekkast i driftsbudsjetta. Manglane er omtala i den årlege tilstandsrapporten til teknisk eining og det må eigne løyvingar til for å lukke desse avvika.

**Rekneskapskommentar:**

Budsjettvedtak:

I teknisk eining sitt budsjett for 2014 var det gjort fyljande endring frå året før:

- Løns/prisvekst/pensjon auke med kr 223.000.
- Leigeinntekter frå kommunale utleigebustader auka med kr 35.000.
- Eigne gebyrsatsar for vatn og kloakk i kommunale bygg - kr 200.000.
- Generell standardnedgang - kr 100.000.
- Inndragning av 50% vakant fagarbeidarstilling -kr 230.000.
- Reduksjon av forsikringsutgifter - kr 65.000.
- Kostnadar til nytt nødnett auke med kr 95.000.
- Bruk av kraft og næringsfond auke med kr 178.000.
- Reduksjon av opningstid i symjehall -kr 80.000.

Endring av ramme i tertialkontroll:

- Sentralt og lokalt lønsoppgjer samt auke KLP kr 210.000.
- Innsparing gjennom vakanse - kr 60.000.
- Ikkje mogleg å ha eigne gebyrsatsar for kommunale bygg kr 200.000.
- Auke i feiegebyret kr 110.000.
- Auke bruk av kraftfond til veg/Fjoneferja kr 50.000.

**Rekneskapsresultat:**

Lønsutgiftene fekk ein forbruks-% på 99,12 tilsvarar eit mindreforbruk på kr 53.379 i høve til budsjett på 6.035.500. Største mindreforbruk er at einingsleiars løn delvis blir ført mot Gautefall VA og største meirforbruk er løn til brannmannskap på kurs/ utrykning.

Straum, forsikring og kommunale avgifter er kostnadsområde der eininga har liten innverknad på storleiken på utgiftene. Totalt på desse områda hadde eininga ein kostnad på 2,52 mill.i 2014. Dette er om lag 80.000. mindre enn i 2013.

Kostnadane til straum burde vore redusert som fylje av reduksjon i opningstid på symjehallen og ein mildare vinter enn i 2013. Endring av periodiseringsprinsipp på straumrekningane gjer at det i 2014 som eit eingongstilfelle måtte bokførast ei meirutgift på om lag 170.000. Kommunale avgifter og renovasjon har hatt ein årleg prisstigning over fleire år utan at detaljbudsjettet har blitt korrigert og dette har medført eit avvik her.

Rekneskapan viser at det til saman eit meirforbruk på kr.511.162 til saman for desse 3 utgiftspostane.

Drift av kommunale vegane kosta meir enn budsjettet i 2014. Mykje strøing ga meirforbruk på vintervedlikehaldet og store nedbørsmengder på kort tid ga fleire tilfelle av flaumskader på grusvegane sommaren/hausten 14. Særleg i Nordbygda er dette eit problem grunna bratte vegar. Som oppfyljing av vedtak om innsparing gjennom standardnedgang blei det ikkje gjennomført kantslått langs kommunale vegar i 2014, innsparing rundt kr 60.000. Totalt

blei det likevel eit meirforbruk i høve til budsjett på kr 92.000 innafor ansvar 4620 kommunale vegar mm.

Dei fleste andre ansvarsområda enn dei som er nemnd her har berre mindre avvik i høve til budsjett. Det er gjort ein del budsjettendringar mellom ansvarsområda for å dekke deler av meir kostnader til bygningsvedlikehald på dei største bygga, auke i kommunal avgifter, auka kostnader innan vegvedlikehald og drift av brannvesenet.

Rekneskapan for teknisk eining syner eit meir forbruk på kr 311.394 i høve til justert ramme på kr 12.555.000.

Ein stor del av eininga sin aktivitet i 2014 har vore innan vatn og avløp. Nye vass og avløpsanlegg i samband med Gautefallheia VA genererer og ombygging og tilpassingar av eksisterande anlegg. Leidningsnettet frå Treungen til Gautefallheia med trykkaukarar og pumpestasjonar vart fullført i 2014.

Administrasjonen har bruka mykje tid på planlegging av nye VA-anlegg og framtidig driftsopplegg for VA. Det er stor fokus på å få tilknytta nye abonnentar. Arbeid med tilknytting av eksisterande fritidsbustadar og overtaking av private vassverk pågår og me reknar med at dette vil gje ein betydeleg auke i abonnentalet i 2015.

Totale gebyrinntekter blei på ca. 8,92 mill. som er ca. 4% over budsjett. Sjølvkostberekningar viser at det i 2014 for vatn er ein dekningsgrad på 100,2% og for avløp 125,2%. Meir inntektene innan vatn og avløp vert avsett på sjølvkostfond som ved årsslutt er på ca.8,1 mill.

## 22. INTERKOMMUNALT PLANKONTOR

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal. Plankontoret har i 2014 hatt 5,95 årsverk fordelt på desse arbeidsoppgåvene.

### Kommuneplanen sine mål:

All arealbruk skal støtte opp om, og utvikle gode bumiljø og arbeidsplassar.

- Kommunens planverktøy skal til ei kvar tid vere oppdatert.
- Kommunen skal dekke etterspurnad av aktuell kartfesta informasjon.
- Alle byggesaker skal behandlast innanfor kva lova set som maksimal frist.
- Kommunens hovudmål om folketalsvekst skal aktivt understøttast ved planlegging av gode bumiljø.
- Vidare bygging av fritidsbustader skal ha miljøperspektiv der nøkternhet i storleik og energi- og ressursbruk er berande element.
- Plantiltak som kan gje varige arbeidsplassar innan kompetanse og service skal prioriterast.
- Tryggleik og beredskap skal leggest til grunn i arealplanlegginga.

<p><b>Delmål for planperioden:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sjukefråværet i 2013 var 2,79 % for plankontoret. Målsetjinga for 2014 er å halde sjukefråværet på same nivå eller lågare.</li> <li>• Gjennomføre årlege medarbeidarsamtalar.</li> </ul>	<p><b>Gjennomført 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det registrerte sjukefråværet var 1,25 %, alt som korttidsfråvær.</li> <li>• Desse blei gjennomført i februar.</li> </ul>
--	--

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gje tilsette nødvendig opplæring for å kunne meistre arbeidsoppgåvene, gjerne ved tilbud om etter- og vidareutdanning.</li> <li>• Aktiv budsjettoppfølging m.a. ved tertialrapporteringar.</li> <li>• Halde eit lågt gebyrnivå, men dette må likevel vere underordna målsetjinga om 100 % dekningsgrad for tenestene.</li> </ul> <p><b>Administrasjon og plan:</b> Arbeidsfelt: Kommuneplanar, reguleringsplanar, digitalt planregister, dispensasjonar frå plan, klagesaker, budsjett, fakturering, post, arkiv. Årsverk 2014: 1,20</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utveksling av informasjon, ved regelmessige drøftingsmøte mellom politisk leiing i kommunen og plankontoret.</li> <li>• Årleg sørgje for detaljregulering av minst fem nye attraktive tomter for heilårsbustad.</li> <li>• Aktiv bruk av heimesidene til kommunen ved at dei til ei kvar tid er oppdaterte.</li> </ul> <p><b>Kart og oppmåling:</b> Arbeidsfelt: Kartgrunnlaget og oppmåling etter matrikkellova. Årsverk 2014: 2,40</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nytte ein høg oppmålingskapasitet til også å tilby sal av oppmålingstenester.</li> <li>• Slutføre alle gamle mellombels kartforretningar.</li> <li>• Skaffe og ajourføre digitale kart i nødvendig omfang. (Geovekstprosjekt)</li> <li>• Vidareutvikle GIS-samarbeidet i Vest-Telemark.</li> </ul> <p><b>Byggesaksbehandling:</b> Arbeidsfelt: Byggesaksbehandling og utsleppssøknader. Årsverk 2014: 2,35</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vere ajour med byggesaksbehandlinga,</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Byggesaksbehandlar har vore på 1 dags kurs om tiltak på eksisterande byggverk. Konsulent har vore på kurs i KomTek (faktureringsprogram).</li> <li>• Dette er fylgd opp ved rapporteringane.</li> <li>• Rekneskapen syner ein dekningsgrad for oppmåling på 94,5 %, for byggesaksbehandling 65,4 %.</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dette er vidareført også i 2014.</li> <li>• Her er det noko å gå på frå åra før. Damkollen var tenkt planlagt i 2014, men vegvesenet har her innvendingar.</li> <li>• Dette er fylgd opp.</li> <li>• Ein av oppmålingsing. har vore utleigd til eigedomsskatt-prosjektet. Ingeniør i kombistilling oppm./ byggesak har pga oppseiing av fast byggesaksbeh. måtta prioritere b.sak.</li> <li>• Det blei laga plan for året for å slutføre desse. Talet kom ned i 59.</li> <li>• Geovekstprosjektet held fram. Inga større kartfornyng i året som gjekk.</li> <li>• Samarbeidet om felles programvare og innkjøp har halde fram.</li> <li>• Kontoret har vore ajour med nye</li> </ul>
--	---

<p>særleg framfor ferieavviklingar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomføre tilsyn i byggesaker.</li> <li>• Oppfølging og kontroll av gjevne utsleppsløyve for avlaupsvatn.</li> </ul> <p><b>Enkeltiltak 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Slutføre rulleringane av kommuneplanens arealdel og dei fem kommunedelplanane.</li> <li>• Ferdigstille og integrere det digitale planregisteret i publikumsretta innsynsløysingar.</li> <li>• Vidareføre igangsett adresseringsprosess.</li> <li>• Tilby sal av oppmålingstenester, til private og internt i kommuneorganisasjonen.</li> <li>• Vidare handtering av mellombels kartforretningar i samsvar med instruksjonar frå Statens kartverk og Fylkesmannen.</li> <li>• Innkjøp av ny totalstasjon.</li> <li>• Sak om mogleg omregulering av delar av Sundsodden frå næringsareal til hyttebygging/hustomter.</li> <li>• Utarbeide eventuelle manglande stillingsomtalar.</li> </ul>	<p>saker. Det er derimot ein del etterslep i saker der kontoret ikkje har fått tilbakemeldingar frå ansvarleg søkar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dette og neste punkt blei nedprioritert ut frå situasjonen med ny tilsett.</li> <li>• Sjå over.</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sluttbehandlninga skjedde i mai- og junimøta for kommuneplanen og kommunedelplanane Gautefallheia, Kyrkjebygda og Felle. Kommunedelplanane Treungen sentrum og Kyrkjebygdheia fekk utsett framdrift.</li> <li>• Dette er det arbeidd med gjennom året, men ikkje slutført.</li> <li>• Kommunestyret har vedteke veg- og områdeadresser.</li> <li>• Dette blei mindre aktuelt, sjå kommentaren over. Ein ing. har derimot deltatt i eigedomsskatt-prosjektet, som takstmann.</li> <li>• Arbeidet er gjort etter oppsett plan, men det har ikkje lukkast å kome i null ved utgangen av året. Det står nå igjen 59 slike saker.</li> <li>• Innkjøpet er blitt utsett.</li> <li>• Rulleringa av kommunedelplan for Kyrkjebygda omregulerte noko av dette arealet til bustadtomt(er).</li> <li>• Det er ikkje arbeidd vidare med dette.</li> </ul>
--	---

**Sjukefråvær:**

Sjukefråværet var året sett under eitt på 1,25 %. Alt fråvær var korttidsfråvær.

**Kompetanseutvikling:**

Ved at ein av byggesaksbehandlarane har slutta, har mykje kompetanse gått tapt, både fagleg og reint lokalhistorisk. For ny byggesaksbehandlar som for dei andre tilsette på plankontoret er kompetanseutvikling noko som må skje gradvis. Det er derimot ikkje kompetansemanglar som må gjerast noko med akutt.

**HMS-Internkontroll:**

Det er gjennomført vernerunde for kontorarbeidsplassane. Det er ikkje registrert avvik.

**Rekneskapskommentar:**

Utgiftssida, mest knytt til løn, blei omlag som budsjettet. Byte av byggesaksbehandlar førte derimot til at nødvendig overlapping/opplæring auka løns- og personalkostnadene tilsvarande eitt månadsverk. Inntektssida blei noko under budsjettet for gebyrinntekter, særleg for byggesaker. På pluss-sida kom at omfanget av utleigd arbeidshjelp til eigedomsskatt-prosjektet blei større enn budsjettet.

Det opphavlege budsjettet la opp til same aktivitet i 2014 som i 2013, dvs ein betydeleg reduksjon i høvet til tidlegare år. Ved budsjettreguleringa 2.tertial blei budsjetterte gebyrinntekter ytterlegare redusert med 30 % for oppmåling, 20% for byggesak, men auka med 40% for andre plangebyr. Rekneskapsen viser at aktiviteten på alle tre områda tok seg opp utover hausten, slik at oppmåling fekk inn ca 113 % av revidert budsjett, byggesak ca 107 % og andre plansaker ca 112 %.

Den vedtekne budsjetttramman var kr 419 000, budsjettendringar gjennom året auka denne til kr 677 000, medan rekneskapsresultatet blei kr 436 892. Endringane av budsjetttramman gjennom året, ei ramme som er differansen mellom faste, og på kort sikt lite påverkelege utgifter, og inntekter som fullt ut svingar i takt med marknaden for tomtosal og byggeaktivitet, viser kor vanskeleg det er å spå om framtida, sjølv bare nokre månader fram. Rekneskapsresultatet er difor meir uttrykk for tilfeldig hell enn for målretta budsjettstyring.

Det har gjennom året ikkje vore vakansar ved plankontoret.

**23. NAV NISSEDAL****Kommuneplanen sine mål:****Som del av NAV-kontoret medverke til at folk kjem tilbake til arbeid.**

- Kommunen skal medverke til å sikre økonomisk og sosial tryggleik og betre bu og levekåra for vanskelegstilte.

**Sentrale lovar:**

- Lov 18.12.2009 nr 131 om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen
- Lov 28.02.1997 nr 19 om folketrygd

<p><b>Delmål for planperioden</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• "Arbeid først", jf verksemdstrategien i partnerskapet mot 2020</li>   <li>• Styrke den arbeidsretta brukaroppfølginga og arbeidsmarknadskompetansen hjå dei tilsette</li>   <li>• Legge til rette for ein velfungerande arbeidsmarknad i samarbeid med næringslivet</li>   <li>• Jobbe med service og tilgjengelegheit overfor alle brukargrupper</li> </ul>	<p><b>Gjennomført 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• For å sikre arbeidsretting i oppfølgingsarbeidet er det innført "besluttar" på alle arbeidsevnevurderingar i heile Telemark. Det vil seie at arbeidsevnevurderinga blir sendt til ein controllar som skal sikre at det er tilstrekkeleg kvalitet på oppfølginga som er gjort på lokalkontoret.       <ul style="list-style-type: none"> <li>- "Arbeid først" blir ivarettatt gjennom ukentlege kontormøter og markeds møter og ved at alle ansatte skal bruke Standard for arbeidsretta brukaroppfølging. Ny mal for samtale og behovsvurdering er tatt i bruk</li> <li>- Konkrete saker, både på system og individnivå blir diskutert på onsdagsmøta. Den einskild sakshandsamar melder saker etter behov.</li> </ul> </li> <li>• Vi har markeds møte på kontoret kvar fredag. Då deler vi informasjon frå gjennomførte bedriftsbesøk. IA rådgjevar deltek i desse møta. På onsdagsmøta går vi igjennom ledige stillingar i området og lista med direkte meldte stillingar. Vi legg planer for bedriftskontakt fram til neste møte. Det er laga ein halvårleg plan for bedriftsbesøk, som vi følgjer. Likevel ser vi at vi ikkje alltid når måltala for bedriftsbesøk. Det må gjerast ei vurdering internt på kontoret om ein skal organisere markedsarbeidet på anna måte framover. Det vil vere naturleg å gjere ei vurdering av dette i samband med virksomhetsplanlegging for 2015.</li> <li>• Nav tilbyr ulike tenester til bedriftene i kommunen, både innan rekruttering og ulike tiltak. Hittil i år har vi nytta tiltak som lønstilskot og arbeidspraksis i samarbeid med bedrifter i kommunen. Dette har ført til ordinær jobb (heiltid/deltid) for fleire av deltakarane.</li> <li>• Nav har opent alle kvardagar frå kl 0900 – kl 1500. Nav Kontaktsenter</li> </ul>
---	--

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide for at ein til ein kvar tid har minst ein deltakar i kvalifiseringsprogrammet.</li> <li>• Syte for ytingar etter lov om sosiale tenester i NAV</li> <li>• Legge til rette for at samarbeidet mellom staten og kommunen fungerer optimalt</li> <li>• Gjere gode behovsvurderingar etter Nav-lova § 14a.</li> <li>• Tilretteleggingsgarantien: Auka fokus på unge med redusert arbeidsevne som har avslutta utdanning</li> </ul>	<p>styrer telefonen via eit landsdekkande telefonnummer (55 55 33 33). Det er eit uttalt mål at flest mogleg søkjer på ulike ytingar og finner informasjon via heimesida til Nav. Lokalkontoret skal bruke ressursar på å hjelpe dei som har behov for bistand. Vi har brukarundersøking ein gong i året, og resultatata frå sist undersøking viser at brukarane i stor grad er fornøgde med den hjelpa dei får på Nav Nissedal.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Frå juni har vi hatt ein deltakar inne i programmet. Kontoret gjennomfører no eit eigentilsyn på Kvalifiseringsprogrammet. Opningsmøte med Fylkesmannen var 5. mai og det blir eit avsluttande møte med Fylkesmannen i oktober.</li> <li>• Nav-kontoret handsamer søknader om økonomisk sosialhjelp og Kvalifiseringsprogram. Hittil i år har vi hatt fire klagesaker til Fylkesmannen om økonomisk sosialhjelp. Ei av sakene blei oppheva og sendt tilbake til Nav for ny behandling, to av sakene er stadfesta av Fylkesmannen, ei er framleis ikkje avgjort.</li> <li>• Det er faste samarbeidsmøter mellom rådmann og fylkesdirektøren i Nav. I Vest-Telemark er det felles møter med alle kommunane ein gong i året. Ved behov er det lokale møter i tillegg. Sist samarbeidsmøte var i Vinje 2. april der alle rådmenn og Nav-leiarar i Vest-Telemark møtte, i tillegg til fylkesdirektøren. Nytt møte er beramma til vår 2015</li> <li>• Dette er eit område det har blitt meir fokus på i Nav siste året, og i løpet av 2014 vil det bli gjennomført kvalitetskontrollar på behovsvurderingar. Kontoret har tatt i bruk "Standard for arbeidsretta brukaroppfølging", og ved å følgje dette verktøyet skal kvaliteten på vurderingane bli betre.</li> <li>• Kontoret har eit måltal på å teikne 5 tilretteleggingsgarantiar (TG) i løpet av 2014. Per desember 2014 har vi</li> </ul>
---	---

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rammestyrt virkemiddel: Rett nivå på arbeidsmarknadstiltak</li> </ul> <p><b>Enkelttiltak 2014:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Heve kompetansen hjå dei tilsette på oppfølgingsmetodikk ved å ta i bruk "Standard for arbeidsretta brukaroppfølging"</li> <li>• Heve kvaliteten på behovsvurderingane og arbeidsevnevurderingane ved at dei tilsette deltar på interne kurs, og ved å arbeide systematisk med "Standard for arbeidsretta brukaroppfølging"</li> <li>• Utgreie sak om å utvide målgruppa for startlån</li> <li>• Gjennomføre tiltak for å betre tryggleiken på kontoret.</li> <li>• Innsparingskrav ved vakanse på kr 3.000,-</li> </ul>	<p>teikna 3 TG.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltaksbruken ligger no på planlagt nivå og er i all hovudsak retta mot personar med nedsett arbeidsevne.</li> <li>• Alle tilsette skal ha tatt i bruk "Standarden" per 1.8.2013. Kontoret blir målt på ein rekke indikatorar kvar månad, og det vil slå ut på desse om vi ikkje følgjer "Standarden". Kontoret har hatt god måloppnåing på dei fleste måleindikatorane i 2014.</li> <li>• Frå 1. april er det innført ei ordning med at alle arbeidsevnevurderingar skal godkjennast av ein "besluttar" i fylket. Dette skal vere med på å betre kvaliteten på desse vurderingane. Vi må ha meir fokus på intern kollegaveiledning i tida framover. Opplæring er beramma til vår 2015.</li> <li>• Sak om nye retningsliner for startlån blei handsama i kommunestyret i mai 2014. Det blei då vedteke at Nissedal kommune skal følgje den til ei kvar til gjeldande forskrift om Startlån, og at kommunen sine egne retningsliner om startlån blei oppheva.</li> <li>• Det er laga rømmingsveg i veiledningssenteret, slik at dei tilsette enklare kan kome seg ut av bygget om det oppstår ein truande situasjon. Det er også gjort forbetringar rundt alarmsystemet kontoret er knytt opp mot. Det er også bytta dør i eit av kontora, slik at ho nå slår utover.</li> <li>• Grunna sjukefråvær dei fyrste månadene i år er innsparingskravet nådd. Det er ikkje henta inn vikar ved sjukefråvær. Konsekvensen har vore auka arbeidspress på dei som er igjen på kontoret. Haust 2014 har det ikkje vore sjukefråvær.</li> </ul>
---	--

**Sjukefråvær:**

Kontoret har eit mål om sjukefråvær på under 5,6 %. Hittil i år har vi eit sjukefråvær på 12,75 %, men frå august er alle tilbake i full jobb. Det er ikkje vurdert spesielle tiltak på bakgrunn av sjukefråværet hittil i år.

**Kompetanseutvikling:**

Det er eit mål at alle tilsette skal gjennomføre kurs i Motiverande Intervju (MI) i løpet av 2014. Hittil har to av fire tilsette gjennomført kurset. Alle 3 av tilsette har gjennomført eit e-læringskurs om markedskompetanse i løpet av 1. halvår 2014. I tillegg er det gjennomført e-læring på ny utførereform.

**HMS-Internkontroll:**

16. juni blei det gjort ein gjennomgang av HMS-arbeidet ved kontoret i samarbeid med HMS-ansvarleg ved NAV Telemark. Det blei og gjennomført ei øving i vold/trussel-situasjonar. Ny gjennomgang av HMS rutinar. Saman med Nav Telemark i løpet av 1. tertial 2015.

**Rekneskapskommentar:**

For 2014 har Nav Nissedal eit meirforbruk på 207731,-. Dette til tross for justering av ramme med + 250000,-

Gjennomgang av budsjettet viser at dei fleste driftspostane ligger på det nivået det er budsjettet med. Unntaket er utgifter til økonomisk sosialhjelp. Det har vore ei auke i utgifter til økonomisk sosialhjelp frå 2013 til 2014.

I 2013 var det totalt 175 vedtak jf lov om sosialet tenester i NAV § 18. I 2014 var det totalt 228 slike vedtak. Dette tilseier ei auke på 23%. Alle vedtak medfører ikkje utbetalingar, men det syner ei kraftig auke i inngangen av den type saker til Nav for 2014.

## 24. KOSTRA-TAL

Kommunane har sidan 2001 rapportert sin ressursinnsats på ulike tenesteområde. Saman med ulike demografiske opplysningar gjev dette kommunane høve til å samanlikne eigne prioriteringar, kvalitet og effektivitet med andre, og seg sjølv, over tid.

Kostra-tal vert ikkje nytta direkte i målstyringa i Nissedal, men er ein av mange kjelder til informasjon som leggast til grunn i dei ulike økonomiprosessane.

Når ein les og tolkar Kostra-tal er det viktig å ha med seg at i små kommunar kan store statistiske avvik skuldast relativt små og tilfeldige tal. Område der Kostra ennå ikkje gjev særleg god informasjon er m.a. ressursinnsats til personar med nedsett funksjonsevne i alderen 0-66 år. Ein ser også at ein del indikatorar måler ressursinnsats pr. brukar, utan å seie noko om omfang av teneste. Eit døme på dette er ressursinnsats pr. mottakar av heimetenester, som ikkje skil mellom 1 besøk pr. veke eller 5 besøk i døgnet.

Nissedal kommune er klassifisert blant kommunane "Små kommunar med høge bundne kostnader pr. innbyggjar – høge frie disponible inntekter" (Fyresdal ligg også i denne gruppa).

Ein har også i 2014 vald å samanlikne eigne tal med to utvalde "referanse-kommunar" (Åmli og Fyresdal).

For ytterlegare opplysningar visast det til SSB sine sider på <http://www.ssb.no/kostra/>.

### 24.1. Økonomiske rammevilkår og handlefridom

Det er fyrst og fremst "frie disponible inntekter pr. innbyggjar" som vert nytta for å samanlikne handlefridomen til ein kommune. I tabellen under er det rammetilskot og skatteinntekter som er teken med, men dersom ein tek med andre frie inntekter, som utbytte frå andre selskap, konsesjonskraftinntekter og eigedomsskatt, så syner desse i grove trekk det same. Tabellen er mest relevant å sjå på i høve til dei andre kommunane. Då ser ein at Nissedal har mindre inntekter i alle åra, men at veksten frå 2013 til 2014 er høgare i Nissedal.

Tabell K1 – Frie inntekter i kroner pr. innbyggjar (hovudsakleg rammetilskot og skatteinntekter)					
Årstal	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
2011	54 764	61 510	56 210	58 052	42 636
2012	60 741	66 412	59 470	63 390	45 652
2013	61 291	68 471	65 082	65 982	47 407
2014	62 703	67 735	66 100	66 144	48 554

### 24.2. Har Nissedal ein "sunn" økonomi ?

#### a) Brukar vi meir enn vi har til disposisjon ?

Eit uttalt normkrav for driftsresultat er at Netto driftsresultat bør utgjere 1,75 % av driftsinntektene. Eit slikt "avkastningskrav" er grunngeve med at kommunen sine verdjar over tid ikkje skal bli mindre, og sidan det er avdrag på lån som representerer verdi-reduksjonen i driftsrekneskapet, og desse som regel er lågare enn avskrivningane, må ein ha eit "overskot" for å unngå å svekke realkapitalen.

<b>Tabell K2 – Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter</b>					
	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
2011	3,3 %	2,9 %	10,4 %	2,6 %	1,8 %
2012	4,4 %	3,9 %	10,6 %	4,9 %	2,6 %
2013	-1,8 %	2,8 %	4,8 %	3,7 %	2,4 %
2014	0,0 %	1,5 %	5,7 %	2,5 %	1,1 %

Nissedal har også i 2014 eit svakt netto driftsresultat. Dersom ein tek omsyn til at det ligg eit "overskot" innan vass- og avløpstenester på ca. 1,2 mill. i netto driftsresultat, vert resultatet bare endå dårlegare, og også i 2014 vert drift finansiert med oppsparte midlar frå tidlegare år. Tala tilseier at Nissedal har for høgt driftsnivå i høve til inntektene sine.

#### b) "Skuvar vi belastninga føre oss" ?

<b>Tabell K3 – Netto lånegjeld (eks. pensjonsforpliktingar) i kroner pr. innbyggjar</b>					
	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
2011	44 724	53 562	15 050	62 728	41 914
2012	50 513	58 486	12 138	82 322	44 032
2013	53 254	61 924	10 861	90 576	53 608
2014	69 473	55 850	16 434	89 621	49 756

Netto lånegjeld pr. innbyggjar har auka betydeleg frå 2013 til 2014, men ligg framleis eit godt stykke under Åmli. At Fyresdal ligg så lågt, har m.a. samanheng med mykje utlån som kjem til fråtrekk frå brutto lånegjeld. Det er også relevant å sjå på Note 11 i rekneskapet. Denne syner at ein i 2014 reduserte avdragsbelastninga i driftsrekneskapet til det Kommunelova (§50) stiller krav om. Store delar av låneopptaka dei siste åra har vore innan VA-sektoren, og skal finansierast innanfor sjølvkost-prinsippet.

### 24.3. Prioritering

Ei enkel tilnærming er å sjå korleis ein nyttar dei midlane ein har til rådighet.

<b>Tabell K4 – Netto driftsutgifter pr. utvalde tenesteområde, i % av totale netto driftsutgifter</b>					
	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
Adm. og styring	13,4 %	13,6 %	14,4 %	11,2 %	8,1 %
Barnehage	13,3 %	9,0 %	8,5 %	8,2 %	14,9 %
Grunnskuleopplæring	23,5 %	23,0 %	27,2 %	22,3 %	24,4 %
Helse og omsorg	48,3 %	43,9 %	45,2 %	40,7 %	38,0 %
Sosialtenester	2,1 %	2,4 %	1,6 %	3,5 %	5,0 %
Barnevern	2,2 %	2,2 %	1,7 %	5,4 %	3,4 %
Vatn, avløp, renovasjon	-2,1 %	-0,5 %	-0,6 %	0,7 %	-0,6 %
Fys.plan/kult.minne/natur/nærmiljø	1,0 %	1,4 %	2,2 %	-0,1 %	1,2 %
Kultur	3,0 %	3,0 %	7,2 %	4,2 %	3,9 %
Kyrkje	1,8 %	1,7 %	2,3 %	1,5 %	1,2 %
Samferdsel	1,5 %	2,5 %	2,1 %	2,3 %	1,7 %
Bustad	-0,1 %	-0,2 %	-0,4 %	-0,1 %	-0,1 %
Brann og ulykkesvern	1,8 %	1,9 %	1,8 %	1,6 %	1,4 %
Næring	-6,3 %	-0,6 %	-13,4 %	-0,8 %	-0,3 %

Tabellen over syner dei vesentlege tenesteområda sin %-vise del av totale netto driftsutgifter. Nissedal skil seg framleis ut med å bruke ein høgare del av sine frie midlar til barnehage og helse og omsorg. Samstundes ser ein at Nissedal nyttar mindre del til samferdsel og kultur, enn dei andre kommunane.

Tabellen over tek ikkje omsyn til to viktige moment:

a) kommunane sin handlefridom, her representert ved *totale netto driftsutgifter*.

Med dette meinast at ein "rik kommune" kan bruke mindre av sine samla inntekter på ein teneste, men likevel ha stor ressursinnsats pr. brukar og god kvalitet på tenestene.

b) kva for tenestebehov som ligg til grunn for prioritering av ressursar.

Ressursbruk sett i høve til demografiske variablar, så som aldersgruppering og t.d. talet på personar med spesiell behov, er på mange måtar meir interessante. Når Nissedal nyttar forholdsvis lite ressursar på sosiale tenester så kan det vere positivt dersom grunnen er at behovet er lite, men det kan også bety at kommunen ikkje gjev dei tenestene det er behov for.

Tabell K5 - "behovsprofil"					
	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
Alderssamansetning: andel 1-5 år	6,5 %	4,7 %	4,8 %	5,3 %	6,0 %
Alderssamansetning: andel 6-15 år	10,6 %	11,7 %	12,9 %	12,2 %	12,4 %
Alderssamansetning: andel 16-66 år	65,6 %	62,4 %	64,1 %	64,2 %	66,1 %
Alderssamansetning: andel 67-79 år	11,4 %	13,6 %	12,6 %	12,7 %	10,1 %
Alderssamansetning: andel 80 år +	5,3 %	6,7 %	4,9 %	4,7 %	4,4 %
Andel heimebuande med høg timeinnsats i % av alle mottakarar av heimetenester	10,7 %	5,1 %	8,6 %	3,5 %	6,8 %
Andel uførepensjonistar i aldersgruppa 16-67 år, %	Manglar	Manglar	Manglar	Manglar	Manglar

Tabellen vert nytta som bakgrunn for kommentarar under kvart tenesteområde.

#### 24.4. Kvalitet og effektivitet

Kostra-tal måler primært objektiv og kvantifiserbar kvalitet, så som dekningsgrad (kor stor del av aktuell brukargruppe som får ei teneste), kompetanse og kontinuitet på personalet som gjev tenesta. Kvalitet bør med jamne mellomrom også målast gjennom brukarundersøking, der ein får målt "opplevd kvalitet". Nissedal har gjennomført slike undersøkingar innanfor enkelte tenesteområde, men det er ikkje innarbeidd nokon systematisk måling av denne forma for kvalitet.

Det vert i det etterfylgjande gjort ei vurdering av dei vesentlege tenestene i kommunen, basert på Kostra si funksjonsinndeling, ikkje etter intern organisering i kommunen. Tabellane syner 2014-tala.

##### 24.4.1. Administrasjon

Tabell K6 – Administrasjon og styring	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
Nto.dr.utg. adm og styring, kr. pr. innb.	9 651	9 776	10 548	8 415	4 220

Ressursbruk til administrasjon og styring er gjerne den enkelt-parameteren som får mest merksemd. Små kommunar vil naturleg nok ha større ressursbruk pr. innbyggjar. Ein ser også at dette er den parameteren som kommunane kanskje tolkar og rapporterer mest ulikt, og det er ein av få parametrar som vert påverka av korleis ein kommune er organisert. Tala over kan sjåast i samanheng med organisasjonsmodell. 2-nivå-modellen som Nissedal har, inneber mindre ressursar til "overordna leiing", enn t.d. ein etat-struktur. Det kan vere vanskeleg å nytte Kostra-parametrar for å måle om dette er effektivt eller ikkje, men ein ser at Nissedal sin ressursbruk er på nivå med "like kommunar".

#### 24.4.2. Barnehage

Tabell K7 - Barnehagedrift og bygningsmasse til barnehage	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
Nto.driftsutg. barnehage, kr pr. innb. 1-5 år	147 298	136 475	131 387	115 306	128 570
Andel born 1-5 år med barnehageplass	87,2 %	88,2 %	91,9 %	93,9 %	90,9 %
Korr. opphaldstimar pr. årsverk	8 149	9 419	9 718	10 240	11 267
Korr.brt.driftsutg, funksjon 2010, kr pr. korr.opphaldstimar	75	66	60	55	58

Samanlikna med andre kommunar er brukargruppa litt overrepresentert i Nissedal. Samstundes ser ein i tabellen over at nokon færre faktisk brukar barnehage i Nissedal. Andelen born med barnehageplass har tidlegare ligge merkbar under dei andre kommunane, men ein ser at talet no nærmar seg gjennomsnitta. Andelen av totale driftsutgifter er vesentleg høgare i Nissedal og når ein også ser at talet på opphaldstimar pr. årsverk er lågare, tilseier det at Nissedal brukar over gjennomsnitt av ressursar til barnehage. Driftsutgifter pr. opphaldstime syner også dette. Dette kan delvis forklarast med at Nissedal har relativt små barnehagar, der bemanning må ligge over minimumsbemanning. Det er viktig å understreke at opphaldstimar pr. årsverk også er ein "kvalitetsindikator".

#### 24.4.3. Grunnskule

Tabell K8 – Grunnskule og SFO	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
Nto.driftsutg. grunnskulesektor, kr pr. innb. 6-15 år	162 145	141 266	154 524	135 223	101 230
Andel elevar som får spesialundervisning	6,8 %	9,9 %	6,7 %	9,0 %	8,1 %
Gj.sn. gruppestorleik, personar	8,3	10,0	10,5	11,4	13,6
Gj.sn. grunnskulepoeng	37,2	-	41,1	34,7	40,3
Elevar pr. kommunal skule, personar	49	76	163	105	213

Nissedal har litt færre del innbyggjarar som er i skulepliktig alder, enn Fyresdal og Åmli. Ressursbruken pr. elev varierer mykje frå år til år hjå dei ein samanliknar seg med. Frå 2013 til 2014 har både "like kommunar" og Åmli redusert sin ressursbruk, medan Nissedal har hatt ein vekst på 1,8 %. Tala elles syner den desentraliserte skulestrukturen i Nissedal, der minimumsbemanning på den enkelte skule fører til mindre gruppestorleik enn det ein kan ha på større skular. Lærartetthet er ein av dei største kostnads-faktorane, men samstundes ein av dei viktigaste kvalitets-faktorane. Andel elevar med spesialundervisning er framleis på eit lågt nivå, etter mange år med ein svært høg andel.

#### 24.4.4. Kommnehelse

Tabell K9 - Kommnehelse	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
Nto.driftsutg. kommnehelsetenester, kr pr. innb.	4 523	4 406	3 728	3 112	2 308
